

bokselskap.no, Oslo 2018

Olav Duun: *I stormen*

Teksten i bokselskap.no følger 5. opplag, 1923 (Kristiania/Olaf Norlis forlag).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-444-9 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-445-6 (epub),
978-82-8319-446-3 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Olav Duun

I stormen

bokselskap.no

Oslo 2018

[Uro i sjøen](#)

[Opp og fram!](#)

[Høgre opp og lenger fram](#)

[I stormen](#)

[Dei andre](#)

URO I SJØEN

I.

Odin hadde vore eit erend over til fabrikkjen på Sørstranda og var i heimvegen. Han rodde den vesle beten over elvegape og til bryggene i Håbergvågen, så slapp han gå ovomkring, for det var langt opp til brua.

Det var i skymminga, og linnvere og nysnøen, stille fine kvelden; Odin syntes han kunde kjenne det var laurdagskvelden og freden rundt i kring. Snøen hadde komme uventa tidlig, så folk måtte tenke seg om: dette her skulde ikkje vera noko vondt merke, visst? Lang tida kom han ikkje til å bli liggande heller, kunde dei tru.

Dagslyse hang i lufta enno, nord og vest over. Det bleikna utor smått om senn og let natta komma. Måneskóva synte seg langt vesti himmelen; det var ny her eine natta.

Men midt i denne freden var Odin urolig. Det var einkvart frå før i tida, frå smågut-dagane, som var etter han og drog i han. Her skulde ikkje vera [6] trygt i sjøen slik kveld. Han skulde ha vore ut med sildgarna. Det fekk vera, for det var laurdagskvelden. Og denne fabrikkjen åt opp mest all den tid han åtte, – han såg seg attende med han rodde. Det var sildolje-fabrikkjen bortpå stranda der, eit lågvore hus med blikk-tak som lyste ansles kvitt enn snøen; han skulde bli større med tida! Men ein apsam unge hadde det vore, og var det – – kom han aldri til å gå *sjøl?*

«Nysnø og sild,» mumla han da han hadde drege båten frampå, han vart ståande og halde i framstammen og sjå utetter. «Nysnø og sild, sa dem før i tida ja.» Sjøen blikka frammed oddane under nordlande og bleikna bort med dagen all vågen over. Eit lite bragl av småbåre prøvde å blinke til månen, det var så vidt ein såg det.

Da hører Odin det ror, utpå eit stykke. Det kjem ein båt. Folk som hadde vore på urssjøen. ventelig; åretaka gnaura tålig kringt no. Han står og biar på karane, utan å tenke over det. No kjenner han dem òg, det er Pettersa-gutane, og dei ror

hardt. Han går bort i stoa og helsar på dem. – Har de merka ufreskje utpå vågen kanskje? Er det uro i sjøen? – Silda! svarar dei, ho står diger som ein graut heilt frå Vågagape og inn mot Notodden her, gu gjer ho så ja! Dei forteler meir om henne, og er heitt oppi det, for dette var ålvorlig til innsig. Odin står still og lyer utover med dei forteler.

Han hører henne no, eit fint silidr i vass-spegelen, [7] som eit lite skval av sudrage, med kvart som eit stridvore regn, og uroa og fysnaen renner gjennom kroppen til ein er berre småguten alt med seg: der er ho! – Hadde dei tenkt seg ut med garna no da? spør han. – Ja visst, dei fekk ta og hurve uti fillene sine åt henne, så ho hadde urlite å sjå i til natten!

«Nei, no ska æ fortel dokk eitt, guta: Vi gjer laust mannskap og grei in brukje; så *tek* vi a i morråtili. Vi gjer eit smal, gjer vi.»

Dei la imot med det same, der var både eitt og anna i vegen, men han hørte ikkje på dem, han skuva ut båten og hamla utpå. – De tek karane her omkring, ropar han, så tek eg dem oppi garane! – Ja ja!

Ho stod midt i vågen, heile vegen utover, han kunde sjå henne i morelden, det var snaut ho gjorde le for båten, og han såg henne bortetter vassflata når ho skruva eller spratt. Sturvori sild, og tålig tjukk i sjøen ja. Han kunde ikkje bli vår at det var noko som jaga henne, ho stod her med si eiga tyngd. Han rodde fort og stilt att-ende og tok heimvegen fatt.

Sjøvegen frå Vågen opp til Håberg gjorde han aldri lang, men han syntes det monna lite å gå i kveld, ein skulde ha vore gutladden og teke kute. Han såg husa sine vestpå gjorde i kveld som ein annan kveld, dei smilte like unge og heimfornøyde, var ikkje meint på å bli gamle for han, dei, og slik hadde dei set han komma rennande til [8] gars mange mange gonger. Han saktna farten før han tenkte det, og kom stilt inn heime som han pla gjera.

Men Ingri såg det lel at einkvart var i vage, ho var så snar til å merke all ting på han. – Er det noko slag leiheit på fabrikkjen no att? spurte ho. Dei var aldri så vakre auga hennar, som når det fór denne sneven av uro eller otte over dem, og aldri kom ho heller så nær han som da. – Nei, eg skal ut og bli rik, Ingri, eg er lei dette småmanns-velstande no, og du, veit du, skulde ha vore rik all din dag, du er

slik. Vi – vi skal ut med nøtene, for Vågen er full tå sild, – var det ikkje vakkert av Vårherre at han let bruke bli verande her enda det er seld? Ja no skal dei ha takk for lage, alt fattigfolke!

Ingri lo sjelden så det hørtes, ho tina berre opp og smilte urlite, og smilen vart ho gåande med lenge etter. – Får du folk med deg da, trur du? – Ja folk? Dei kjem som høna etter korn-neven, ban! Han hadde alt komme seg i gang med å skifte klæa, og så var han ved borde og reiv i seg litt mat. – Smør på eit par brødsneier til eg kjem innom att! han tok huva og var ved døra. Minste gutnabben, han Per, gjorde seg ferdig og vilde vera med. Han fekk vente, sa Odin, dei måtte vera over 4 år dei som skulde vera med nota; han kunde komma ein dag sia og sjå på silda. Anders, den eldste, kremta bortmed borde. Faren forstod han: Guten var 14 år no og heldt seg for full kar. ^[9] – Og du må vera heime og hjelpe ho mor ja, la han til. – *Vera med!* sette Per i og trampa i golve. – Rise ligg attom vedkassa! lo Odin, han fór med det same, og Per måtte akte fingrane i dørgåtta.

Odin gjekk bortom Lauris først. Dei var ikkje ofte innom hoss kvarandre, Håberg-mennene, men dei slo seg gjerne i lag når det var einkvart. Han råkta Astri utpå kjøkenrammen, ho òg kom og skulde inn, og ho stana litt og venta. – Jaså, du kjem og skal sjå på nybygge vårt? seier ho, ho viser åt verandaen utafor andre døra. Du har ikkje estimert å sjå han enno, trur eg. Nå, fullt så gale er det no vel ikkje heller da; eg har da set'n.

Odin står og ser dit, og ho står og ventar. Du seier det er jugl da, ventelig? – Eg? Det veit eg no ikkje. Forstår meg så lite på det. Eg tykte bedre om stua før, det skal eg tilstå. – Du tykkjer det er for storveges da? Du som har vorte som ein profet for småfolke i bygda. – Ja, du veit det er småmannen som tyter ut av meg, lo han, det smakar meg som rognbæra for reven. Astri lo med. – Du får no tåle den her verandaen, kor som er, sa ho. – Tåler mangt eg, ban. Men det var han Lauris eg skulde ha havt i busta på no. – Du må leite inn da.

Lauris sat inne og las blada, dei hadde nyst komme. – Kor det står til der? spurte Odin. – Å, berre freden no snart, rundt omkring. Skal eg ^[10] tru det er såpass vett i folk enno, at det blir fred nokon gong? Kva skal folk ha å skrive om heretter da? Men freden, for resten, det er slutt med freden no, silda har komme.

Han fortalte det som var å fortele, og vilde ha Lauris med: Vi skulde ha med basen òg, ser du.

Lauris røykte nokre tak, og gjekk over golve og spytta inn i omnen. – Bruke? seier han. Eg har vel ikkje noko bruk, eg selde det i fjor. Du får til byen etter lov først. – Lov? Vi tek det utan lov, vi skal gjera kroken i byen både rik og glad utan hans lov – – ja du blir da med?

Lauris såg på Astri, og ho på han. – Nei, eg gir meg ikkje om det. Desutan så har vi barnsøl i morgo; og kva skal de med silda no? Finns her folk som kjøper da? – Ja da, ja da, både fabrikk og andre. – Fabrikk ja, hm-hm! Mat til fabrikk. Nei men ålvors snakk, eg har slutta med silda. Eg har gjort som du prekar om, eg held på og skal leva av jorda for ålvor, er det ikkje slik det let?

Det var ikkje meir å gjera, og Odin sa godnatt og fór.

I dei andre garane gjorde han dem laus alle mann, og ved midnattsleite var dei i notnauste og i full sjau med å greie inn stornota. Båten var lek, men han flaut då, og småbåtane med. Det gjekk med flir og kâtheit, og om det så var lesarane, så var dei med og lo til grovaste gælenskapen. [11] Dei hadde ein søring med som heitte Kjeld, ein stutt liten stubb, og Kjeld Stubb kalla dei han. Det var ein dyktig notkar, men han snopla og datt i eitt vekk, og nokre av ungdommane datt på same måten, først dei rørte seg. Jamvel det var moro i natt.

Da rette tida for sjøen var der, var nota inngreid og karane gjekk i båten. Mørkt var det ikkje, og rettno lysna det austover. Da måtte det smelle! – At ikkje han Lauris vart med, sa Odin, kven sytten skal vi no ha til notmann? Fjorten slæparar og ingen bas? – Snakk tøv! sa Kal Stranda, som var gammalkaren i lage. Han Odin, som styrer bygda, får styre det her òg. Verre kan det da ikkje bera til. – Nei, *verre* nei! lo Odin; og det vart til det at han tok lodde og gjekk i lettbåten.

Stilt og blankt utpå vågen, og lande kvitt og stilt omkring; – og karane var lågmælte der dei fór.

Det var ikkje lang stunda før Odin hadde henne på lodde, og han vart meir og meir sid bak, som ein notbas skal bli før han let nota gå. – Rettno så smell det! sa karane i notbåten, dei kvilte på årane oppunder Notodden. Men han rodde lenger

ut, det var likt til han rodde i sild all vegen, og dei følgde med. Endelig snudde han og såg i kring seg, bad dei ro på. Notsettarane flytta huva attpå nakken, og i det same orda fall, for nota i veg, – ^[12] spellbåten i land med armen. Det var stengkast, tvert over heile Håberg-vågen, så langt ut som not kan gå.

Det bar til å dra inn vågen straks, dei drog og forfara seg til lyse dagen var over dem. Stille fredsæle sundagen, – dei såg opp og ansa på han så vidt, blank himmel og blank sjø, og kvite haugar og fjell, det var helga all stads. Men ei stornot kan ikkje bli ståande slik noko tid, her utmed havkjeften; dei hiva og song, hiva og song, det var no òg ei slags høgtid, syntes dei. Ein gutladd, så vidt framsloppen, ser opp og flirer over heile det breie litle andlete:

«Nei sjå lesaran, kor dem arbe om synnda'n!»

Dei lo alle mann, var ikkje anna å gjera. – For resten, sa Odin, eit lite sprengtak til no, så går vi heim og held helg nokre timar. Så skjer vi over og gjer oss ferdig i kveld.

Dei gjorde fast og gjekk, da kirkeklokkene tok til og tona millom fjella. – Dei der, dei meiner det ikkje vondt, sa Odin til lesarane. Dei er da såpass allvitande at dei forstår oss. – Slikt kunde han Odin seie med dem, sa eit par av dei andre seg imillom. Han fekk dem visst til å tru det òg. – Hørtes slik ja.

Klokka 3 var dei der att. Ein kan ikkje bie på seg uvêre når det er så vidt til velferd om å gjera. Odin og underbasen rodde ein sving med lodde inni nota. – He? sa karane. – Jau, ho er her enno. – Tjukk? – Ja, eg trur det mest, gut.

^[13] Dei såg opp på Odin da dei var i arbeide: Men skulde dei skjera over til sørlande? – Ja ha. – Skulde dei ikkje ha stenge innmed Håberglande da? – Å, det er valdsloten de tenker på! lo han. De trur eg vil gjera grannen min det peke? Det blir no pek åt meg like mykje, det; vi eig lande i lag her, han Lauris og eg. Men nota held ikkje, skal vi dra åt i storteinen her, og der sør er det finaste lande som finns, – har de ikkje vore med og kasta her før da, karar? – Jau jau men. Og rett skal vera rett, let dei. Så det var greit nok. Når *han* vilde det slik. – Og så selde no han Lauris bruke tålig fint framfor nasen på'n Odin, sa dei seg imillom.

Odin merka at dei både mistydde han og mistrudde han, og han sa det med

underbasen: Dei er djuptenkte, folk! Rart at dei ikkje er litt snåpare i snuen og kløner eit grand kvassare, når det er det toe i dem? At dei aldri får kara åt seg noko som *er?* – Nå, sa den andre. Det er no ikkje alle som er så heldige som du. Leiger laksland for ingenting å kalle, og fiskar så det er reint stygt, sender fisken utor lande og får huva full tå gull, med dei andre sitt fast i dei gamle kontraktane og får lite og ikkje-noko. Og enn sildelukka di? Nei, det skil seg da kven det er.

Odin ler. Folk er så trøysame når dei kjem slik. – Når det kjem så kjem det, sa mannen, han fekk huse utover seg. Men her har vi sild, Albert, og no blir her liv og ståk. Litt liv er ikkje kleint, he? ^[14] – Nei, det er visst og sant! Nå, eg veit ikkje om det er så visst og sant. Men arti er det. Det blir meir song i karane, blir det, litt låt i bygda liksom. Om det ikkje blir så rar fortenesta.

Albert sukka; ein ung og fortenkt mann. – Nei, ein veit aldri – – ein veit ikkje kva det kan bli til nei.

«Just nettopp, Albert, der sa du det! Det e det som e trøyheita, at ein veit aldri ka det kan bli te. Men noko bli det, den her gongjen, det kjenni æ på mæ.»

II.

Same dagen var det barndåp hoss Lauris Håberg, og stort barnsøl etterpå. Dei hadde venta lenge på denne gjentungen; dei 3 første borna var gutar, og no var den eldste 16 år. Astri bar sjøl barne til dåpen. Ho hadde bore dei tre andre òg.

Dei sa det, folk med kirka, at enno var Astri like ung og like bein. Det same kunde dei seie om Lauris, og dertil hadde han vorte trivelig så tjukk, det hadde rettelig vorte mann av han. Og fadrane var utleita folk alle i hop, og alle som var bedt til barnsøle: Ola Engdalen og den fine kona hans, lensmannen og madamen, Grønsetfolke og ungfolke i Nesse, fru Mina og Arthur på Segelsund og slik bortetter. Sjølve storkarane skulde vera, som doktoren og dyrlægen, hadde ho ikkje gitt seg om, såg dei. Ho var ikkje slik, ho Astri. Ho sa det sjøl, at ho syntes ikkje ho hadde noko med dem ^[15] å gjera, dei hørte til på ein annan kant. Gamle Ola Håberg var der òg. Han hadde bedt seg heim sjøl å kalle, – eg vil vera med og

innvie prinsessa, hadde han sagt, og så vart eg så huga på å sjå Håberg; eg skulde no ha sett heim siste gongen òg, veit de.

Ola var ålvorlig gammal no, han var mykje over 70; men takomtil var han ung og kåt som han hadde vore. – Visst du tåler denne ristinga på hardføre? hadde Mina sagt før dei fór, for dei måtte bruke vogntyte, snøen hadde ikkje sett seg i vegen. – Eg kunde ha gått, veit du, sa han, hadde ikkje føtene vore så umulige. Og no var han der, og det vart han som måtte tine opp folk og få dem i gang. – Folk snakkar mykje meir no for tida enn dei gjorde i mi tid, men aldri når det skal snakkast, smålo han; da får dei det så travelt med å tie still, kvar med seg. Og verst er det å vita kor ein skal gjera av seg inni stua, og gjera av hendene sine; dem såg eg aldri nokon kom i hug i mi tid. – Ja ha, sa han, dei hadde stana uti tune alle og ingen vilde gå inn først. Ja ha, her står vi. Og her er verandaen din, Astri. Ja ha. Du er ikkje for katten. Slik er her no ja. Hm! hm! hm! Garen han minka, men huse det voks, sa vi.

Astri hørte ikkje, ho hadde det annt om med ungen og var alt inne, kom så og bad dem enno ein gong å leite inn. Ho var ein mon stinn i andlete, syntes han sjå. Og Ola smilte, denne rare smilen sin fra tusen små rukker og strek alt andlete over; [16] det var ingen som skjønna han og ingen som likte han. Så snudde han seg og tok for seg dei to eldste gutane hennar, dei heldt på og skulde sette inn frammandhestane.

Peder, den eldste, var litenvoren og mest lik far sin, ein stillfarande kar og vaksen i alle ting. Den andre heitte Arne, og han var lyslett og høg, høgare enn broren, enda det var innpå 2 år imillom dem. Han fór støtt med så mange smågutfakter, og no kom han asande tvert til sides med ein hest som hadde vorte galen, det såg ut for det skulde berast beint utover Ola Håberg; men det var berre skøy. Gutskarven meistra hesten og fekk han inn. Han lo hitover, så skøyaren lyste frå dei blå auga: De vart ikkje redd, veit eg?

Ola hytta til han: Ta hit rise så får eg denge deg! Så stubba han av inn og smått skjente: Ungane no for tida, det er reint synd å døy ifrå dem. Gu om eg vil nei!

Det hadde elles vore lite om han i det siste. Han las blada, og la seg aldri borti

det dei snakka om; og somme meinte han stulla og smått drakk. Men i dag var han spell levande. Han var som ormen, han tina opp i godvêre, sa folk. Astri og han hadde støtt vore godvenner. Ho såg det kom vel med i dag òg, at han sette liv i stua; men ho fekk ikkje til å like han. Han hørte ikkje til her, skulde visst ikkje ha vore her. Lauris merka det straks ho såg på han, og drog på akslene. Han snakka tvert over stua til dem Ola var i prat med, [17] var fram fleire vendingar og fekk dem til å snu seg frå han. Ola ansa ikkje på det, han likte seg bedre og bedre, og før dei kom seg til bords, hadde han sett dem i hop nokon kvar både i politikken og anna. Det var greinlig som han hadde snakka nyst med dem og visste kor den og den stod, den eine tvert imot den andre: ein med franskmennene og ein med tyskarane, og ein hata dei alle saman, den eine var høgreman, den andre venstremann, og no var orda sagt og måtte verjast det beste ein vann.

Etter maten dovna diskusjonen bort. Det vart drukke kaffe og spela på orgle, og Ola sat uti øystre stua og tok seg ein liten blund. Det vart meir og meir fredelig. Dei kunde godt gå med på det, alle, at ei sak kan ein sjå frå meir hell ei side. Men best dei sat, kom Ola stavrande att. – Nei nei nei! smålo han, her har dei det som høneflokk i sandgropa ein solskinsdag. Men kor det blir tå'n Odin?

Astri ser rolig opp: Han held da på med nøtene han, dei har stengt i Vågen her i natt. – Og så kunde han ikkje nå til nei? nei det er vel så det. Ja ha, san, *han* balar, og her sitt de, og så dryp det skillingane på nokon kvar tå dykk, landslott og notlott og litt tå kvart.

Det gav eit lite nogg i stua. Dei hørte klokka på veggen. Da seier Astri, slik høgt men lognt som ho kunde gjera det ofte: Det vart no ingen valdslott på oss, og gudskjelov for det. Han drog [18] åt til andre sida. Så vart det like stilt att. – Og nøtene har vi seld i rette tida! ler Lauris. Tonen fall tett i tråd med Astri sin, her sat ikkje folk og myglast over småting.

Ja, det var no rart at Odin gjorde *det*, tykte nokon. Han var da elles ikkje den. Lauris berre røykte, og Astri måtte til litlemor som snarast. – Det fall seg vel slik, sa Lauris. Men korles er det med sildprisane no om dagen? spør Grønsetmannen. – Ja, korles var det med det? Dei venta svar av Lauris. – Hm? seier Astri òg, ho går tett framom han og kakkar han på aksla.

Lauris rista på hovude; han visste ikkje noko om det. – Nei, han er banksjef han, ler Ola, spør aldri han om sild meir. Han seglde seg opp på lande her, han står trygt. Og han Odin da, som seglde ifrå han og er ordførar i bygda og som ein far og formyndar for oss alle i hop, he? Er ikkje det tålig godt gjort tå slik ein fåne? Ja, de var no med og hjelpte han, somme, han har snakka dykk bra rundt! Å ja, eg seier ikkje noko om det. Rettno er det valg att, kan eg tru, plar gjerne vera det, – ja, du stemte no på han du òg, Ola Engdalen? For han snakka så *sant!*

Ola Engdalen var støtt den som minst sa. Han sat bedre i det enn folk flest, og var gift med ei dokterdotter, og dertil var han både seintentkt og lat. Han flytta berre på seg. Den nye mannen på Vennestad tok smått til og lea på seg og kremta. – – Det ser ut for fred der ute i verda no ja, sa [19] han. Men her i lande, og her i bygda, ser det ut som det skal bli skjære krigen; slik ser det ut for meg. Han såg seg rundt på dei andre, og dei var med han: det såg slik ut ja! Men det vilde han seie, han for sin part, om han stod mo åleine –

«Ikkj å sei det lell du!» kasta Ola frami.

Jau, det vilde han seie, at no trong dei fred, og no fekk dei ruste seg, og det til gagns, alle som visste kva dei vilde, og *smikke til!* – Byne krigen for fredens skyld, ja! humra Ola, han skjein av godlag. Og han Odin, og småfolka dei kallar seg, dei rustar seg på den sida, og så ber det laust, – det er synd å døy ifrå det! Konstig, at det gjernast er freden folk slæst for? Men–e: Fabrikken han går? Og aktiar har de, og pengar har de tent?

«Fabrikken han står,» sa Lauris tørt og reiste seg. – Streik og fullt stell der, la han til. Vi heng da med tida her òg, enda så fort ho fer. – Det må nytt styre til! sa Grønsetmannen ålvorsamt. Han Odin er ikkje all bygda, for det om han narra oss borti det der. Fabrikk og forteneest kan vera bra, forstår seg, men men, san!

Det var i eitt røre no, den eine meinte det og den andre det, men det var dei einige i, at tida ho var raspande gal. – Ho skulde ha vore avskaffa! lo Ola og halda seg attover. Ja han Odin, han har fått det til. Først den store fattigkassa på Vennestad, så nyvegen og banken, og til slut fabrikk over alt og alle saman, – ja, og så alt det meir som eg ikkje hugsar. Og de har halde med han! – [20] Med han? Dei måtte le. Dei hadde både set det og sagt det, kva veg det bar! – Nei nei

nei! lo Ola. Og enda så bar det ikkje likare til? Ja du Odin, du Odin! Men no held dei på og akslar på seg, karane, rettno møter han Lauris. Ja, det er noko i det, Lauris; det ber ikkje ansles til. Du som har arva både banken og meir til etter han, kom i hug det! Dei gjer deg til konge med makt, skal du sjå.

Det var uvant for dem å høre at ein beit seg ut med Lauris slik, dei visste ikkje kva dei skulde finne på. Det var einast Odin som gjorde det, men det var ei sak for seg med han; og han slo aldri Lauris større etter. Ikkje slo han etter det Ola sa heller, han stod og såg i eit blad. Så seier han: Hadde det vore som før, – som det skulde vera, så hadde eg havt eit glas pons å by dykk no. Han måtte ikkje snakke synda! han skulde ikkje vekke opp sorga! Og elles var det best som det var med den tingen.

Det bar i kortspelle med dem, og Ola Håberg gav seg i snakk med kvinnfolka, som hadde halde seg med prat sjøl. – Vi legg over om å ta ned han Odin og alt hans væsen, sa han. Vi rustar oss. Og vil dei halde i skafte, så skal eg ta på meg å hogge. Jau da, her skal bli vêr som reinskar lufta no, berre vent. Det har gått som ein sommardag for han hittil, men no skal han ikkje lenger for det første. Ja!

Dei lo og såg på han. Han var ein trøysam ^[21] gammal skruv. Men Astri hadde ikkje ansa på det.

Det logna seg med kortspell og småprat i stua, og Ola vart sittande og sjå seg i kring, utrulig gammal i stolen sin. Hus-bunaen etter Åsel var her ikkje stort att av no, det hadde komme høveligare ting i staden, reint ut fine, visst, og stua var oppmåla og oppnya så ho knapt var attkjennande. Ola gjekk det over, flytt for flytt: hm! hm! – let så tommelfingrane gå omeinannan til han hadde set det næste.

Så var dei til kveldsborde, og så kom den tida at gjestene takka for seg. Litlemor Åshild sov. – Ho ser meg ut som ho veit om faddergavane, sa Ola.

Ola fór ikkje med til Segelsund. – Eg ser det på dykk at de vil ha meg her i natt, sa han; og vegen er meg for lang. Skulde mest ha set bort til han Odin òg, i morgo, ettersom eg er ute og rek. Det er arti å sjå den som står for fall.

Det var fine stjernekvelden over alle fjella, det var einkvart til ferdavêr. Og nokon var det som bala og snakka, einkvar staden. – Å, det er sjauen av notfolka

nedi Vågen, sa dei med kvarandre.

Lauris og Ola vart sittande oppe da dei andre gjekk og la seg. – Du ser meg ikkje ut stort meir trøytt du hell eg, sa Ola. – Nei, Lauris var ikkje trøytt. Og har du ein skvett på buttelen, så tek du han fram no, sa Ola ålvorsamt. Han sugde nedreleppa inn i munnen, og det gjorde auga i han [22] enda blankare. Lauris reiste seg og gjekk ut; kom så att med ei flaske. Ola var tirande forviten: Men ser det slikt ut da? Nei så blankt da gut, få kjenne!

Han kjente på det, og auga vart salig små i han. Så opna han dem stort: Jøss, Lauris, det der det! Men eg skulde ha set på når det *kom!* Når du heldt på og *laborerte*. Han ser velare på Lauris: Du er meg ein meister, og ein mangfoldig kar!

Han sa det gong for gong, etter han hadde smaka på dropane og kvikna til. Lauris lo tålmodsam. – Og det kan eg forstå meg på ja, at ho Astri vilde ha deg. Vågemote, ser du, det gamle vågemote vårt; og offerviljen og alt det der. Ho er mor, ho: skulde ha slik ein far for borna sine – nei, ho visste det ikkje, men; ho visste det like vel. Mor for deg òg ja, ho har gjort mann tå deg. På sitt vis da. Så godt det let seg gjera, – der sa eg eit par djupe ord, hm? Så godt det let seg gjera, tok han opp att.

Lauris gav han rett. Da var Ola borti eit anna snakk. At han Odin tok bruke utan lov? – Gjer det noko da? – Neida neida. For det torde *han*, san. Men kva det var eg skulde ha sagt eg? Ola fór seg med handa over skallen, kjente nedi alle dei rare ruklene: Ja, det kan vera det same. Om noko peng, visst, som både du og eg har glømt – – vi seier skål vi, Lauris!

Lauris såg på klokka alt i eitt, og endelig [23] slepte Ola take i han og rusla til sengs. Det gjekk ein stor lettna over Lauris; han hadde vore dukka under og kom opp att i lufta.

Han steig varlig inn i kammerse. Dei sov, både Astri og litlemor. Men Astri slo opp auga og såg han, det gjorde ho støtt når han kom inn her nattens tid, ho kunde sova aldri så tungt. – Vart du fri han no? mumla ho. – Endelig ein gong ja.

Astri var i full sømn att. Lauris vart ståande. Så stal han seg ut, så stilt som tjuven, tok på seg vindjakka og gjekk. Han stanar utpå tune og lyar. Det var stilt

no alle stads. Berre litt strandsus i godvêre. Han tek vegen ned til sjøen, lyar gong og annan, og går att. Nedmed brygga ligg ein lettbåt. Den andre er oppdregen lenger bort. – Dei har ikkje notvakt da, komlingane! seier han; går så i båten, løyser festa og ror. Det høres ikkje åretak etter han.

Bortmed Sørstranda finn han notstenge deira, eit stort lås med mange kaggar. Han legg seg fast i not-telna ei stund, smått lyer og smått ser. Så stikk han seg over og ror i silda. Ho har ikkje fått notgang enda, ho skjørar under årane, og ho renner imot notbarmen så spruten står over. Stor sild; feitsild, alt det han kunde sjå. Fem tusen mål, seier du? Vent no urlite; eg er eldre notmann eg enn du. Det halve av fem tusen er ikkje lite det heller. 10 kroner måle minst, jagu får han det.

Det er stilt så det mest svarar i berghamrane; ^[24] stilla står rett til vers imot himmelen; Lauris hører det og smiler. – Nei da, her skal ikkje skje noko gale i natt. Er ikkje slikt folk ute og ror nei. Eg vilde berre sjå. Eg vilde berre syne deg det, ditt kvinnfolk der du er, at eg kunde ha gjort deg ei fin gjerning i natt. Og at eg ikkje gjer det, som du ser. Eg er ikkje den; same kva du trur om meg.

Han stikk seg over og ror heim att, ein rolig mann som da han kom. – «Me skal koma um inkje so brått,» små-song han, ein liten låg tone som rann bort i natt-klårnaen.

Astri vakna til no òg, før han fekk av seg klæane. – Var du ute? ho hørtes halvt urolig. – Som snarast ja. Han pustar og klær av seg i mørkre. Eg skal for resten fortele deg det som det er: at eg var borttil stenge hans Odin; vilde sjå kva dei har å skryte av. – Ja? – Dei har vakkert med sild. Han har gjort eit maurvelt ein gong att. – Hm. Men at du brydde deg med å sjå dit! – Nei, det er no så, men. Trudde mest ikkje sjøl heller, at eg skulde ha komme til å bryte meg så små. Må vel vera notmannen i meg. – Ja. Men enn visst dei såg deg? – Var-det-lik! Og nota gjorde eg da ikkje noko, veit du. – Det veit eg vel. Hadde du vore *den* – da hadde han vore ferdig for lenge sia. Det veit han òg. – Trur eg aldri, gjeispa Lauris. Og det same kan det vera. – For oss ja. Men det var rart å høre på folk i kveld, det var som ein vilje i dem. – Dei berre rømte med seg i sømnen, sa Lauris, – og rettno sov han der han låg.

[25] Han sov, og Astri låg og såg ut. Det var aldri så vakkert ute som midt på natta, når ein låg slik og såg ut millom gardinene. Stjerna kom fram, og gjekk stor og still over ruta. Den andre kom, med eit anna lys, og gjekk same vegen. Ei underlig vandrings.

Da hørte ho Ola Håberg hosta oppå loftet sitt. Da fekk ho hug til å vekke Lauris, for det var lite om å gjera at ho ikkje var redd. Kva var det han vilde her i huse denne gamlingen? Men Lauris hadde aldri set hende redd, og han skulde det ikkje heller. – Og berre notmannen i han ja, som narra han ut. Dei kjente han ikkje.

III.

Dagen etter sa Ola farvel og stultra av bort i stua til Odin.

Odin var ikkje heime, og Ingri hadde ikkje taus og hadde mangt å gå etter, så han vart mykje godt sittande åleine inne.

Han sat og såg seg rundt her som hoss Lauris. – Dette er som å komma inn i stua hoss folk før i tida det, sa han med seg sjøl. Ja nei, bi no litt: der har han Otte vore fram med konsten sin, og der, og der. Jamenn kunde ein bu her, det ser eg; både i vondt og godt. Men har han Odin vore såpass *inne* da, at han kunde skapa til stua så vidt? sa han med Ingri.

Ingri fekk ein ørliten kvekk i seg først han snakka til henne, ho vart så vakkert rødt i kinna, [26] og munnen mista dette tunglyndte drage av lukke ho gjernast gjekk med. Så var ho der att, blunka glad nokre gonger og smilte: Å jau da. – Jaså, han har vore innoan her? Ja den guten! Men det var sant, – Ola kremta og rubba seg på knea –: Eg skulde helse frå'n far din; han bad meg om det.

På nytt flaga det til over andlete hennar, det var så smalt og fint, – ein kunde sjå kor det fór gjennom augelokk og bruner, så levande; det gjorde godt å sjå. – Takk! sa ho berre, ho var på veg ut att. – Ja, han fer ikkje for ofte her på Håberg og rek, lo Ola. Ikkje har han og eg snakka stort med einannan heller, dei par måna'ne han har vore på Segelsund. Han har bua å regjere over, og han regjerer hardt. Eg trur jamenn han held på til han får skikk på heile stelle der. Skulde

helse deg, som sagt. Og'n Odin med.

Ingri kom ikkje inn att på ei lang stund. Ola rista på hovude, sukka litt og smilte litt.

Da kom Odin heim og skulde ha middag, og Anders kom frå jorda nokonstads, med mold på buksa. Ola sat og vêra. – Ja ha, der kjem de, karar, i godvêre og arbeidslage; far og son ja. Kjenner farten av dykk, eg, om de sitt still. Det luktar opgangsfolk her. Det var meg ei rå lukt, huff, eg må nyse!

Stort snakk vart det aldri millom Ola og Odin, og karane hadde knapt om tid i dag. Ola var rundt garen og såg seg om, på jorder og hus og alt som var: Jau, det var fint i stand. Odin og Ingri gjorde [27] seg ein sving med han. Da sa Ola, det peip av kov for bringa på han: Men du kjem no ikkje lenger du heller, Odin, enn vi og Vårherre vil. Det kan bli stengt veg for deg, kva gjer du da? Det største av alt, kan hende? Odin hørte ikkje etter, men Ingri såg på Ola, og no var ho ikkje det slag redd.

I kveldinga skyssa Anders han austover. Ingri kom bort til han da han fór. – Hels'n far, sa ho. – Ja, sei det, ban, eg skal helse han ja. Ja eg skulde berre helse'n da? Ja ja.

– – – Same dagen kom det ein sildkjøpar inn på Håbergvågen, og neste dag enda ein. Dei hadde spurt og hørt. Dei lest elles ikkje vera stort hisne på sild.

Notkarane samlast bortmed fabrikk, det skulde takast ei avgjerd om kor dei skulde sele silda. Mann og mann imillom snakkast dei om at kunde dei få seld silda no straks, så let dei henne gå, det var deira sild likså vel som notmannen si, og nokon bedring i prisane var det tull å snakke om. Dei stod og venta på Odin, han skulde visst komma over vågen. – Han pla da elles vera første mann? – Han kunde vel ikkje meine det han sa i går, om å sele til fabrikk? No når fabrikk står for streik? – Jaumenn meinte han det. Han hadde knapt drege til lands her utan det. Fabrikk, det var han sjøl det, godtsom. – Ja ha, der hadde du det!

Dei visste ikkje av før dei var einige alle mann, og det hendte seg ikkje kvar dag. Fabrikk stod, [28] og uvisst med betalinga òg; skiprane låg nedpå vågen her og vilde ha silda. – Vi seler 'a sjøl, står det om, noko er bedre enn ikkje-noko! Notkaren er ikkje slave og hund lenger, som før i tida.

I det same var Odin der, han hadde komme gåande ovomkring like vel. Han helsa høgt og lysmælt og gjekk inn i flokken, snudde seg og såg ned på dei fine kjøparfartya. Dei var høge i riggen og så utleita fine i spring og vassline, det var sjølve velstande og vågelysten som var ute og fór. – Ja ha, karar, no får vi dividere oss ferdig da, som 'n Anton seier. Han såg på Anton, og Anton flytta på seg og smått smilte, – smilte gjorde dei alle. – Eg har snakka med disponenten på fabrikkjen, og han er einig med meg i at 10 kroner måle kan dei gi, ja ikkje eit øre meir heller for resten. Så det blir vel rettast vi gjer det slik. Det er åt i silda, veit de. Dei der, han viste med nakken nedover, dei baud meg 8 i går. Kanskje vi kunde pine dem opp i 10 til slut, eg seier ikkje om det.

Karane togg og tagde. Endelig sa ein: Gir dei det, da var det no vel best – –?

Odin såg snåpt på han, og så på ein for ein flokken rundt. Han merka motstand attom alle andleta og lysna til med små rappe blunk. – Best, seier du? – Nei nei, men. – Nei, du meinte ikkje best; det var tryggast du meinte. Best å få fabrikkjen i gang att. De ser arbeidsløysa de som eg. Vi får da tenke på oss sjøl òg. – Men pengane? kom det frå ein tre fire med ein gong. – Dem ^[29] har eg alt utveg for ja. – Men enn streiken? – Vi legg på lønna, aldri så lite, så glid det i veg. Så det er ikkje noko å snakke om. Rettast ifrå kva kant ein ser det ja. Denne gongen er det vi som hjelper bygda. Og elles så er her sild nok for skiprane òg, om det er dem de tenker på. Tusen mål til fabrikkjen først da, vi går laus i morgo alt; så fer vi i veg no i kveld og greier inn smånøtene, vi stel ein båtskarv her og ror over, vi stel din, Anton?

Dei var i sige med det same, han føre og dei etter, og lettliva kroppar alle i hop. – No trur dei visst dei jagar meg, lo det i Odin. Å ja ja, eg har vorte jaga til mangt. Skiprane såg dei ikkje til sides etter.

Arbeide gjekk villig utor hendene, gammal og ung var i eitt mot. Odin såg det ikkje, dertil hang han i for lystig sjøl, men slik var det og slik skulde det vera. Det var det som gjorde folk så gilde å ha med å gjera, at den eine vermte den andre. Han skuva hatten attpå nakken og pusta på, såg etter eitt og anna, glømte seg som snarast og tenkte litt, og dermed snudde han seg til det att. Slik hadde det vore alle åra sia han vart med dem, visst: at han fekk fram songen i dem, og

resten gjorde seg sjøl.

Da dei fer ned lunn-brua med andre storbåten, kjem Lauris slengande, han går og ser etter einkvart han har mista. Odin snakkar til han, lågnar måle til vanlig prat etter all sjauen: Du vilde ikkje [30] vera med oss du, sa du? – He! nei, peng det vilde eg ikkje tene. Når 'n blir for gammal, da er'n ikkje ung lenger, sa kjerringa. – Du skulde gi kjerringa ein god dag, og ei god natt attpå. – Ja, snakk ikkje om det! Lauris sukka, stillferdig og grannegod. – Det er sant, sa Odin, eg snakka med eigarmannen til bruke i dag, i telefonen. – Å? – Berre velstand! Han hadde for resten hørt det, hadde visst vore litt sån redd òg. Men no så!

Ein liten skugge, dei kunde knapt sjå han, fór over andlete til Lauris. – Der hadde han vore fram og slarva, sa karane seg imillom. – Og der fekk han ein smikk, la dei til. Odin hørte det ikkje, men han gjekk med denne gutungeblunken sin i auga, det skifta i letene fort vekk.

Straks etter kom Johan Grønset og Ola Engdalen og eit par til, helgaklædde og liksom dei skulde nokonstads. – Der har vi jamenn heile høgtida, sa ein. – Fabrikkstyre ja. Gubbane som rår for kjølda, smålo dei andre.

Odin helsa med arbeids-sjauen i mål og andlet: Ja, eg sendte bud på dykk, men de kom for seint, de får ta sand her og strø på. Vi har seld til fabrikk, eit tusen mål for det første. Ja, de er einig i det? 10 kroner måle. Feit sild, ser de, olje alt i hop, vi smør fabrikk slik at han går sjøl ei lang tid, hm? Så før da dei karane seg sjøl; den tida det varar.

Han kvilte seg mot båtkanten og såg på dem, til det seig inn i dem det han vilde. – Jau, dei [31] kunde ikkje anna seie enn at det var rett nok tenkt, men. – Ja? lo Odin, – når det var rett tenkt, så var det aldri farlig med eit men eller to. – Men disponenten meinte her i går, at – –

«Det va i går, det, ban. I dag har 'n fått eit anna syn. «Ny dag, nytt syn,» veit dokk vel?»

Notkarane hadde halde anda. Men no var det overstått. Styre meinte som dei og han Odin.

«Dem ha no helgaklædd sæ forgjæves, den der gongjen,» var det ein som lo, og slo inn ein tollepinne.

Nå, han Odin kunde no snart for-renne seg han og, ein gong, murra einkvan. For det om han hadde trua god, og kjeften god og allting slik. – Ja ja. Dei fekk no sjå.

I det same kom Odin, han hadde vore med karane eit lite stykke oppetter, og straks han var der att, såg det ansles ut. Var det rett tenkt, så var det rett gjort. Og lite grand fekk ein våge ja.

Dei tok det frå lettaste kanten, dei fire karane som gjekk heim att. Dei var da vakse folk. Odin hadde rett, det var no det, og at han var dem litt for snar, herre gud, han var no slik han! «Jagu vart vi heimbedt te rådslagning, det vart vi! Og du Johan, som svor på – –»

«Svor æ? Nei, no lyg du! Og i grunn' va vi no med og stemt over det da.» Dei lo alle fire.

Lauris slong av etter dem oppover sjøvegen. Så tok han av og bort til ei stue som nyst hadde komme opp. Der budde ein av fabrikk-karane. ^[32] Lauris snakka frampå om at no fekk dei arbeid snart; han fortalte det han visste. – Det vil vi no kjenne på, sa den andre. Da får dei gi oss det vi krev. Heil så kan allting stå til våren, og lenger med. Fri jul tenker eg vi tek oss. – Langt ifrå! Det blir ikkje de som avgjer det. – Så-å? – Det gjer han Odin og disponenten, berre sjå etter! – Han Odin? Ja ja, han er no *vår mann* da. Men for det så. – De diltar no med 'n, lo Lauris. Som rett og rimelig er, la han til. – Vi kjem no til å sjå på det den her gongen. Vi les no blad og følger med; vi er ikkje sau. – Ja, kunnskap skal styre rike og land, står der i skrifta. Men de gjer no som sauene, oftast. Bæ-bæ! flirte Lauris. Men lat meg ikkje glømme erende mitt. Bæ-bæ, song han med seg sjøl der han sat og tenkte seg om.

– – – Fabrikken kom i gang, og den silda ikkje han kunde ta unna, vart seld til skiprane for 9 kroner måle. Veka gjekk i full sjau, slik Odin ønska seg det, tidlig morgon og sein kveld og aldri ei stund til å gå i stå. Ingri smilte etter han når han fór, og smilte imot han når han kom, og ein gong sa ho at han var visst meint på å ta live av seg. Trivst du slett ikkje heime lenger no? sa ho.

Han stana for og lo framfor seg: Det var det eg sa deg, Ingri, det vart ikkje så beint fram å vera gift med meg; du skulde ha hørt etter meg og latt meg vera i

fred. Ho lo med, men ho likte aldri han snakka spøk om dei ting. Ho var så grann der ho stod, så fin og veik, ein skulde ikkje tru ho levde [33] veka ut; men slik hadde ho vore alle dei 15 åra sia dei kom i lag. Ho er av eit finare og sterkare slag enn vi andre, sa han gjerne. Og enno var han der, den unge skyggen blunken i auga, det der han aldri fekk tak i; ho kunde stå slik framfor han liksom ho venta at no slo han; – ein hadde fått henne for at ein skulde fara vakkert med henne. – Nei, du veit da det, Ingri, at rettno skal eg range meg utor heile kjave her, og da endelig skal vi til å leva i lag du og eg. Men helga og kvila smakar så rart når'n ligg i det som no. Og så må det gjerast! Men til veka blir eg heime. Så må du be Anders hogge sund ved til deg da, og vera snild veikje. – Han høgg da ved sjølmint, han; når han kjem i hug det. – Ja ja da, sa dei bae to, og slik fór han ifrå henne kvar dag.

Midt i ståke kom det for han at dagen var lang for henne, same om ho sa tvert imot, og da kjente han suge av kor frammand dei var for einannan. Slik skulde det vera, millom dem to; men det var lite om å gjera at han ikkje tok renne heim ein vending. På den måten hadde det vore alle åra, han skulde ha vore heime og visst korles det var å vera henne.

Endelig var det laurdagskvelden, så han fekk vaske av seg alt som sild og sjau heitte, han vilde vaske seg både på kropp og sjæl, sa han. Disponenten kom og vilde hefte han på heimferda, det var litt flokut med arbeidsfolke att, men Odin berre lo han ifrå seg: han fekk gjera det han syntes, [34] fire og hale som ein gjer med kveita, og godnatt da! og lukka til!

IV.

Sundagen var han tidlig oppe og hespa ifrå seg nokre ordførarabrev og anna skrót, og så gav han seg til å vera fri. Det hadde vore regne om natta, så no var det berr jord, og Odin gjorde seg ein sving og såg på det han kalla lande sitt. – Ingri hadde ikkje stunda til å bli med. Ho gjorde elles det, enda ho sa at jord elska ho ikkje, det var berre så trøysamt å sjå på at han gjorde det.

Fort hadde ikkje garen vakse, men det var vakkert som det var. Og no låg ein

myrteig der veita og jamna og venta på våren, her kunde ein vinne all verda vestover utan å ta skade på si sjæl.

Når han var her vestpå, snudde han seg gjerne heimover og tok for seg husa eit tak. Stua var lita imot mange andre i bygda, og serlig imot gamle Håbergstua, men han hadde fått henne bra til: ho smilte. Og dei andre husa låg attmed og hørte til, det kunde ikkje ansles vera. Slik måtte han sjå det gong og annan, elles vart det sittande i han at han var ein utru ein, at han hadde fare rundt bygda og bala med gagnarlause ting. Her stod det og vitna for han, blankt og truverdig.

Han var på vegen inn att. Det måtte vera der sundagen var å finne. – Skal du røyke i dag? [35] spurte Ingri. – Ja ha, gut, no vil eg tende langpipa du gav meg, og vera bonde for ålvor ei stund. Eg har set over garen min. Eg skjønner det no, at ein kunde sjå alt det han hadde gjort, og sjå at det var så og så velgjort. No vil eg sette meg inne her og halde sundag som anna folk. Ikkje tenke, og ikkje bale med noko, eg skal lesa blada.

Berre han kunde det, sa ho. – Elles er det mangmannen og ståke som er live for deg. – Nei, Ingri. Live, det er å vera her. Åleine her, med deg – – du skal ikkje gå med denne anken støtt. – Eg? Ja du ja. Støtt ser du etter meg liksom du heldt på og miste meg, trur du ikkje eg ser det? – Ho rista på hovude; så lo ho litt med seg sjøl; så var ho langt unna han att. – Eg har aldri ønska du skulde vera ansles enn du er, Odin.

Slik var måle hennar ofte, som ein hørte det frå andre sida veggen, eller som ein drømte det. Han måtte ha vore beiskelig så lenge ifrå henne den her tida. Og live hans, det hadde vore å dikte i hop store ting som skulde skje i bygda. – Men i dag, Ingri, i dag er det vår dag. Vi har havt mange, ikkje sant?

Ho raudna til og såg fort og blankt på han: Jau? Vi har da det. Ho såg rundt i stua, på møblane Odin hadde gjort, på alt. For henne måtte kvar tingen ha vore med, dagandes dag.

I det same tuslar det uti gangen, og einkvan står der litt før han bankar på. Det var læraren i grenda, og klokkaren til så lenge, *Sølvreven* kalla [36] dei han. Han heitte Vikesylt, og var søring; han hadde vore der eit års tid. Han strauk seg smilande over det store sølvgråe håre, og helsa stort og mildt: Han var nett ute og

gjekk, soleis, i detta forsegna gode vêre, og så gjorde han seg så fri å gå innom her, enda han hadde ikkje erend å kalle og var heller lite kjent. Han fekk det ikkje ifrå seg, at han måtte sjå innom ordføraren i bygda. «Det er no det òg då, at her er so herlegt eit vêr, det er reint som dreg naturi ein ut til seg ifrå den kvalme og uhelsuge stovelufti.» – «Og så inn her?» lo Odin. – «Ja, du er no alltid so lentug du,» – han gjekk og sette seg ubeden, og Ingri og Odin skyndte seg og bad han versågod.

Sølvreven hadde gjort seg til ein stor mann i bygda på stutt tid. Folk undrast litt på han i førstninga, lo litt og hermte etter han, men han skrei stor og stø og mild framgjenom det, hadde sin gjerning å gjera, og den var ikkje liten. Han vilde vekke ungdommen. Odin hadde gått beint på han og vilde høre kva ungdommen skulde vekkast til. Mannen såg djupt på han, i både ynk og undring, og gav seg tålmodig til å legge ut. Så vidt Odin forstod av det lange svare, var det mest alle ting dei skulde vakne til, ifrå kjærleik til jorda og til ringeakt for alt som av jord er kommen. Odin hadde ikkje lagt seg meir borti det. Det var ein trøysam kar å sjå til, og einkvart godt kom han da visst med, men helst steig han utor vegen for han, han var så for frammand.

[37] Ingri gjekk til kjøkene med ein løynd liten smil, for Odin såg ut som han hadde bite seg i tunga. Og Sølvreven snakka. Litt om senn skymta Odin i erende hans, for han visste det måtte vera der, ein slik ein gjekk ikkje erendlaus?

Det var fabrikkjen. Ja ha san, det var vel og bra at det kom i gang, og enda meir at folk fekk litevetta å gjera att, for lediggang var roti til alt vondt, det var visst og sant. Dei var Odin stor takk skyldig, soleis. Og han for sin del, han hørte til millom arbeidsfolke. Liksom du, la han til. Men bøndene, den norske bonden som so å seie skulde betale dem, – han hadde tala med fleire som fann at det vart heller tungt no i desse tunge tider, dette siste lønspålegge. – Så, klokkaren har aktiar alt, hører eg? – Aktiar, seier du? Nei, aktiar kan eg seie meg fri for.

Odin sitt og ser på han og har godt av han: – Sundagen tok du frå meg, Mikkel, men ikkje sundagslage mitt. – Du har berre ein aktie da? sa han.

«Ja, kva eg no har og ikkje om det, so er eg fullt oppmerksam på at ein lyt sjå langt fram her, just som med eit framsyn og eit vidsyn og alle ting teke med i

betraktningi. Men dei er redd, mange i bygdi, eg skal ikkje dylja for det, at skal me halda fram som me stemner her og gjeva arbeidarane pålegg og pålegg og soleis burtetter –»

«Du e mæ ein luring der du sitt. Men du skuld heller driv på med ordets forkyndelse og vekkjing og slikt.»

[38] «Hæder du? Ja, mi ringe gjerning er ikkje stor, i det ytre soleis; men det torer eg seia frimodig, at eg verkar etter mi yvertyding og i den lei som mitt livssyn peikar ut for meg – – ja du hev no eit livssyn du òg, som ei livsuppfatning? du skal svara meg på det, Odin! For ungdomen krev klårleik framum alt, so me tarv vita kor du stend. Ungdomen og tidi krev klårleik. Det er den klåre tanken som regjerer verdi.»

«Ja, æ kan mest tru det. Så godt som det går.»

«Jo godt er no eit relativt umgrip det, det vil seia, det er lite som du tek det. Men du forstend meg –»

Ingri kom inn att, og Vikesylyt snudde seg til henne: Eg har slik tru på mannen din eg. At han er ein idealist, kor som er og kva han så seier, – innvendig likesom. – Ja, ikkje som eg veit det, smilte ho. Odin kunde sjå ho undra seg at han ikkje viste ut denne karen, han hadde da vist ut andre som ikkje var verre? Så fór låtten i henne, tok henne før ho fekk verje for seg: Idealist innvendig, var det så De sa?

Vikesylyt lo med, både ful og rådlaus. Kinna hang som tomme posar ved munnvikene, auga mista glansen og drog seg inn. Men litt etter kvart kom barne fram i alle andletsdraga. No først var han Sølvreven. – Det var sant: eg skulde helse deg ifrå han far din på Segelsund, eg var innom der i går.

[39] Ingri vart raud, og ein liten rykk fór oppgjenom nakken på henne. – Ja, han far din, han har vore til stor studna og mykje hjelp på Segelsund, sia han kom! Kor lenge er det sia han kom dit? Det er åre snart, spår eg. Tidi ho fer so snøgt, ho er beint fram ikkje til å stogga. Jaso, jaso då. Ja ha. Og no er han meint på å slå seg ned her då, ikkje sant? Ja, *han* har ein god posisjon alt; er nok klår over vegen sin han san.

Odin spurte om det ikke var så at Vikesylyt hadde snakka med han? – Jau, sei det, Vikesylyt hadde snakka med han, ikkje so reint lite etter måten. Best det er,

kvikkar han seg opp og spør: «Han hev vore sunnanfore, var det ikkje so han sa?»
Ingri ser stivt og verjelaust på han. Vikesytt er berre truskyld: «Eg tykte du sa det her ein gong? Eller var det han som sa det, torer henda?»

«Jau, han va sørafor ei tid.» «I forretning då, var det ikkje so?»

«Jau.»

Ho ser på Odin i det same. All farga rann vekk frå andlete hennar, var borte og kom flømmande att. Odin smilte til henne, med brunene lystig til vêrs, og snudde seg til Sølvreven: Han var i forretning i Kristiania. På nytt fór hamletsbåra over henne. Ho måtte stø seg til bordkanten, og slik vart ho ståande til Vikesytt hadde snakka ifrå seg og sa farvel og gjekk.

«Enn han virkelig tok til vettes og gjekk da,» ^[40] lo Odin da han var ute. «Det der va no han ja. Det er mange slike, Ingri. Verda er like rund for det. Hm?»

Da sa ho: «Har du visst det all tida, Odin? At 'n far har setti på straff? Og aldri nemnt du det?»

«Nei, kofor skuld æ det? Vi ha det da i lag lel – – vi va to om det lel.»

«Men at æ sa det da Odin! At æ laug!»

«Ja men: det var no berre *Sølvreven*.»

«Du skuld ha sagt sant lel du, Odin! For di eiga skyld.»

«Du va så rar da du stod der, æ kund ikkj' anna enn hjelp dæ. Ossa han der Sølvreven da!»

Han tok i henne og fekk henne med seg ut. – Snakke sant, sa han, det kunde vera bra nok det, men det fanns ting som var høgare og som ein måtte verje. Vi tenker ikkje meir på det der, Ingri. Eg fer i veg rett som det er, eg, og smålyg, og det verste er at eg er ikkje alltid nøydd til det heller, – ja, eg har no mest vunne på det no da.

«Når det berre ikkj går ut over 'n far!» Ho tenkte på sitt og hadde knapt hørt det han sa. Så lukkeleg som han er no! sa ho. Og så har han vore ulukkelig nok før han var så snild imot meg all tida. Trur du det kjem opp, Odin? For det må det ikkje, hører du!

Det var berre ho Mina på Segelsund som visste det, og henne skulde han snakke med.

[41] «For da har æ skjemt ut både 'n far og dæ – æ stod ikkj ut det!»

«Pytt san! Det der ska æ vel allti vetta råd for. Ser du ikkj kor vakkert her e? Rundt omkring!»

«Nei. Nei, æ e ikkj i stand te det, Odin. Det har mista létten sin alt i hop.»

Han trøsta henne med at ho var ei lita tullhøne, og det hørtes som ho slo seg til ro med det. Og så stod fjella og smilte til dem med snøgrimute andlet, og skogjaren og vollane gjorde det same r og sjøen og dei lyse skyene. – Det er aldri slik vidd i dagen, Ingri, utan at du er ute.

Han tok handa hennar og stod still ei stund. Så seier ho:

«Men at æ skuld sei det lel da! – Æ skuld aldri ha gifta mæ. Æ visst da det vart gæli.»

V.

Utpå kvelden tok Odin på seg og gjekk til Segelsund. Han såg Ingri lysna da han fór, og da først fall otten på han: at dette måtte han klare, han måtte bera henne over det, elles gjekk det gale med all ting for dem. Nå ja, han skulde alltid finne fram til menneske i Mina, og da var han berga. Det var i grunnen det han hadde gjort all tida, funne fram til menneske i dem; da kom dei godt når dei kom.

[42] Han måtte sitte og drikke kaffe før han fekk Mina to-eina for seg, og da var det ho som bad *han* med seg. Det vart gjerne slik, når han vilde dem einkvart, han hadde lagt merke til det.

Dei sat på kontore midt imot einannan. Ho hadde lorgnetten på. – Du veit kva det er, sa ho, – det var derfor du kom òg, du gjer ikkje å nekte for det. – De meiner handelslage? – Ja, sitt no ikkje der og vera vrien, Odin, du er for god til det. Handelslage ja, det kan ikkje vera meininga di å komma her og be oss slutte med handelen? – Nei nei; vi kunde kaste votten, veit De, eller hansken da: vi

kunde konkurrere vekk alle handelsmennene her i kring. He?

Mina voks i vøre, med heite kinn og logande auga: «Det går aldri i verden! Aldri! Du har fått dem med dæ på alt i hop, og små e dem, men det her? *Nei!*»

Han sitt og ser beint på henne. Av og til dreg han på smilen, med auga eller med munnen, ho synes han ser alt i henne, og det enda han tenker på fleire ting. Slik må ho ha sitte ei beisk stund imot han nokon gong før. – Nei, det var ho moster Åsel! seier ho best det er. – Men kan du ikkje sette det ut da, Odin? Nokre år enno? – Kan ikkje det nei. Det ligg her og ventar. – Du er ikkje slik at du gjer oss det der, Odin? – Nei nei. «Eg er tebøyeleg te å tru det,» som han seier, Sølvreven.

Han såg på klokka, og kom enda i hug at det ^[43] var ein ordførar-vane han hadde, å sjå på klokka når han skulde tenke seg om. – Nei, det var noko anna eg hadde i meg den her gongen. Det var mannen Dykkar. – Ja? – Ja? seier eg óg. – Du innser det no da, Odin, at han burde vera disponent på fabrikken? – Nei var-det-lik! Lat oss halde oss etter vegen. De trur det ikkje sjøl heller, at han var mannen til det.

Han såg kor ho gråna i kinna og kom i hug og tilsod med seg sjøl; han lo, men han var hjartans lei seg: Nei, det er hardt å vera menneske òg, somtid. Men det er trøyheit lel. Nei eg tenkte å høre om han vilde vera styrar for handelslage når det kom i stand.

Mina sat litt og tok seg tid. – Jaså, sa ho. Ja ja. Eg skal snakke med han om det. – Gjer det, så er De snild. Men lat meg seie som sant er, så lyg eg ikkje. Erende mitt i kveld, det var å be Dykk om ein ting for hennar Ingri si skyld. Ho kjem til å ta seg det fælt nær, om det kjem ut i bygda det med far hennar. – Trur du eg går og sladrar med kjerringane da? – Nei, da sat eg ikkje her. Men om dei spør, meinte eg? Ja, men så er de no av same folke, litegrand; og De kjenner til kor nærtakande ho Ingri er.

Mina strauk hendene sine og såg på dem. Dei var like unge enno, lange og smale og kvite. Så ser ho opp og veit ikkje svar. – Kunde dei ikkje seie det slik da, spurte Odin, at han hadde vore i forretning i Kristiania? – Vart kanskje ikkje anna ^[44] råd. Men ho likte det ikkje. – Ikkje eg heller! lo Odin. Eg har det imot

heile livs-stelle, at ein må gjera *mangt*. Ein må gå utomkring det verste, somtid. Og for hennar skyld gjer eg det gjerne. – Å ja, live! sukka Mina. – Nei, sei ikkje live! For live er det likaste vi har, det. Live skal vera som det er. Men De veit kor nærtakande ho Ingri er, kor rart eit band det er millom ho og faren.

Odin reiste seg, og Mina reiste seg med det same og gav han handa: Meg kan du lite på. – Takk! Eg veit det. – Så kjem det i stand snart det handelslage da? – Nå, det går aldri så snåpt med slikt. Eg må myke dem opp på mange vis. – Ja, sukka ho, mangmannen han er tungvint ofte. – Ja, men han er trøysam òg, ofte, hm? – For deg ja. Det har vore berre dansen for deg.

Ho såg trøytt ut, ein liten vêrsliten blom. Han vart huga på å stryke henne frammed tynnvangane, der hårkrullane gråna så fint. Han gjorde det før han visste av det:

«Friskt mot, kar! Rettno snur det sæ, ska Di sjå!»

«Ja, du Odin!»

Inne fann dei Ola Håberg, som kom og skulde ha kaffeen sin, og Bonsach Arnesen, far til Ingri. Slik vart Arnesen, kvar gong Odin kom, han stod og vilde gå sin veg, men kom seg ikkje til med det; han såg etter Odin først han snudde seg vekk, og prøvde takomtil å sjå han i auga. Han var ein høgvoren og finbygd mann, med kvasse andletsdrag ^[45] men mjuke auga. Da Odin snakka med han om Ingri, vart han raudlet som barne, og straks etter gjekk han ut. Ola vart ferdig med kaffeen sin og vilde ut i kammerse sitt att, og Odin forstod det slik at han skulde bli med.

Ola blunka fult derinne: han hadde einkvart å by folk. Ikkje heimebrennt nei, langt tå den vegen, det var *rettferdige saker*. – Nei, san, dei kom ikkje over meg som ein tjuv om natta med loven sin, eg hadde rådd meg på tak! Men drikk du virkelig slikt da, Odin? – han var lågmælt så ingen skulde høre det. – Ja, Odin kunde ikkje nekte for det. Den nye klokkaren kunde vera avhaldsmann i hans stad, no ei tid. – Å, du er ein fuling, Odin, hm, hm! Du blir meg for dryg.

Dei sat litt og småprata. Da bankar det på døra, og flaska var borte i same blinken. Det var formannen i arbeidarlage som kom, Engelbert Olsen, han hadde hørt Odin skulde vera der.

Engelbert hadde vore gardbrukar på eit par rom, hadde vore kjøpmann i Håberg-vågen, og no var han på fabrikk. Lukka hadde han ikkje havt med seg, men eit godt hovud og eit friskt mot. Han og Odin hadde vore gode kammeratar, og Odin hadde hjelpt han på fleire vis. – Og no skulde eg ha leita ut ei kjerring til deg, sa han.

Før dei rett ansa det, stod flaska på borde att. – Nei takk, Engelbert skulde ikkje ha. – Tøv? – Nei, han var avhaldsmann for arbeidarane si skyld; for dei trong å vera det. Eg gjer ikkje som [46] han Odin, la han til. – Ja, så får ikkje du Odin noko heller, lo Ola. De kan sitte der med politikken dykkar. Folk blir så sluge! Eg tek snart av meg skone og lurar meg til sjøs. Eg har alt vore rundt og sagt farvel. De kan sitte der og vera sluge, skål!

Odin ser på klokka, han vil heim. Han skulde ikkje ha vore her no. Ola var over han med det same: At du reiser ifrå kona di slik? Kveld ut og kveld inn! Ho er da som eit menneske ho òg? – Ja, hadde eg ikkje henne! lo Odin, – henne kunde eg gjera meg både til tjuv og kjeltring for! – Kvifor gjorde du ikkje far hennar til disponent på fabrikk? sa Ola. Nei, det er sant, han var ikkje kommen sørafrå enda, hm! hm!

Engelbert vakna til og spurte kva slag kar den der Arnesen var, kva han hadde gjort sørafor?

Ola let auga kvile på han, men lest ikkje som han hadde hørt orde av det han sa. Han snudde seg til Odin att, og vart meir og meir blank: Å eg veit, gut, eg veit mykje. Men eg tier; eg er bjønnsterk. Gjera deg til tjuv og kjeltring for kona di, seier du? «Også din sjæl skal et sverd gjennomstinge» ja, gruv ikkje for det. Far hennar, kva i helvet har du med det? snur han seg til Engelbert. Spør a Mina, ho som veit det!

Det kjølte gjennom Odin, alt som vart sagt her i kveld, han syntes det hadde ei tyngd av lagna i seg. Men no prøvde han å snu Engelbert ifrå Ola; han nemnte i handelslage. – Det kjem sigande no, [47] så smått. – Det var bra nok, meinte Engelbert, men det hadde mykje å seie kva kant det kom ifrå. Skulde arbeidarane vera med, måtte dei ha makta. Styraren måtte vera deira mann, det var det første. Engelbert prøvde å sjå Odin i auga, tak for tak, og vart arg på han for at

det fall så vanskelig. – Styraren, han har eg ferdig, men lat oss ikkje bli sittande her og prate, – han reiste seg og slo Engelbert på aksla så han bogna under det: No går vi!

Engelbert vart med. Men Ola drakk ut glase sitt og kom stultrande til døra, prøvde å hefte dem det han kunde. – Enn å leie folk i grima slik da! sa han. Ja, eg meiner ikkje deg berre, – han gav Engelbert ein dult i sida –, han grime-leier dem alle i hop. Korles var det du gjorde med silda? Sjøl selde du, og sjøl kjøpte du, og enda vart prisen så uvettig høg.

«Banprat!» sa Odin. «Småbonn kor æ snur mæ.» Så la han til nokre ord om at fabrikkjen hadde plaga skiprane til å betale det dei skulde, det heldt han for ei god gjerning. Eit par kroner meir på måle.

Ola lest som han var forfæld. «Lyg du no, så e det gæli. Og lyg du ikkj, så e det enda verr'. Men han Lauris, det e verstin tå dem all samma – æ vil legg att eit brev ette mæ, te slut. Eit som ska hjalp dæ visst dem vinn på dæ, Odin, hi hi hi!"

Dei sa farvel og kom seg på gonga. Engelbert tenkte seg til ungdomshuse på Lauvset, så dei ^[48] hadde same vegen så lenge. Odin gjekk fort, og stort vart det ikkje snakka millom dem. Lufta hadde kjølna til og møtte andlete med eit rolig, friskt drag. I henne var det ikkje svik. Slik kunde det møte ein somtid, med ny luft over all bygda og eit nytt andedrag imot ein. Og stjerner og himmel og fjell og mark vitna med. – Dei kan snakke og bale med dei vil, sa han utan han visste det, – det når ikkje innpå oss. Det når oss ikkje utan vi vil, Ingri – nå! Går eg for fort? Ja, du får henge med, eg vil heim no. Og slikt fint vêr da, gut, – dei snakkar om det som er evig ungt! Skal du danse i natt? Ja visst; eg skulde mest ha vore der eg òg. Ja, du får ha godnatt, og god trøyheit! Odin kjente da dei handtokst, at enno hadde han Engelbert med seg, kjente det som ei klår og god sanning, så han mest fekk hugen til å synge.

Anders stod ute da han kom. Han stod still utpå tune, slik ungdom kan stå nokon gong, men Odin syntes det vart dubbelt stilt millom husa ved det. – Står du og ventar på meg? sa han.

Nei, Anders gjorde ikkje det heller. Han såg opp. Blunken i auga hans var djup og logn, det tok i Odin så han mest kvakk. Slik var det ho mormor såg på

ein.

«Ho mor venta på mæ da?»

«Æ veit ikkj. Ho trudd kanskji du va i ungdomshuse.»

«Ja du Anders!» lo Odin, han skyndte seg inn.

«Du trur det ikkj!» sa han til Ingri. «Du trudd ikkj æ va i veig og dansa?»

[49] «Nei,» smilte ho, med auga fulle av lukke, – den lukka som flyt oppå angsten, tenkte han.

«Såg du han far?» spurte ho.

«Ja da, æ skuld hels dæ, og i frå a Mina med. Og ho Mina ho forstod mæ, du kan vera trygg, Ingri. Å, æ ønska det vart tungt å bera dæ tørskodd over det – du ska få *sjå!*»

Ei flage av angst gjekk over henne, ei stor lukkelig uro:

«Ikkj å sei det, Odin!»

VI.

Da Vikesylt kom ut frå Odin-stua, stod han ei stund og smått vêra i kring seg. Så tok han staven og gjekk, og kom inn hoss Lauris. Her kom han enda meir stillfarande og let auga gå enda meir vyrdsamt kring veggene.

«Nei so unaleg!» sukka han. «Nei, eg kjenner det no so meg allstødt hev kjent det, og som eg sa med han grannen dykkar: Eg er bonde, sa eg med han. Bonde. Det ligg mykje i det orde, og meir og meir etter som ein grev og grunar seg djupare inn i det, sjølv sagt. For det må ein verta klår yver og gjeva gaum på, at der er ei kluft, so å seie, millom bonde og arbeidar, dei er som to motsetningar beint ut, ja det er no mi ringe meining um den sosiale stoda her i lande.»

Han snakka lenge og om mange ting, og midt i det kom han i undring over handelslage: Skulde [50] ikkje Arnesen bli styrar der tru? Værfaren til 'n Odin? For han hadde vore i forretning i Kristiania, etter som dotter hans fortalde, – han hadde vore der lenge, visst? Og ein bra mann, det var kristenplikt å tru det. Så snakka han om bøndene og fabrikkene og heile lønsstriden der, det var ikkje

mindre strid det enn millom aristokrat og demokrat, så ein laut fylke seg der ein hørte heime. «Og då vert mannen din so mykje som føraren for bøndene og det aristokratiske livssyne!» sa han og tok Astri i handa til farvel. Han løyste seg opp i blank høgvyrdna og steig ut.

«Idiot!» mumla Lauris. – Ja, sa Astri, men ho tenkte langt fram for seg, stod og strauk med handa på stolryggen. – Javel, det er så det, seier Lauris. – Ja? – Jau, eg meiner som du. – At her må kallast saman eit møte da? i fabrikk? – Generalmøte ja, ekstraordinært; det var fanken så vel. Slik som han har kjørt oss i veita. – Du får ut og snakka med dem litt først da. – Det var ikkje for tidlig om dei merka at du òg er til. Men at han drog åt nota på andre sida, det nemner du ikkje. – Eh! Trur du eg er fødd finn og kasta hit i verda du? – Og ikkje dette om a Ingri og far hennar heller, – vi *veit* det ikkje, Lauris. For du skal kunne sjå folk i auga du som han, kvar mann du møter. – Ja, ti still med det der, eg veit kva eg skal gjera og ikkje! Kjerringprat. – Hysjt da, Lauris! slikt seier vi ikkje. Men eg må seie som sant er, at eg hadde ikkje trudd det der om ho ^[51] Ingri. Men det er vel ikkje så greit. Når dei endelig skal så langt fram i bygda.

Astri går og bit seg i leppa, ho flyttar på blomstrane i vindauga og på ting for ting elles. – Inga råd med det, seier ho ein totre gonger. – Kva da? Ein kan bli nøydd til mangt. Blande seg opp i skråle deira, eg trudde vi skulde ha gått fri det. Men at denne disponenten skal vera høgrehanda hans støtt! At han òg skal vera så blind? – Ja, sei det. – Ja, oss kan dei gjerne sette utafør alt som er i bygda. Men når dei slett ikkje ser kva veg det ber, når dei gjer seg til småfolk og herk alle i hop snart! – Ja, han har arbeidd, han, lo Lauris.

Han gjekk bort straks etter middagen, og kom heim seinare enn Odin. Han hadde vore mange stads. På heimvegen kom han framom Lauvset, og der råkta han Engelbert og vart i lag med han eit stykke bortetter. Engelbert gjekk alltid beint på, dei skulde høre meininga hans og komma fram med si, og helst skulde dei tenke seg om og gi han rett. Lauris var han arg på, for han var bonde og motmann i all ting, og sjelden å få rettelig svar av han. Han tok grovt til ords imot bøndene i kveld. Bøndene var mangt som ikkje var bra, men først og fremst var dei pølser, som arbeidarane stoppa i og stoppa i, og aldri vart dei fulle, for pølsepinnen var glømt. Dei var ti gonger verre enn storkarane i byen.

Men no skulde bøndene snart til å stoppe pølsa [52] si sjøl, sa Lauris. Gjorde vi vår rett, så reiv vi ned fabrikk og reinska bygda for all slags avåt.

Engelbert undra seg ved slike ord ifrå 'n Lauris. Han gledde seg. – Så, så, det skulde bli friskare vêr heretter kanskje? Gud gi det! Da skal vi nappast om pølsa. Men du, Lauris, du er berre ovundsjuk på 'n Odin, du. Det var han som vart ordførar, veit du, og – ja valdsloten lurte han deg òg på. Og fabrikk i gang midt framfor auga på deg, – han er leistelt! Kunde desutan ikkje fått meir enn sju kroner måle for silda, hadde det ingen fabrikk vore. Er det ikkje harmelig? – Å sladder! sa Lauris. – Nei takk, det er da sant; han sa det sjøl her i kveld.

«Når det li' ut i vekka, ska vi høyr ette om du minns det.»

«Æ trur mest han Odin svara for sæ sjøl æ, no som før.»

Lauris kremta nokre gonger; så sa han at Odin hadde vore dyktig til å leie folk etter nasen ja. – Kjem du òg med det der? sa Engelbert, han vart stuss med. Trur du kanskje han leier meg òg da? – Nei, er du galen du! kaldflirte Lauris. For resten, Engelbert, så er det arti å snakke med deg. Vi blir visst gode bussar til slut.

Engelbert gekk still og sturen bortetter vegen. Orda til Lauris hang med han, frå tretopp til tretopp, frå tuve til tuve; han likte seg kleint.

I millomtida sat Astri heime. Ho tenkte ikkje, syntes ho, ho såg attende, ting og annan som kom [53] og viste seg for henne og var til den dag i dag like levande. Slik kunde det komma ofte i det siste, og særlig når han Lauris var borte. Best ho sat, kunde ho sjå han frå den første tida her, først det attletne andleta hans, og så heile mannen. Da fekk ho denne bevinga gjennom heile seg, slik ho fekk den tida; ho visste at slik skulde ho ha kjent det om ho var barn og gjekk seg vill i skogen nattens tid, om det hōvde slik at den vegen ho var reddast den måtte ho gå. – Ho reiv seg ifrå det og såg for seg eldste gutane sine, Peder og Arne, den eine som han og den andre som henne, og enda var dei noko anna og meir enn det, kvar for seg. «Det va dem æ elska, sa ho; «æ visst da æ skuld få dem.» Det gjorde godt å få seie seg det, å få sjå det som det var.

Midt imillom stod Odin fram, eit ungt og smilande sterkt andlet. Han såg

rolig på han, og vel, og somtid smilte ho att: Slik ja, slik ja, berre driv på du, fram og fram! Men rettno renner du deg fast. Da først er det mi tid, da er det vår tid!

Da var Lauris der att, og for kvar gongen meir slik som ho vilde ha han. Og alltid var han slik at ho fekk denne kaldskjelven i seg. Den mannen ho skulde ha. – Men *etter* Odin, det var han støtt; og ansles kunde vel ikkje det vera. No såg ho Odin den tida han bygde her. Det var umulig verk han tok på seg, og gjort fekk han det; og meir glad vart han, des tyngre det gjekk. Eller: tungt gjekk det ikkje for han; det gjorde seg sjøl. Og ^[54] den tida var ikkje han Lauris meir til mann enn at han vilde bægje han. Odin visste om det, og enda tok han imot hjelpa da ho kom, og var glad; Astri fekk ein rykk enno når ho kom i hug det. Så var det striden her i bygda, for gamleheimen og banken og herredsdelinga og vegen og alt i hop, og no sist fabrikk, og Odin, den gutungen, han gjekk som blåsande sommarvêre over det og fekk det til. Men Lauris, han var den dei ikkje kjente.

Og no kom han. Ho sat og såg stilt på han med han kom inn og med han slengte av seg trøya på stolryggen; ho kunde aldri venne han av med å gjera det når han kom inn; ho såg på han med han sette seg bortåt og fekk seg mat. Han såg opp på henne, eit par gonger, og tenkte på sitt, urikkelig som han pla vera. – Kva dei seier da, folk? spurte ho endelig. – Kor dei er, gutungane? – Dei har lagt seg. Peder var som snarast i ungdomslage. – Kva folk seier? murra han. Å, dei tek da til og gnur sømnen utor auga, somme tå dem. – Var ikkje for tidlig. Sette de fast noko tid da? For møte, meinte eg? – Å ja da. No om onsdagskvelden, vart det avsnakka.

Astri vart skimrande lysraud. Elles heldt ho seg gjerne bleik. Det drog til eit par gonger oppi brunene, vidunders fint, og auga tok ein sterk, fri glans:

«Da ska du stå fram og slå te så det sei smikk!»

Lauris tok seg ein sup av mjølkekoppen sin; ^[55] så var han ferdig ved borde og skulde ha seg ein røyk. – Det trengs da ikkje så store faktene den her gongen, sa han. – Nei, når berre folk fekk opp auga så. Men det vart hans sak. Det var ikkje å sleppe no lenger.

«Ja?» Han snudde seg og såg på klokka, mumla nokre ord om stallen og hestane. Astri tok seg på tak:

«For det har dem rett te å vent' sæ herifrå, heile bygda. Og – – så pass te ryggstø ska gutan vår ha; dem trøng det. Dem har ikkj slekta bak sæ.»

«Nei, gudskjelov for det enda!» småsong han.

VII.

Onsdagskvelden var det austavinds-stormen. Fjorden var i ein dur, og brattfjella stod og song i stormen. Odin smilte til denne vinden, oftast, og han smilte i kveld da han gjekk til møte på fabrikk: Ja visst, det er da vi to; eg hører deg mest, hører deg med eitt mindre, ban! Han kom susande ung og kåt hitover myrane og småskogen, og ein gong imillom kasta han seg ned frå skar og fjellægder og rista i husa og hivde sand og småstein i auga på folk. Ein fekk legge seg framover med full tyngd når ein hadde han imot seg, og sette føtene til for ålvor når ein hadde han ifrå sida. Han var morsk i kveld, sa folk.

[56] Kvelden voks fram under høg, bleik himmel, nakne vinterhimmelen som synt seg, med grøngul skimring langt ute og raudgule stormvêrsranda ned mot have. Bygda låg still og grå millom fjella, ho let kvelden komma og vinden rase, det var forunderlig godt å sjå det slik. Alt vil ha si tid.

Folk tok til og kom så smått, ein mann her og ein totre der, og ein staden såg han fleire som hadde slått seg i lag. Mest kvar garmann hadde ein aktie, det var slik Odin hadde bala det til. Der kom dei. Da syntes Odin, og det hadde hendt han ofte, at han såg bygda og vêre som *dei* gjorde det: Kvelden gråna audslig millom berga, det var grått og audt alt i hop, og himmelen kald og trøstlaus, og vinden han kom som ein fiendsmann eller ein forjaga ånd; slik kjentes han for dem. Og slik var det å komma krøklende og skulle til møte, det måtte gjerast, det var det. Og *han* skulde vera ordføraren for dem, gjennom tjukt og tynnt.

Det var alt nokre komne før Odin, andre kom straks etter, og han slo seg for og snakka med dem. – Spår de uvêr, karar? sa han. Dei lo og tykte det var uvêr bra nok alt. Han gjekk ifrå dem. Han visste dei gav han rett med dei var så få. Han gjekk ut og snakka med arbeidsfolka, mest med Engelbert. – Berre litegrand ruskvêr, gjekk han og sa. Men det var det eg skulde ha sagt ja, at her er utrygt vêr

i vage, og blir det for hardt, får vi fire litegrand, – de er da seglarar nokon kvar?

[57] Dei var med han i det. Når det slarka og gjekk, no svarte vinters-tida, så fekk ein vera fornøyd. – Nei, sa Odin: ikkje fornøyd, just; vi ventar berre på bedre bør.

Da Odin kom inn att, var stua full. Han tok formanns-romme og boka, skreiv inn nokre ord. Så la han seg litt attover i stolen og såg på dem, smilte og bad dem fortelle kva dei hadde komme her for. Ein mann austafra la eit brev på borde. Det var fra Ola Engdalen, han bad seg fri for å vera med i styre lenger. – Han får stå i til over nyåre, til årsmøte, sa Odin og la breve i protokollen.

Endelig reiste den nye Vennestad-mannen seg og bad om orde. Han var utabygding og litt meir for seg enn dei andre. – Fabrikken, det er vi, sa han og såg seg rundt. Vi som har lagt pengane til. Han snudde på det eit par gonger, og tok seg på tak. Fabrikken hadde gått i stå, og som tida no var, var det ikkje noko å seie om det. Men no var han sett i gang att, med dyrt innkjøp og med pålegg på lønna, som var for høg før. Han la ut sterkt og rolig etter kvart at slik og slik vilde det gå: lågare pris på sildolja, rentetap og driftstap – han nemnte tal for tal, – og til slut stans for alvor, når eigarane var utsugd og stod att med ein blåsnytt nase. Med andre ord: Dette her var døden for fabrikken, og kva sa dei til det?

Folk hadde murra her og der, at dei var einig, og no losna det og snakka stua rundt, at slik var [58] det ja, døden for fabrikken, og no vilde dei seie –

Hadde det vore ein annan fabrikk, heldt han fram, at det hadde vore utabygds folk og utabygds peng, ja, og at det hadde vore forretningsfolk, det hadde vore eit anna mål, da vilde han ha sagt – –

Men det vart ikkje å få sagt det, og mannen sette seg. Han var sveitt.

Odin sat rolig. Han hadde set dem slik mange gonger. Dei fekk snakke i munnen på kvarandre eit tak, dei vart ikkje verre av det. Sia manna han seg opp og bad dem snakke ein om senn, men da vart det lite med dem. Endelig banka han i borde og reiste seg. Han snudde seg til Vennestad-mannen: Kven var det som hadde rekna ut alt dette for han?

Mannen fer med auga over golve, Odin med, og fleire ser same vegen; dei råkar Lauris.

«No Lauris?» seier Odin. «Snakk sjøl heller!» ler han.

Dei lo med når Odin lo; det hadde vore slik all tida. Ei sak vart aldri verre om ein tok det frå den kanten.

Lauris reiste seg. Han snakka likeglad han òg, heldt eine handa i bukselomma. – At du har narra oss borti denne fabrikk-plaga, seier vi ikkje noko om lenger. – Men at du kjøpte aktiar! skaut Odin inn. – Vi skulde no ha prøvd det, heldt Lauris ved. Men no ser vi da vegen framfor oss: Det ^[59] er til fjords det skal. Disponenten, skal vera, og formannen, det ser ut som dei synes det hastar. Notkarane, som blir snytt for lotten sin, seier eg ikkje større om, dei kunde ha sagt stopp; men vi veit det svir. Men vi er bønder, er vi, og må halde oss oppe, vi kan ikkje la dei eta oss levandes opp, eller rive bygda i raus utover oss, – vi kan ikkje kaste pengane på sjøen, for vi har dem ikkje. Og så det da, at det er meir om å gjera enn som så. Gir vi etter støtt, så gapar dei berre enda meir, dei som kallar seg arbeidarar, vi har andsvar der òg, vi ødelegg arbeidshjelpa for oss sjøl; dei ét snart opp garen for den som treng å leige.

Odin lo enda, såg på dem og hørte på dem. Stua var full av bra folk, og no var dei slept laus att. Orda *bønder* og *arbeidsfolk* surra alle stads kring veggene. Han reiste seg att og banka lyd for seg.

«Vi e da arbes-folk all i hop, let oss ikkj bruk det orde i striden. Først og fremst e vi da folk.»

«Nei! nei!» ropa det imot han.

«Jaså, ikkj det no? Så skuld vi prøv å bli det da, kanskji?»

Enno lo dei med; men da han tok til ords att og spurte om dei virkelig var meint på å stane fabrikkjen, var dei som eitt vêr imot han: ja! ja! no kan det vera slutt – – riv ned skiten – vi seler hele skramle heller da – til våren går det laust att! der var ikkje lyd å få.

Odin såg forundra ut. Så tok ålvore tak i han, ^[60] han slo med flathanda i borde og hysjta dem ned. Dei lystra, men dei såg fiendsk på han. Sinte hadde dei ofte vore, men det drage der var nytt; og bortmed veggen sat Ola Håberg og gjorde seg godt av heile stelle. – Slehta mi, tenkte Odin. Heile bygda må vera av

den da? Mosevakse med slekt frå fjord til fjord. – Tenk dykk om! ropte han. Gå heim, godt folk, og tenk dykk om, de veit ikkje det grand enno om prisar og slikt. Lat oss fara som vakse folk, vi har da gjort så før. Lat oss vente ei veke til, og få høre oljeprisen; det kan snu opp ned på heile reknestykke de kom med her i kveld. De må komma i hug det er ikkje spøk, det her, eller småting. Trur de eg vil det som er til skade for fabrikkjen da? Eller at eg vil dykk noko vondt? Har de trudd det lenge?

I denne augneblinken såg Odin han hadde makta over dem att, det fór med ein frisk straum tvert igjenom han. Ein ørliten styng følgde med, at for han kunde folk tulle avstad kva veg dei vilde, men gleda var ovanpå, dei skulde den rette vegen, kor som var.

Da seier Lauris, og måle hans slipar i stilla over dem: Du seier vi veit ikkje prisane. Vi veit no det likevel, at du brukte fabrikkjen her til å true opp prisane med hoss dei andre, – at det er dyr sild du har skaffa oss. Eit par kroner måle for mykje, hm? Og det skal vi betale?

Odin ser på Engelbert, som står nedmed døra. Han hadde fått ein aktie gjennom Odin nyst. [61] Han ser ut for like glad og for like vis der han står, det må ha komme til Lauris den vegen. Odin tier. Han tenker på fleire ting, men tvert igjenom det bit det han, at dei ser fiendsk på han att. Har eg virkelig eit lite sår der nokon stads? ler han innvendig.

No har det slege om i stua. Midt i ståke ropar ein: Vi har ingen lit til styre lenger! Vi vél oss nytt styre! – alle som ein ropa det same.

Dei tre andre i styre hadde vorte bleike og reiste seg med ein gong: Dei skulde gladelig ta sitt og gå. Men Odin ropar: Lat dei heller kaste oss! Han tok alt til og delte ut sedlar.

Lauris og Vennestadmennen vart vald med alle røstene, så kom Ola Håberg og mannen frå Juvika, – dei to hadde mange aktiar –, og den femte vart Odin, etter loddkast med ein annan ein. Da slo han seg på låre og storlo: No måtte dei jamenn velge han til formann att!

Folk hadde logna seg, og mange stemte i med: La gå! så tek vi til med same sjauen att! Lauris sa det var best at styre valde seg formann no med ein gong, så

kunde dei bedre få greie på kva møtelyden vilde og ikkje. Lauris vart vald, med alle røstene. Odin såg opp med panna full av lystige rukker, folk godflirte veggene rundt, og Lauris såg på dem og nikka: han stod ved det som var gjort!

Dei tok seg fri ei lita stund, Odin hadde tinga kaffe. – Som han sa, han som sloss med politie: [62] «Får æ ikkj kvil mæ no, da klara æ det ikkj lenger!» sa han da kaffen kom. Odin hørte dei snakka om han. – At han tapte da? – Må ein gong vera første gongen. Ola Håberg kom bort til han, smådissande: Eg meiner du datt på bakenden, Odin? – Nei da! Men datt gjorde eg. Slik går det når ein ikkje blåheld take sitt. Og så lite som det *gjer* meg? undrast han med seg sjøl.

Elles var det kaffekoselig prat heile romme over.

Midt i kaffedrikkinga og snakke hørte Odin at Lauris og disponenten var i busta på einannan, og fleire heldt med Lauris. Odin monna seg bortåt, men før han kom så langt at han fekk tak i kva det stod om, sprang disponenten opp og var kritbleik i andlete, spurte om det var slik å forstå at Lauris vilde bli kvitt han? – Ti stil og sett deg ned, mann! sa Lauris, så myndig ein skipper kan bli. – – Eg tek ikkje imot nokon kommando! svara den andre. – Nå, det – blir vi no meir hell ein om. Og ein av dei andre la inn: Du får da trivast her om du ikkje har 'n Odin til å bera deg. – Ein ting vil eg seie, sa Lauris, og det er: du er ikkje *u-undværlig*. Kom i hug det, heretter.

Odin og nokre til prøvde å legge inn eit godt ord, men disponenten hadde alt fått så mykje og såg seg så rasande på glisen til Lauris, at orda var sagt før folk vardest: Ja vel, eg seier opp posten i denne stund! Å langt ifrå, eg tek det ikkje i meg, det skjer ikkje! – Kjære, det er da [63] ingen som bed deg heller om det, lo Lauris, han var god og blid no. No når fabrikkjen skal stå, smilte han til dei andre.

Disponenten var frå Vestlande nokonstads. Han var ein stø og stillfarande kar, men når han først hadde sagt det, var det spikar i vegg, han gjorde seg veg i folkfjøllden og ut. Odin såg dei høge, tverre akslene hans i døra. Det var skjedd som skjedd var.

Ja, kva gjorde dei no? spurte Odin, litt hadde vore. Lauris røykte, og dei andre vakta på han og venta: Kva gjorde dei no? Lauris hadde endelig hørte dem. – Gjorde? undrast han. – Ja, utan disponent? Han røykte att, til dei vart reint

møyre innvendig. – Treng vel ikkje disponent, de kallar det, når fabrikkens skal stå.

Dei tagde ei stund først. Så var det ein som sa det, og sia sa alle det: *Skulde* fabrikkens stå no da? Når alt kom til alt? Odin såg uvissa i alle andlet, det rykte og drog snart den eine vegen, snart den andre, dei hadde komme opp i det dei ikkje likte, dei ønska seg utan dei visste det, at det kom ein og snudde dem den rette leia. Dei såg bort til han, mange, av gammal vane visst. Dei var bønder, dei kalla seg, og skulde ha halde seg til det, – det var han som hadde narra dem borti det her.

Han nugga i Lauris, at han fekk ta romme sitt og få ei avgjerdsle. Lauris såg virkelig opp, men han hadde nokre drag urøykt enda. Da det [64] var gjort, gjekk han fram til borde og tok i stolryggen, såg ut over forsamlinga og bad dei høre etter. – Det var det, om dei skulde la fabrikkens stå eller våge seg på å ha han i gang. Dei måtte uttale seg om det, versågod, orde er fritt!

Odin tok orde. – Eg kan ikkje seie anna enn at eg var mest huga på å gå, sa han. Vi er litt for – barnslige her i kveld. Sanninga er vel den, at vi har rota oss oppi det vi lite og inkje forstår oss på. Og slik er det over heile lande, det veit alle som les eit blad no om dagen. Vi treng ikkje å skjemmast, for det er slik all verda over, berre det at dei er mindre trehendte til å glatte over det. Og her står eg som har andsvare for den her greia, de kan henge meg visst det skulde lønne seg. Denne fabrikkens, vi skulde knapt ha lagt i veg med han. Og no meiner eg, – han retta seg opp og let orda få all si tyngd, men han stod med ein logn smil: eg meiner at skal fabrikkens stane no, så legg vi han ned for ålvor, like snart. Pengar har vi tent, og enno kan vi få seld heile rukle, vi kan tilstå at no vågar vi det ikkje lenger, eller at det var eit mistak. Vi har fått bogskjelven i oss, og da så – –

Det vart dørgande stilt. Ein for ein såg til Lauris etter eit bergings ord. Han kremta og reiste seg. – Nei, fabrikkens vilde han ikkje legge ned, og ikkje stane han heller, no når mistake var gjort. Han vilde det slik: Dei skulde la han gå, men siste lønsauken til arbeidsfolka måtte vekk; [65] så fekk dei områ seg til våren; dei hadde ikkje tenkt nok over det enno. Disponent? Ja, trong dei ein, så fann dei alltid ein; han trudde ein mann som Arthur Ween kunde klare det fint.

Orda om fabrikkjen fall i god jord. Den eine etter den andre var opp og sa seg einig med formannen. Så var den tingen avgjort, og Odin smilte. Han hadde orde og åtvare dem, likevel, dei måtte komma i hug at i slike ting *kunde* ein tape, og no hadde dei som sagt fått kvekken. Han sa det trygt, for han visste han hadde mista take i dem. Jau, det var borte no; dei hørte ikkje på han. Odin smilte att.

Arthur sat bortmed veggen, midt imot han. Han prøvde å sjå ned, men han måtte opp med auga og møte Odin sine. Han skifta letene eit par gonger. Til slut, da det var stilt ei blink, reiste han seg og sa at disponent-posten trudde han seg ikkje til å ta. Han fomla litt med orda, såg på Odin enno ein gong, ein rådlaus blykt berre, og så sa han at vilde dei ha ein mann no for det første som kunde stå for det, så visste han ein, og dei med kanskje. – Det var Bonsach Arnesen. Han er i slekt med kona mi, sa han, men eg nemner han likevel, så får de gjera som de vil; han har styrt slike tiltak før både nordafor og sørafor.

Lauris såg på Odin, ein liten vond flir oppetter han frå dei smale auga. Folk sa at fekk dei han, så var dei berga. Til så lenge, la Lauris til. Og slik vart det avgjort. Dei prata seg imillom [66] og var vel fornøyde: Dei hadde i grunnen fått fram viljen sin alle i hop.

Odin hadde orde siste gongen, og sa at han vilde ikkje sitte i styre no når lønna var nedsett. Ho fell oss litt tung, eg ser det, men eg har lova dem dette pålegge og vil ikkje gå ifrå det.

Da står Engelbert i døra. Han vilde berre varsku om at no vart det streik att. Det vart eit kvast ordskifte nedmed døra, steig til reine skråle sistpå, men røsta til Engelbert var over dem alle. Odin arbeidde seg dit og fekk tak i han, skuva han litt utor fjøllden og heldt handa på aksla hans. – Du skal gi deg lel om du har rett, du er da såpass klok. Lønna *skal* i vêre, ho kjem sjøl, berre det ryk under kjelane her ei veke eller to. Eg har snakka med storparten av kammeratane dine, og dei såg det som eg.

«Aldri i verda!» ropa han. «Ikkje ein tomme firar vi den her gongjen!»

Odin lo som han pla gjera, og rista han litt: «Du har rett, men du skal fire litt lik-vel.»

Engelbert såg rasande på han, best det var, hadde liksom ikkje set før kven

han hadde for seg:

«Og det sei du, Odin! Du? Så veit vi da det, at du er verste fienden vår. Fer her og smit og gjer deg til vens med oss – du ska akt dæ!»

Folk som hadde skrive under, kom og trengde på, vilde ut, og nokre la seg borti snakke deira. Odin sa farvel og gjekk, han glømte både underskrifta og det andre. Ein rasande ein nytta det ^[67] aldri å snakke vettugt med, det var det verste ein gjorde han.

Odin vart i lag med ein heil skokk som skulde nordover. Vinden var så grov, det var umulig å snakke. Men Odin var lett i hugen, kunde gjerne ha snakka med vinden eller sunge ein stubb, for det var fri manns tone, ein einslig og fri ein som dei aldri fekk tak på. Og himmelen og fjellranda og alt i kring han var kjent og kjær, var det det hadde vore, og heldt med han som det hadde gjort.

Men Ingri vart ikkje glad større for det at faren var sett til disponent. Ho sa ikkje noko, men det fór over andlete hennar, slik det gjorde når verste stormstøyten tok i stua og rista. Men da han fortalte kor han hadde tapt på møte, såg ho på han med djupe løynske auga og lo: Der fekk du, endelig ein gong! – Ja, lo han med, og det verste er, at eg kunde ha snudd på det, men eg gjorde det ikkje. Det kunde få snu seg dit det vilde. Så snudde det seg rette vegen lel. Dei var reint vonde, nokre av dem, eg kunde ikkje kjenne att dem. Men det kom for meg så lite, å vinne over dem. Så snudde det seg rette vegen lel!

«Og alt det her berre for silda som kom og gjord uro i sjøen!» gjeispa han.

OPP OG FRAM!

[68] Sundagskvelden var det stor årsfest i ungdomslage. Det var årsmålsdag både for lage og huse.

Odin, som hadde teke største take med å få opp huse, var bedt om å halde sjølve fest-talen, men han hadde ikkje lova det, han hadde berre sagt han skulde komma dit. Det var så mange andre som gjerne vilde tala for ungdommen no. Så vart det til at Vikesylt skulde halde hovudtalen.

Landvinden hadde logna seg. Det var stilt vêr og eit grand kaldt, berr jord og litt måneskin. Unglyden møtte frå bygda rundt, og mange eldre med. Dei kom stillfarande og vakkert etter vegane no, det kunde einast vera nokre av fabrikkfolka som hadde litegrand i hovude og hørtes der dei fór. – Slik var det ikkje i førstninga, Odin, sa Ingri da dei var i vegen dit. – Nei, det har da vorte likare. Det var det eg sa deg, eg, at berre ein venta, så vilde det bedrast litt etter kvart. – [69] Du stridde no ikkje mindre med det. Og no, no angrar eg ikkje på det, Odin! Han klemte handa hennar, som han fann nedi frakkelomma si. Han gjekk og tagde ei stund; så sa han: Og enda, Ingri, så veit eg ikkje. Inst inni meg, der er det mest som eg saknar noko når eg ser dei kjem slik og går inn og sett seg. – Kva da? – Det er skam å seie det. Men det var liv i gamle dagar òg; dei var så fulle av liv, dei hoa og ropa mange gonger av berre reine ungdommen og kjæta, kjem du ikkje i hug det? Nei, eg ønskar det ikkje oppatt, det skal vera slik det no er. Men dei er tamme, folk. Eg kjenner meg frammand, somtid, – er det noko sak å vinne over slike da? Eg kunde ha klara dem på generalmøte her om kvelden – – ja nei, eg skryter ikkje, det er tvert imot. Tvert imot! «Akt dæ, hell så kjem æ!» sa mannen, nordavinden tok han.

Vikesylt var på talarstolen da dei kom. Heile salen var full av fest, og Vikesylt var på rette romme sitt. Odin sette seg nedmed døra og tok Ingri på fange, sat så og let seg bli med i talen. Det var fagre og sanne ord. Somtid rann dei lognt som elva, og somtid steig dei som fossen eller tungsjøen, med makt og mynde; av og til stana han i det og leita, inn i seg sjøl etter nye tankar, eller fram for seg etter nye fagre bilete, han leita og han fann. Ungdommen sat medriven; dei hadde aldri hørt fagrare lyd. Så bar det mot slutten, og no var talaren i ei glo, heile [70] den store mannen: «Upp og fram!» mana han, «upp og fram! I frå verdi til andeheimen, ifrå deg sjøl og til Gud! *Det er det som er uppe i tidi!»*

Forsamlinga losna med ei skrei av fagning. Etterpå sat dei lenge før dei kom seg. Mangt eit andlet fall i hop og vart tomskinna eller rukkut, så spent hadde det vore. Odin kunde sjå kor den eine fall ifrå den andre og vart seg sjøl att, eit einslig lite menneske med seg og sitt. Men mange heldt seg høgt oppe heile tida, var himmels langt borte med auga.

«Upp og fram!» drog det i dem.

Formannen kom og spurte om Odin vilde tale no med det same. Nei, han vilde heller vente. I ein skynt fór det framom han, at dette var nok for i kveld, han skulde ha teke Ingri og gått heim, for der hørte *dei* til. Men no var songkore fram, det måtte han høre; og da det var ferdig, måtte han på talarstolen. Ingri let ein annan få romme, og gjekk bort til far sin og stod. Ho var bleik støtt når Odin skulde fram og snakke.

Odin hadde tenkt på mange ting han kunde tale om. Det rann innpå han, der han stod, at skulde han tale for ålvor no, da vart han aldri ferdig, og ingen fest vart det heller, det vart ei bør han måtte kaste av seg og lesse på andre, og den bora var her ingen til å bera. Så tok han seg på tak og snakka om samanhengen millom det gamle her i bygda og det nye, millom det som var og det som er. Det meinte han var live: å ^[71] skyte røttene sine attende til det som var, og tøye seg fram til det som aldri har vore, men som likevel har ligge i oss frå alders tider. For der må vi finne det, det som skal bli, ellers blir det å finne og kaste frå seg, finne og kaste, ein får aldri oppleva den sanninga som skal *bera* oss, at dette er meg sjøl. – Det kjem for meg, sa han til slut, at eg er ein heidning ifrå gammaltida, at det var derifrå eg måtte snakke, om eg skulde få sagt sjølv orde til den tida som er! – – Han tala om *manns ferd*. – Det er oppe i tida, sa han. Eller det burde opp i tida.

Heile tida hadde Bonsach Arnesen stått og stirt på han, ikkje forundra just, og ikkje riven med så ein kunde sjå det, berre eit par auga som stod stort og fast imot han, – som visste at det var sant det han sa. Og gong for gong kom det framom Odin og spurte kvifor han stod her og sa dette. For det meinte han ikkje, at dei skulde sjå det slik han gjorde, eller gå rikare heim om dei gjorde det? Nei. Men han vilde snakke med dem, ha tak i dem, for han kjente sterkare enn nokon

gong at han hørte dem til. Han vilde kjenne at dei forstod han, at dei var med han når han berre så vidt øygna sanninga i det sjøl: Manns ferd, det er å ofre live for ei hjartesak? Javel. Men det er meir, og det skal enda ikkje falle tungt: Det er å ofre hjartesaka og kva de nemne kan, når det gjeld å berge sitt liv, det inste i oss, som ikkje kan ofrast!

[72] Dei var med han, på ein eigen måte. Han hørte det når dei klappa til han, det var ansles enn når dei klappa til Vikesylt. Og for Ingri var det underlig, såg han. Det skjein over andlete hennar, ei stor sorg eller ei stor lukke; og slik stod far hennar der òg.

Etter kaffeen var Engelbert opp og tala, for der skulde vera ein frå arbeidarleiren med. Han stod der ung og stridshuga som han pla vera, lys i hår og hold, nasen litt opp, og auga i kaldt blått. Odin var huga på å klappe til han før han hadde sagt eit ord. – Han tok for seg det dei andre to hadde sagt, og reiv det sundt: Det var vakkert, det var tjuv-vakkert, men usant var det, og usundt var det, eit garn til å fange ungdommen i og gjera han til slave. Dei snakka om spørsmål, og dei snakka om sak. Her var berre eitt spørsmål, og det var spørsmåle om føda. Slik såg sanninga ut, enno; ho var som vinterdagen, og ein fekk klæ seg deretter. – Korles lever de, folk? ropa han. For slik som de lever, slik blir de. Skal de gå slik da, – skal de aldri fri dykk ut av bondegrauten og bondemåle og alt det der? Aldri ut frå småmanns-slaveri og bli det de er skapt til, frie og rike og *dana* folk? For *det* er det som er oppe i tida, og det veit de alle i hop!

Kammeratane hans hadde ropa *bra* og *høyr* heile tida, og no reiv dei mange andre med seg. Nokre få prøvde å hysjte på dem. Eit par ungdommar og ein av dei eldre bad om orde, men [73] fekk det ikkje. Det låg strid i lufta, og no skulde her vera fest. Men det murra frå fleire kantar. Odin var med Ingri utom døra, for no måtte ho heim. Så gjekk han fram til talarstolen og tok orde utan å spørre. Det vart stilt med ein gong.

– Det gled meg, sa han, at ungdommen er kløyvd. Det synes eg er fest. Sjølve striden får de ta ein annan gong, eller mange gonger. De seier, hører eg, at vi lever i ei dårlig tid. Synes de det? De synes som eg, at vi lever i ei vonfull tid. Strid er her, og usseldom og urett, men visst ikkje det heller var? Visst det var gråe

freden og velvære all veg framfor dykk? Har de set ein tjugemils veg framfor dykk i eit strekk utan bukt eller bakke? og så visst at den vegen var de dømt til å gå? Be gud fri dykk!

Han let auga gå over dem, og han merka at same smilen hadde grodd fram i andlete på dem som den han stod her med innvendig. Men det som er oppe i tida? Det er mangt det. Men det veit eg ikkje, om vi skal vera slavar av det. Det er vi som er oppe i tida, og opp og fram tenker vi oss, – og same vegen skal vi vel ikkje gå? Heile Europa over står ungdommen slik vegvill i dag, voner har brotna, og voner piner seg fram att, – og dei med skal vel brotne og bli mold for atter nye – – men no ryddar vi stua som i gamle dagar, i gammal-tida, og leikar som i nytida, la gå gutar!

Engelbert stod opp og vilde snakke, og no [74] var han heit. Men dei heldt alt på og flytta unna benkene, så det vart få som hørte på han. – Odin er min ven og slektning, derfor seier eg det frimodig: Han er oss den verste! – Bravo! ropa Odin, og mest alle stemte i med. Engelbert vart drukna der han stod.

Odin vart trengt mot veggen bortom katetre, og slik stod dei klemt til veggs rundt om, no før leiken kom i gang. Da var Vikesytt attmed han, Sølvreven, han kom og takka i handa for talen: Makelaus! Men det var ein liten ting han sakna, kunde med sin beste vilje ikkje dylja for det, og det var so mykje som *kristensyne*. – Og det kallar De ein liten ting? sa Odin. – Ja men no skal du svara ein gammal og einfeld mann, eg vender meg til deg på ungdommen sin vegne og spør: Kva er di stoda, – det vil seie standpunkt –, til kristendommen? Vi vender oss til deg og krev klårleik.

Det var visst både for høgt og for djupt til å snakke om, trudde Odin. – Kristendommen, det er med den som det er med kulturen: han er så sjelden heime der dei snakkar mest om han.

Folk seig innpå og vilde høre. Det reiste seg klårt og berrt imot Odin: Hit kjem eg knapt meir. Han vart rar i seg ved det, såg etter Ingri, men fann henne ikkje, – det var sant, ho hadde gått. Dei syg utor meg alt eg eig, sukka det i han.

«Men du hev no eit livssyn, veit eg? Ei livsuppfatning, skynar du?»

[75] «Æ trur da det.»

«Trur, seier du? Men tidi ho ropar etter klårleik, det bør du merkja deg!»

«Klårleik? Ka e det for slag leik?»

«Leik? Du stend ikkje og hæder, veit eg? Leik, sa du? Nei, tidi ho vil ikkje ha leik, eller lettlynde, eller sovore; ho vil ha ålvor. Ålvor og klårleik, som sagt. Ikkje lått og leik.»

«Gu' vil a det lel. Live er ein leik det, visst ein tek det rett. Livssyn, ha ha!»
Odin lo med blå blunk og smale auga: Eg måtte leve oppatt heile live mitt, her eg står, skulde eg greie ut det, og før eg var ferdig, hadde det fått ein annan let for meg, det vart eit nytt livssyn. Men no skal vi leike oss.

I millomtida har det komme nokon inn og spør etter Arthur; dei står i ein krins nedmed døra, og no går det frå mann til mann at det har hendt einkvart gale, på Segelsund, Ola Håberg er død, har gått seg på sjøen no i kveld; kaldgrøssen har snart fare alle veggene frammed. Vikesytt ser på Odin.

«Der hører du, og ser du! Kva eit menneskje er!»

«Å, vi ser ingen ting, nokon tå oss!» Odin arbeidde seg bort til Arthur og sa at han vart med han heim, fekk så tak i Arnesen og bad han gå til Håberg, til Ingri.

II.

[76] Det var som han frykta, at Mina og dei andre på Segelsund var halvt vettskræmte. Mannfolka var borte, på festen eller borti garane.

Mina hadde sakna Ola til kaffeen og hadde gått og sett etter han. Da kom ho i hug at han hadde vore litt rar av seg før um dagen, og best ho gjekk fór redsla i henne, det slo som eit vått plag innpå naken kropp, at han levde ikkje. Likevel var ho på veg ned til uthusa, ho trudde ho skulde finne han der liggande eller hengande, og ho var nøydd til å gå i veg og sjå etter. Da kom det for henne, at ho heller skulde sjå ned til sjøen, for der nedpå bryggeodden eller nedfor nausta hadde ho set han stod somtid; ho småsprang nedetter vegen. Ho fór odden rundt, og gjekk seg på skone hans ved åborden der fartya fortøyde seg. Ho sette i og ropte namne hans, eit par gonger. Skone torde ho ikkje røre. Da fekk ho sjå ein

lang hake låg straks bortafor, ein båtshake frå eit farty, visst, dei hadde brukt han til garnrå. Den tok ho, og til å sokne i sjøen, ho visste så tvillaust at der nedunder brattberge låg han. Litt hadde vore, fekk ho tak og drog opp. Det var han. Ei lita sund visste ho knapt til seg, ho hadde berre ein ting klårt for seg, at utan sko skulde ikkje folk finne han, for det hadde ho hørt frå gammalt, at folk som gjorde åt med seg, dei smetta av seg fothyre først. Det [77] var tverrdjupt ved bryggeberge, men ho fekk bala like frametter med lande til det låg på grunn i ei bergklip. Der kleiv ho ned med skone, vadde uti og fekk dei på han, slikt det var. Det hadde leita på, så fjell og jord dansa for auga da ho retta seg bein.

Alt dette fortalte ho Arthur og Odin, da dei stod dernede. Dei drog han opp på berge og la eit gammalt segl over, var så opp etter hest og vogn og kjørte han oppover, bar han inn og la han i kammerse hans, – nokre kvinnfolk kom og hjelpte til. – Han har tenkt på å ta tå seg skone, meiner eg? sa ei av dem. – Tøv! sa Mina, ho var kvass i måle: han fór ofte slik og slarka utan å reime skotye; og det var sant, kom dei i hug.

Mina hadde vorte grå som leir i andlete, og da Arthur gjekk ut som snarast, sa ho til Odin:

«At 'n skuld gjera oss det her!»

«Ja, slik var no det,» sa Odin. Rart at han ikkje hadde gjort det før, tenkte han.

«Men ein ting, Odin: Vi nemni ikkj at – – at skon' hans stod att på bergje.»

Han såg opp på henne. I det same ser han ho minns den tida ho var frelst, og ser at ho veit seg opendaga. Han blir raud og veit ikkje ord å seie. Auga hans fall på eit brev bortpå borde, millom bøker og blad; han gjekk dit og tok det. – Til Mina, stod der, og det var den runde fine skrifta til Ola. – Du kan sjå i det sia, sa han. [78] Men da han leverte det, syntes han det var gale gjort, ho skulde ikkje ha havt det.

Da han stod på gonga heim, sa han til henne: Vi seler det slik det er. At han vart lei seg på jorda og gjekk på sjøen, – ein gammal, nyttelaus krok. Og elles skal De ikkje sjå Dykk tilbake, for da blir De ei saltstøtte. Enda De er sterkare enn De veit om sjøl. – *Må* du heim i kveld da, Odin? Ja, han måtte det.

Han gjorde ikkje heimvegen lang. Lyden av fotstega hans hang med han i skogen og haugane, låg som ein frisk liten song etter han i stillvêre. Eit og anna drage susa det oppi fjellpyntane, så djupt, det vart gjerne stormen att. Og gjennom han svara det, i same tonen, at slik susar det somtid over eit menneskje ja; og no venta ho Ingri hardt på han.

– – – Ho gjorde det ved dette leite, ho såg på klokka alt i eitt, og når ho snakka med faren, var ho langt borte frå han.

Ho hadde vorte skræmt da han kom. Ho forandrast i andlete, og svara ikkje da han helsa godkveld. – Kor'n er, han Odin? sa ho berre. – Å, ho skulde ikkje gruve, han kom da snart han òg. Litt om senn fekk gleda makt over henne og kom lysande fram i andletsdraga: Men er det du da far, som kjem hit? – Ja, han Odin bad meg sjå hit. Sat da elles og tenkte på det sjøl òg, da du gjekk. Visste ikkje kor velkommen eg kunde vera – – det er lenge sia eg snakka noko med ^[79]deg. – Du skal ikkje seie slikt, far! Men kvifor – – har det hendt noko da, far? Sei meg det straks, så er du snild!

Han fortalte det han visste. – Å gudskjelov! seier ho. Eg trudde det var einkvart med deg! – – Nei da, med meg er det ikkje noko. Anna enn det da, at eg har vorte som ein styrar, til så lenge, på fabrikk. – Ja, eg vart så glad da eg hørte det. Men like vel, – du skulde visst ikkje vera der, far. Eg er så redd. Ja, for dei er farlige, folk, du kjenner dem ikkje! Nei, dei har ikkje fått noko bukt med han Odin, men.

Arnesen smilte: Trur du dei er farlige, du? Nei da. Og eg ser du, eg går mot ei bedre tid no. Det har vore imot meg hittil. Heretter blir det ansles. Har ingen ting å vera redd for heller, eg, utan for deg da, – at eg skal kaste skugge over deg her òg. Men eg måtte hit; eg veit du skjønner meg; du skal sjå det går bra no. – Tør du tru det da, far? – Ja da. Det gjer eg. Og no ser eg at eg kan gjera noko her, både for han Odin og andre. *Han* skal få rett, vera stø på det du! Han Odin. Men du får snakke med han, du: Han kan bli søkkande rik kva dag han vil. Kunde låne pengar og kjøpe heile fabrikk, ser du, til sommaren fekk han dubbelt att! Om eg kunde ha gjort han den beina, og deg med!

Ingri lysna i auga og alt andlete med hara snakka, men det slokna straks han

tagde. – Nei! smiler ho. *Han* legg seg ikkje borti spekulasjonane [80] meir. «Det kan 'n Lauris gjera!» vil 'n berre seie. Vi seier kanskje garen her med prisane er på det høgste, og kjøper Kjelvika; vi har gledd oss på det. Ja, for eg, far, eg synes somtid at bygda ho er farlig. Det er visst berre tøv, men. – Berre tøv ja! Og så for deg da, du som er kona hans Odin? – Ja, vi har no berre leika oss med den tanken. Men om vi *var* der, like vel!

Ingri var i kjøkene og stelte med einkvart, men kom snart inn att. – Denne Engelbert han har så mykje med? seier ho. – Ja, kva er det for ein? – Han skal vera av folke til Odin, langt ute; han er for resten fødd i byen. Odin har hjelpt han litt, for han har slik tru på han, har enda fått han til å slutte med drikken. Odin seier han er ein bra kar? Ho smiler: Det seier han visst om alle han? – Ja, det skal vera bedre å tru alle enn ingen, veit du. Og ein sterk ein kan gjerne tru alle. Han Odin, ser du – – eg har levna opp sia eg kom hit. Og han er du gift med! He? – Ja trur du eg skjønner det da? Da var det vel ikkje – så rart imillom oss som det er! Rettno er han i heimvegen, trur eg.

Dei merka båe at dei hadde snakka i eitt vekk, at dei hadde halde unna det som hadde vore og ikkje skulde snakkast om.

– – – Da Odin kom framom stua hoss Lauris, hørte han ståk frå vollen bortom uthusa. Han hørte måle til Anders, og straks etter skilde han måla til båe dei eldste Lauris-gutane. Dei [81] var i hop og sloss. Så gale hadde hendt før; dei hadde det ikkje med å stå og gi kvarandre skitord. Peder var gjerne den som tendte på lunta, og Anders gauv beint på han. For det meste fekk han juling, for dei vart gjerne to om han. Det fekk han no òg, var det likt til. Odin stod still og let det ha sin gang. Dei hadde han under seg ein totre gonger og gav han skikkelig, så Odin tok eit steg fram og vilde seie det var nok. Da riv Anders seg ifrå dem og kuter bortetter ekra heimover, han var snarare enn vargen, og midt bortpå flata stanar han og ropar på dem:

«Vil dokk ha meir juling no, guta, får dokk skynd dokk hit, for no går æ heim!»

Dei to andre lo, hørte Odin, det var ikkje snakk om fiendskap der. Slik kunde dei rivast og slåss, når *det fór* i dem, men venner var dei og vart dei og heldt i hop

åre rundt, i vist og gale, og Anders måtte Laurisgutane ha med, same kva dei skulde ha for seg. Odin visste ikkje kvifor han vart så glad for dette just no, men det vermte i han som ein lovna, einkvart å lite på, han kunde ha teke og rundbanka dem alle tre i berre godlåt, – dei hadde da visst livssyn dei der?

Og rundt omkring var det stilt og lydt, det var så vidt og fritt kor ein snudde seg; fjellsida prøvde å smile fram til han i månelyse, så veikt det var, og skogjaren og myrbande slikt slag. Men øvst oppi liene og kring fjellpyntane dei gjekk susinga av noko slag vind, kom og gjekk ^[82] frå tid til anna. Odin trudde mest det hadde vore der all hans dag, like åtvarande, berre at han ikkje hadde gitt det nokon ans. Ein og annan hørte det kanskje, i kveld som ein annan kveld, undrast litt attmed det og snudde seg ifrå det, det var da berre vinden.

«Opp og fram!» smilte Odin, og så gjekk han inn.

Dei åt til kvelds i stua i kveld, når her var frammandfolk. Anders såg ned i talliken sin, men da han merka faren heldt auga med seg, slo han andlete opp og lo beint imot han: Når det bar i hop med oss så! Trudde da for resten ikkje at nokon skulde vera i nærheita og få vita om det.

Arnesen og Odin kom ikkje stort i snakk no heller. Dei snakka litt om fabrikkjen og litt om andre ting, men ingen av dem hadde tankane sine der. Gong og annan møttes dei med auga. Da syntes Odin at Arnesen nikka til han, noko slikt som at du skal sjå det går! Elles var det vel det, dem imillom, tenkte han, at dei skjønna einannan, møttes ifrå kvar sin kant.

«Enn at 'n va her og sa farvel!» sa Ingri best ho sat.

«Han Ola? Ja, du har rett i det. Og no har 'n falli ut, som ei tann utu ein gammel munn.»

Men Ingri hadde vorte bleik. – «Det va ikkj sjølgjort, veit æ?»

«Som ein tek det te. Han va ferdi og dø leng før mi tid. Han ha' visst aldri vøri i gang.»

III.

[83] Alt eit par dagar etter gjekk det orde, at Arnesen hadde fått spurlag på ny

oljepris, og straks etter hadde dei vissa for at det var sant. Der var pengar å tene. Folk stana litt med det same, spurte enda ein gong om det virkelig var så, dermed gav dei seg i sige att. Når dei endelig skulde ut med det, så hadde dei aldri tvila på *det*. Herregud, det var da mangt som steig enda, så steig vel den, og ikkje hadde *dei* stemt for å legge ned fabrikkjen. Men han Odin, ordføraren i bygda, han hadde stått opp og snakka i fullt ålvor om at dei skulde legge han ned.

Lauris var den første som fekk vita det. Han fortalte det til Astri på det vante vise sitt, slik ein nemner at no er klokka sju. – Du skal vera glad, Lauris! sa ho; og over henne fór ungdommen og mote som så mang ein gong før. – Var ikkje det ei godt varsel da, Lauris? – Varsel forstår eg meg så lite på. – Ja men, dette er da det første sia du vart formann – kvifor kan du ikkje vera glad ein gong du òg? – Eg er glad støtt eg. Så passlig. Men no blir det å legge på lønna for desse svoltningane, kva seier du om det, tru? – Nei, dei skulde ikkje ha lov til å true seg fram, sa ho i tankar. Men det er hans Odin si skyld det òg. Han har berre lokka dem med seg; han har aldri regjert over dem. Det er det som ventar på deg.

[84] Lauris såg litegrand klomsa ut, ein augneblink; så var han Lauris att. – Eg veit det der. Men den som skal tenke på *det*, han må tenke på mange ting. Han må for det første ha denne Engelbert Olsen med seg. Det er han som er krumtappen der borte. Men sjå, han tåler no ikkje du. – Nei, eg må seie som sant, – Astri smilte og beit seg i leppa. Ikkje innser eg kva du vil med han heller, han skulde tukkast ned! – Det er noko som heiter planer, sa Lauris ålvorsamt. – Ja ja, Lauris; eg skal prøve. Vi får kanskje ikkje vera fullt så – så tynnhærd heretter. Og så er det du som rår, veit du.

Ho råkete Ingri same dagen. Astri var bortmed bekken og skylla nokre klæplagg, for vatne heime var ikkje til det bruk, og Ingri hadde eit par tre-kjørel der. Dei vart ståande litt og snakke, og Astri fortalte tidna frå fabrikkjen. Ingri såg halvskræmt opp med det same; ho spurte om det var sant. – Jau, sant var det, og no bar det vel framover med fabrikkjen att. «Det ser ut for han har løkka med sæ, han far din,» sa ho. Sola skjekin fram og midt i andlete til Ingri, så det skifta farge og håre kom til å stå i eitt glitter; det vara ein blunk eller to, og så var det sløkt. Himmelen var vatrut av små lyse skyer. Ingri hadde alltid så vondt for å sleppe

Astri med auga, dei vart ståande opne og mørke imot henne, knapt at dei fekk blunk for seg. Så verjelause og utan svik var dei, at no vart Astri hengande ved dem. [85] – Og det, Ingri, at han Lauris tok romme etter 'n Odin, du tek deg ikkje nær av det, veit eg? Ja, eg meiner: det har seg slik her i verda, det er ingen som kan større råd for det? – Nei, sa Ingri. – Nei. Vi let dem hoggast, vi, dei har slikt å gjera, – Astri tok klæbøtta si og gjekk heim.

Ho likte seg ikkje, for no hadde ho snakka nokre ord for mykje med Ingri att; – ein steig ned til henne liksom ein skulde vera eit vaksemenneske og ho berre barne, og så stod ein der før ein gådde det og var barn i lag med henne, ja og så var ho langt borte ifrå ein likevel. Det måtte vera det ein kjente på seg, at Ingri var det lett å gjera vondt, og så var ein glad for at ein ikkje var den at ein gjorde det.

Fabrikken kom i gang att, det var mest som det gjorde seg sjøl. Arnesen tinga med arbeidsfolka, lova dem det dei krevde, snakka med styre og fekk det i lås. Det synt seg snart at det kom til å gå storveges, for silda var feitare enn nokon hadde trudd. Arnesen sette full fart på, dreiv med overtidsarbeide på harde vis. Dei sa han hadde eit særskilt godt lag med å få folka til.

Da kalla Lauris saman aktie-eigarane til nytt møte. Dei hadde gått i veg med å vide ut fabrikk her i sommar, det var enda mura opp syllmur, men lenger kom dei ikkje, dei tykte arbeidsfolka vart for urimelige. No var det mange som vilde det skulde byggast straks. Der var sild nok i nøtene, og arbeidsløyse nok i bygda til vinteren, [86] dei fekk slå eit slag. Her var liv og framgang, folk hermte det med skøy etter Sølvreven, men dei meinte det i fullt ålvor: «Det skal upp og fram!»

Spørsmåle var om dei skulde bøye seg for bygningsfolke.

Odin møtte opp og tala for det. Skulde her byggast, så fekk ein betale. Han fór hardt med bøndene, viste til prisene på alt dei hadde å sele, det var hund-dyrt alt i hop, og nemnte enda å ta skade på si sjæl. Folk murra, men han var over dem att, og enden vart at dei gav seg; dei vilde enda ha han til formann i bygningsnemnda. Odin lo, og bad dei komma i hug at han rådde ifrå denne utvidinga. Eg har vorte redd, sa han. Eg var aldri redd leiken, om han var nokså

vålig, det veit de; men no skulde vi slutte med leiken er god. Nei, eg ser de har vondt for det. – Eg kjenner meg sjøl att, han ser fram for seg og smiler, halvt gutunge og halvt gammal mann: Det såg visst ofte ut som eg var i ein rus. Ja, eg angrar ikkje på det. Men den her gongen – er det ikkje eg som går i nokon rus.

Dei hørte ikkje større på han, vant som dei var til at han kom med einkvart rart. Dei valde han til formann, og arbeide vart sett i gang fortast det let seg gjera. Det var slikt godt vêr.

Lauris kom dei godtsom ikkje i hug. Han hadde ikkje talt til, og ikkje ifrå; – så slug var han.

[87] Midt i sjauen vart det gravøl på Segelsund. Odin hadde ikkje set Mina så nedfor, ho gjekk i sømnen og i pina og visste knapt kva ho svara når dei spurte. Odin hadde forbydd dei å be dit Vikesytt, og det fann folk rimelig, for litt medkvart hadde det komme ut kva slag død han Ola hadde fått. Dei syntes det, mange, at dei kunde ikkje vente annan ende for han, ein einstøing og ein forlese ein, og ein gudsfornektar dertil. Odin song ut like.

Og kirkeklokka tona like tungt og av hjarte over Ola som over ein annan mann, ut i blåklåre haustdagen. Fjell for fjell tok tonen og heldt han ei stund.

Odin såg rundt frå den til den ved grava, han kjente sjøl at han hadde vorte bleik: Same songen over sakna-dauen og over den som er unyttig i verda! Sat Vårherre og såg det så høgt ovan ifrå? Han møttes med auga til Astri; men ho var snar til å slå sine ned. Da var augnehåra lik blå skuggar nedetter kinna på henne. Ho hadde forstått han, og syntes ho hadde gjort seg skyldig i synd eller skam.

Men presten las: «Og av jord skal du igjen opstå.»

Da kjente han handa til Ingri borti si. Han tok henne, og slik vart dei ståande. – *Når* skal vi menneskja vinne over døden? tona det i kring han.

Men for det første var live der og skulde [88] vinnast over. Det var å gi seg inn i straumen att, imot han eller med han, i notlage og byggesjauen og mangt anna, og alt saman så gjorde det godt. Folk var velsigna så rare. Sjelden fornøyde, og sjeldnare einige, og støtt i så djupt eit ålvor over kvar småtingen som bar imot, ein skulde tru det var live deira og enda meir om å gjera; Odin stana opp framfor dem rett som det var, og lo høgt og av full bringe midt i andlete på dem. Da løyste

knuten seg for det vissaste, dei hadde ikkje store gåvene i vondskap. Ofte var det òg ein eller annan som såg lognt på tingen og smilte full av gammal visdom, kom med eit ord som kunde grøde eit sår.

Ingri såg på han somtid, helst når han stod på gonga hit eller dit. Ho hadde set slik etter han i alle åra, kunde hende, men no først nådde det innpå han, og ein dagen – han stod med farten i seg og skulde i veg att – snudde han seg om til henne med små groper ovom brunene: Om det her er live, seier du? Ja, Ingri; for meg så. Enno ei tid! Enno ei tid ja!

Ein dagen sia sa han det, han strauk blygt og vårhendt over håre hennar: Det skal da bli ansles, Ingri. Ja da. Eg veit kor du vil ha meg. Eg skal alltid ro meg dit inn. Vera snild veikje du, og vent. Men du veit det er noko som heiter *stammens hyl*? Når det kallar på meg, så fer eg, slik som no; men att kjem eg. Den som ikkje hører sitt folks røst, han hører ikkje noko anna heller.

[89] Ho vilde ha teke hendene hans, i djupaste gleda. Men i det same kom sola inn og skjein på han der han stod, ein bevrande, lystig stråleflaum. Ho kunde knapt kjenne att han. Ho smilte fortentkt: No tok lyse og flytta deg langt ifrå meg. Slik blir det vel, når du hører for ålvor det du snakka om. – Ja men, eg hører no deg og ditt, midt i alt anna, – du får ha gomorn da, gammalbesta!

IV.

Astri reiste til byen straks over gravøle. Ho hadde mange erend, men helst var det det at ho vilde sjå til mor si. Ikkje for det at dei to hadde stort usnakka saman, dei hadde heller komme lenger ifrå einannan etter kvart.

Da ho hadde gjort ifrå seg det meste, kom ho til å minnast Karen-Anna Jensen frå Jørnstranda. Henne hadde ho set innom til kvar gongen ho var i byen, ho angra det gjerne etterpå, men ho kunde ikkje la det vera. Denne gongen ranns det henne i tankane, at ho hadde hørt ho var sjuk, hadde visst òg hørt noko om at sonen hennar hadde skamfare seg på saga og låg mora til byrdes. Ho gjekk dit.

Karen-Anna budde i utkanten av byen, i eit kammers. Det var reint og velstelt inne, men utrulig trongt. Karen-Anna var bleik og skrinn [90] og var ikkje rart

klædd, det var berre armoda og vanhelsa, såg Astri.

Da Astri kom, flaga det ein rådlaus smil over henne, – det gjorde det kvar gong Astri var der, mest som ho såg for seg einkvart vakkert ho hadde glømt; men litt om senn seig grånaen over auga att. Borti benken sat sonen, han skulde vera i tjugeårs-alderen no, rekna Astri etter. Han var ikkje stort lik Lauris no lenger, det kunde ho sjå; han var uhuglig beinberr i andlete og slø i auga, det måtte stå til kleint med han. Krykkja låg attmed han.

Astri snakka litt att og fram, og Karen-Anna kvikna til og svara meir hell ventande. Ho hadde vore sjuk ja, og var sjuk, ho hadde sneven av tæring, etter som doktoren sa, og no masa han på at ho skulde bort, byen skulde koste henne inn på eit sanatorium dei kalla. – Ja? sa Astri, ho vart vår, best ho sat, at ho hørte hjarte sitt banke. – Nei, det blir ikkje noko tå. – Men kvifor da? – Nei. Eg trur så lite på det. Og så – – har eg ikkje nokon lyst på det; det får vera.

Guten borti benken såg kvast opp, og mora fekk ein raud flekk på kvart kinne. Så bar det i hostinga med henne. Etterpå stod ho og smått ynka seg og såg på han; han sat og las i eit blad. Da han merka at Astri sat og såg på han, prøvde han å halde blade for seg.

Farga rann vekk utor kinna på Astri, så ho vart kvitgrå eit tak, så kom ho att og skylde med makt over alt andlete. Karen-Anna snakka om [91] einkvart anna, spurte korles folk levde utpå lande. Astri svara i andre tankar. Dei levde da.

«Her får det ei rå' gjeld!» sa ho. Ho gjekk bort til Karen-Anna: «Her får det ei rå' gjeld,» sa ho att og la handa på aksla hennar. – Ja korles da? – Jau, eg ser det er guten du ikkje kan reise ifrå. Eg veit ikkje om han vil bli med meg eller ikkje, eg vil ikkje spørre ein gong. Men einkvart må her gjerast. Du må få att helsa di, kor som er, det *er* mon i å komma bort, – ho nemnte fleire som hadde vorte god att. Det er Ludvik du heiter? Ja, han som er far din, han vilde ikkje gå med på at slikt skulde skje. Du skal vera med meg, du. Til Håberg, du hører da til der!

Det kom for henne det var to skuggar ho snakka til. Ho gjekk og ruska i armen til Ludvik: Du skjønner det du, ikkje sant, at ho mor di reiser aldri og blir frisk, visst ikkje du blir med meg? Ja. Og du skal da få han att, Karen-Anna!

Det vart ei stund å vente før det var avgjort, men Astri sette seg og sat rolig.

Ho gjekk ikkje derifrå, utan det vart som ho vilde. Gong for gong braut det i han, at han vilde fara opp og seie einkvart vondt, men Astri merka ho heldt han nede. Endelig lo han og slengte avisa frå seg: Ja skit, *eg* er hendt som det høver! – No kjente eg att deg, sa Astri.

Ho var ut og kjøpte nye klæa til han. Det var inga trøyheit å sjå kor fattig han sat der og ingen veg visste ifrå det, men ho hadde den gleda [92] sistpå, at han såg på henne og svara omtenkt og oppriktig, – det vart ikkje anna råd nei, visst ein skulde tru det var bøtings-von i mora. Best det var, såg han opp på henne frå sida, han måtte ha lese tankane hennar: Uvisst kor velkommen eg er på Håberg, men. Det skal gå an å bite hue av skamma, har eg hørt. Han smilte verkeleg, og da likna han Lauris urlite, Lauris frå gamle dagar.

«Jau, *du* ska vera velkommin, det tek æ på mæ!»

Andrea såg straks at Astri hadde einkvart å fortele. Ho sette seg ansles enn ho pla gjera, og auga stod ikkje så sterkt imot ein og heldt ein unna. Ho la eine knee over det andre og tok hendene omkring, sat og småvogga seg att og fram. Av og til beit ho seg i leppa. Det rørtes oppi panna, og auga vart meir og meir blanke, mest som ho lo da ho kom med det: Eg var hoss a Karen-Anna. Ho må bort og bli frisk. Og guten hennar, kjem du i hug han? Han har eg teke. Skal ha 'n med meg heim i morgo – – han skulde vel ha ein far han òg? Berre han vilde slå seg for hoss oss!

Andrea vart ståande stiv, eller ho gjekk visst att-å-bak imot veggen. Astri smilt småøygd og lettliva til henne. Da prøvde Andrea å ta same tonen: – Det var no òg ein bygave å komma heim med! – Ja ha, mor. – Du skulde ikkje ha gjort det lel. For 'n Lauris si skyld. – Han? [93] bles Astri. Det var da han som vilde det. – Er det sant? Vilde han verkeleg det?

Astri raudna, men såg fast på mora – Nei, det er ikkje sant; på *ein* måte. Men det er for hans skyld eg gjer det. Han skal få syne seg som den han er: at han er såvidt til mann ja. For han er det, mor, enten du trur det eller ikkje. Han har vorte det, la ho til, litt lågare i måle.

Ho sat og såg på mora, så ho måtte slå ned auga fleire gonger. Det var ikkje slik Andrea hadde ønska at Astri skulde komma henne nærmare. Og no smilte

ho, med eit bragl av små rukker kring auga, berre ungdommen og gælenskapen all igjenom:

«Du tenkji på 'n Odin, du mor. Du og all di ander. Dokk skuld slutt med det no snart.»

Ho lo da ho såg kor skræmt mora vart. – Nei no skal du høre på meg, mor; eg kan vel få lov til å snakke ein gong eg òg. Eg *var* rasande på han Odin, eg tilstår det, for det han ikkje kom og tok meg med vald. For så glad i meg skulde han vore; så glad i meg at han hadde ofra live for meg. Eller så måtte *eg* ofre meg, for ein annan ein. Og no ser eg det, og du skulde òg sjå det: at alt anna hadde vore gale; det var rett som det gjekk. For han Lauris og eg: det har vore ein strid heile tida, om eg skulde vinne. Eg har vunne. Har du ikkje set han? Og gutane mine? Det kan vera det same. Det har gått som det skulde; og ^[94] det gjer det visst oftare enn folk trur, – såg dei det, da vart det lettare å vera til for dem; det kjem så mykje an på å sjå. Eg kan bli sittande og sjå, somtid, – ja nei, eg skal no ikkje bli sittande som ho farmor for det.

Ho reiste seg, men det ansa ho ikkje sjøl, ho tøyde ut armane imot dagslyse som rann inn vestre vindauge, stod ung og sterk og såg inn i det:

«I blinda fram og hit!»

Til ein mann som ikkje var nokon ting utan meg, fór det gjennom henne.

Mora hadde fått tårane i auga. Det skulde det ikkje stort til, kanskje, Astri vart mjuk ved tanken, og blyg, ho skulde ikkje ha stått her og snakka slik. Men før ho var til endes med den tanken, var ho midt inne i det att. – Du tenker på bygda, du, kva dei seier om det. Det har ikkje eg tenkt på enno. Først må ein gjera det ein skal. Så får ein det alltid til å rime seg sia. Og han Lauris, som sagt, det var han som – – ja han blir glad når han får vita om det, han *skal* det!

Ho stod litt, så sa ho: Dette her, ser du, det er eit *takkoffer* det. For det at han har vore – – vore tru imot meg heile tida. Ja, og så for det, mor, at det har gått så godt for oss heile tida, enda – –

Ho stana bratt ved dei orda, vart kald i kinna og glømte å blunke. – Eg har venta meg mangt, mumla ho. Der er eit og anna vi kunde få att – – eg kjenner ikkje han Lauris – – at vi måtte ^[95] sone for det, meiner eg. Men ho reiv seg laus

ifrå det og såg lognt på mora att. – Eg veit da det at du og 'n Otte held med 'n Odin, for de ser ikkje at han har seld seg, at det er småmannen som regjerer han og ikkje han dem; de kan ikkje få til at det er to slag folk, og skal vera det, – at alt anna byd meg imot. Vi må seie stopp, vi som har andsvare, det nyttar ikkje anna, – ja, det står eg ikkje her og prekar om.

Andrea nemnte denne farangen som gjekk så strengt i byen. Folk døde fort vekk, og smittsam var han, – ho skulde akte seg. – Akte meg? Nei. Har aldri akta meg nokon gong. Da måtte ein bli redd, visst? Ho farmor, ho var aldri redd. Men det er sant: Er han Otte klein? – Ja, han var ikkje frisk. Men det var ikkje farangen, det var noko i magen; var kanskje magesår.

No først ansa Astri på at det låg ei stor tyngd over stua. Det kom for henne ulovlig å spørre meir, ulovlig å trøste. Ho kom seg ikkje eingong til å gå bortåt mora og ta hendene hennar.

– – – Ho var eit grand urolig i seg morgonen etter, da ho kom ned til dampbåten. For var han Ludvik der ikkje, så vilde det seie så mykje som at ho hadde vorte for veik, ho var ikkje den ho sjøl trudde, og korles vart det da? Det vilde seie mangt visst han ikkje var der. Men straks gjekk blode til hjarte med stor makt, for der, midt imillom dei andre som heldt på og skulde sette ned kjale sitt, såg ho han, krykkja og det bleike ^[96] andlete, han stod og såg etter henne. Ho tok han i hand og sa takk. Så fekk ho han med seg ned atterut.

Båten gjekk om Håbergvågen den vendingen. Der var mykje folk nedpå brygga, ho såg både Lauris og Odin der. Sjøen var blikkande still, så ho måtte stane og sjå på han: eit hjartans godvêr ifrå blåfjella og heilt til havs. Det kvitte og skjein på måsen over notstenge, det skjein oppi dei kvite skyene, all ting syntes henne morgonblankt forundra som dropen på kvisten.

Ho tok etter Ludvik og vilde hjelpe han i land. Men han var alt i farten med vadsekken sin, snudde seg og såg på henne som snarast, at no fekk det i gudsnamn gå sin gang det her.

Lauris måtte ha set guten og kjent han, hadde skjønna alt saman i ein blink, kan hende, for slik syntes ho han kom imot henne. – Har du hest her? sa ho. – ja. Det var da snakke det at eg skulde møte deg med hest. – Det var bra. Og her har

vi han Ludvik, du kjenner vel ikkje att *han* nei. Du får la han få sitte på.

Ludvik kom fram og helsa. Lauris tok han rolig i handa, og sa enda:
«Velkommin ut på lande ja!»

Litegrand langlett var kanskje Lauris, men han snakka liksom ingen ting var. Han ser vel på guten eit par gonger. Da dei er heime og blir to-eina ei blink, knip Lauris i hop eine auge og småler fram for seg og imot henne:

[97] «Du Astri, du Astri!»

«Ja ha. No e du far for han der; framfor heile bygda ja.»

«Gjern det for mæ. Når du leit så pass på mæ.» Så flirer han att og ristar på hovude: «Jamenn e du bra te å hjelp 'n Odin no!»

«Nei, Lauris, den her gongjen gjer du det som knaft han kund ha gjort.»

«Ja, det skjel mæ ikkj, for resten.»

«Folk må no vel ha så pass vett at dem –»

«Det e vette som berga dem, veit du. For dem bruka det aldri. Hus på det, du som mor ska vera for krokjen.»

Ho gjekk åt spiskammerse eit erend. Korles de var eller ikkje, så kom ho til å bøye seg nedmed den store kista som stod der, og rett nok: drifrå kom denne frammande dåmen ho hadde merka. Ho vilde opne kista, men så var ho låst. Astri rettar på seg, og ser at Lauris står i døra; han er ful som hålka under nysnøen: Eg tenkte eg kunde få låne denne kista eit tak, ho er tom å kalle.

Astri står og ser på han. – Ja, ta det no ikkje så beiskelig tungt da, bad han. Eg tilstår som det er, at eg nytta på og brennte meg ein drope julbrennvin med du var borte, – har du ikkje undrast litegrand på øle mitt, skulde bli? Ho ristar på hovude: Eg trudde det skulde bli øl eg. – Men det her er da ulovlig, Lauris? Dei seier så ja. Så du får tie med det.

[98] Astri hadde vorte nyperaud, stod og såg ned og beit seg i leppa. – Ja, tie kan eg alltid. Og herre i sitt eige hus skulde ein vera, eg hører ikkje etter han Odin og englane hans. Men det er så mykje du veit, at eg gjer meg ikkje til løgnar for det, *om* eg skulde bli spurt. Vi fer ikkje med slikt fark. – Ja, sa han, men det er no

ingen som veit kva ein kjem til å gjera og ikkje.

Ho løftar auga og held han fast:

«Kann du aldri venn dæ av med slikt da? Med småløgn og knep? Og heller ta støyten din når'n kjem. Æ e så redd, somtid: æ veit aldri ka du har gjort hell ka du finn på å gjera og ikkj.»

«Støyten min? Den tok æ da her i sta, nedpå brygga. Og har meir tå det slagje i vente, ikkj sant?» Han sette hendene i lomma og gjekk ut.

V.

Det vara ikkje lenge, så hadde dei farangen utpå lande òg. Dei hadde kanskje havt han lenge, når dei tenkte etter. Både den og den hadde vore dau-klein, han måte ha vore spansk. Men sjølve pesten kom gjerne etter, og den var det som hadde komme no. Ein ungdom aust i Segelsundgrenda var død før dei rett ansa kor sjuk han var, og straks etter ein til, det var som ein sløkte eit lys. Det skulde vera lunga som gjekk i stå, sa dei. Og i grannebygda der gar-fór døden, etter som [99] det vart fortalt. Fekk dei i dokteren tidsnok, var det alltid ei von, eller visst ein hadde brennvin, men ingen av dei ting var det godt om. Folk var skræmt, og mange var det som ikkje våga seg bort i grannegaren, så smittsam som denne sjukdommen var. Dei las om han i blada, det var ei ulukke halve verda over, ei syndstraff, meinte mange.

Så redde vart somme, at dei ikkje vilde til meierie med mjølka. Vart det ålvor av det, vilde det gå ut over arbeidsfolka på fabrikk, for dei fekk mjølk og smør derifrå.

Ved denne tida fór Odin rundt og skulde tegne aktiar i handelslage. No måtte han ta for seg mann for mann, til dei lova å halde på med leveringa. Det gjekk, men lett var det ikkje. Stort lettare gjekk det heller ikkje med handelslage. Han merka kor han skulde finne mange av dem, straks han kom til Lauris. Mannen sjøl råkta han for resten ikkje, men Astri svara slik at han hørte dei hadde venta han. – Nei, det der legg vi oss ikkje borti, sa ho. Vi vil ikkje vera med og rive levebrøde frå nokon, – du kunde gjerne komma i hug a Mina såpass du òg. –

Henne skal det bli ei råd for, har eg tenkt. – Så-å? – Enn om du var med og gjorde han Arthur til styrar for lage? For det høver han til. – Jaså, det er slik å forstå? Ja ja, men høyr deg om hoss dem som er ditt folk. Vi er imot det. – At du skulde gå så reint i ranglås da! lo han. – [100] Ein må vel ha lov til å ha si eiga meining? sa ho. – Ja, seier du det?

Slik svara dei, mange, men Odin var i strålande godlage, han var både sint og glad. Mang ein hadde gitt seg før han skikkelig visste av det. Og let dei seg ikkje ta frå den eine kanten, så var det alltid ein annan kant å ta dem ifrå. Han kjente dem bedre enn seg sjøl, og kring-gjekk dem slik han gjorde med kvistgrana i skogen. Han måtte ha drømt det, ein gong med han var småguten, slik kjente han att både dem og seg sjøl midt i leiaste take.

Så var dei redd han, at han kom med smitta. – Ja, men stå no du i døra, så står eg her, sa han, og da seig gjerne reddhugen av dem. – Inga sak for deg som er fritenkar, var det ein som sa. – Ja er eg det da, tru? – Vi har no hørt det. – Av Sølveven ja. Og for resten er eg da redd nok å døy; men dette her må eg ha unnagjort, eit heilt merralass å dra opp bakken, både opp og fram; det tek bort reddhugen det.

Eit særskilt tak fekk han med fabrikkfolka. Dei var redd det vart berre eit bondelag. Da hadde han alt så mange aktiar i handa at han kunde vera dem foruten, og det gjorde mon. Men eit par dagar etter sa Engelbert ifrå, at dei hadde tenkt seg om. Dei vilde ikkje vera med og baka levebrød for ein svolten kjøpmann. – Ja men, *du* skulde da ikkje vera styrar? sa Odin. – Nei nei, men. Vi gir oss ikkje. Vi legg i veg for oss [101] sjøl. – Odin prøvde å snakke med han, og trudde alt han hadde han, for det hadde vore mangt eit lite bask dem to imillom. Men Engelbert synte eit anna andlet denne gongen, han vart stygg i auga og stygg i munnen. – Du din fleip! sa han. Smyg for bøndene og smyg for oss, trur du ikkje vi forstår staven? – Nei nei nei! bad Odin, no skal du bruke vette ditt, du veit sjøl du snakkar ikkje sant. Engelbert vart raud med det same, det såg ut som han angra seg, men skamma beit han, og da la han i veg med verre ord: Han skulde syne Odin og kven som vilde, at fabrikk og byggearbeide skulde gå så lenge *han* vilde, og ikkje ein dag lenger!

«Nei, no ska du vår dæ!» Odin sa det ålvorsamt; han var ikkje sint enda, men

hamleten vart urolig i andlete på han.

Slik skiltes dei. Da Odin kom heim om kvelden, var han like trøytt og glad som han pla vera. Men Ingri merka likevel at det vanta han einkvart. – Det er berre det, sa han opp frå maten sin, at du har blanda sagraasp i brødmjøle. – Nei, nei, Odin! Du *veit* det er landsmjøl. – Det er sant ja. Og godt smakar det. Nei det er han Engelbert som har slege seg rang for meg. Blir visst eit spark før eg får 'n til att. Å men – det er malm i folk, når ein berre råkar til å slå rett på dem.

– – – Same kvelden råktes Engelbert og Lauris nedi Vågen, ein staden der dei kom ofte [102] baa to. Snakke var, at Lauris skulde lære dem brenninga, for den var det mange som prøvde med, men få som fekk til. Einast han Lauris kunde det til gagns. Han hadde med seg apparate i ein sekk, og ei flaske av sjølve tingen. Dei drakk litt, og let vel; og så prata dei om eit og anna. Engelbert kom dit berre ved ein slump. – Du melder oss vel, du? sa Lauris. – Det kjem no an på mykje og mangt det, lo Engelbert. Lauris sitt og ser på han, meir og meir smaløygd. – Synd at du skulde vera slik ein sau! seier han. Ja, eg meiner berre i ein ting, veit du; eg har nemnt det før. For elles er du da devel god nok. – Du meiner han Odin, at eg går dit han pekar? Eg skal fortele deg eitt, Lauris, at i dag har eg rista han av meg og det skikkelig òg. – Ja, det held eg no ikkje med deg i, sa Lauris. For han Odin har vore deg ein god mann hittil. – Ja, eg veit det; du gjer aldri å bry deg! Men i kveld drikk vi, og i morgo er det krigen. Det skal bli streik, og du er formann i styre – skål!

Lauris lo så han rista: Det er jamennsant arti å komma ut for ein som deg! Ja, for du er ein ærlig kropp, legg han til. Ein *karakter*, vil eg kalle det. Så gammaldags er no eg, at eg ser på karakteren; den går framfor alt krangle og ståke vårt. Men at du drikk da? *Du?* – Det får du snakke med han Odin om, hosta Engelbert.

Dei vart to-eina i stua ei lita blink, og da bøyde Lauris seg fram over borde og såg oppetande [103] fult på den andre: Du veit eg er bankkasserar, ikkje sant? Ja, og du har eit papir som han Odin skriv på for deg? – Ja, eit på 3000 kroner, det var denne handelen eg la i veg med. – Og det skriv han fånen på for deg, *blankt!* Du kjem blankt med det i banken, gong for gong. Det syner kva mann du er: Du

har berre fornya det kvar gongen. Enda du kunde ha fått både 5 og 6 tusen på borde, på namne hans, ja det veit du sjøl like godt. Har stått i den freistinga ja. Og aldri har du nemnt det heller, at værfaren hans har vore i straff. Nei. Men eg takkar deg ikkje for det, de er venner og alt slikt.

Engelbert vart eit grand glasen i auga. I det same kom tredjemannen inn. – Du sa streik? heldt Lauris fram. – Ja, slik som fabrikkene tener no – – men det kan vi snakkast ved om i morgo. – Det blir no han Odin du får å dragast med der òg. Og glad kan du vera. Eg held på og blir sjuk, skal eg seie deg. Og han Odin veit råd med dykk. De får part i utbytte. Ja, sjå etter du! – Ja, vi skal sjå på det, urlite! Engelbert fekk eine munnvika høgt opp.

Lauris vart verkeleg sjuk. Ikkje noko hardt just, men det var da så pass at han måtte halde seg i senga. Dei hadde vald Odin til varaformann, dei vilde ikkje sette han reint av, og no måtte han ta formanns-romme til så lenge. Streiken vart det første han fekk med å gjera, og striden vart mykjegodt ført millom han og Engelbert. [104] Odin bad han kalle saman arbeidarane til eit møte, han vilde snakke med dem. Det vart gjort.

Odin sa han var einig med dem langt på veg, no som han hadde vore: Når all ting steig enno, så fekk lønna stige med; men slik hadde han tenkt det, at dei kunde få del i fortienesta, dei som hørte fabrikkene til. For det er vegen, det ser eg for meg, sa han, og ikkje er det vi som tek første stige heller. Han tala lognt men trygt, berre så vidt at orde var hans heile tida, fortalte frå andre land, og greidde ut reknestykke for dem: så og så mange procent for så og så lang dag, da kunde dei tene opptil 2 kroner meir for dagen. Han lova at det skulde han drive igjennom, han hadde frie hender å kalle. Dei fekk tenke på det.

Dei tenkte på det, og tagde. Uvissa åt seg frå mann til mann, kunde han sjå. Dei hadde aldri set finare agn framfor seg; – dei såg bort til Engelbert. Han stod og småflirte. Så kremta han og sa: Garanterer du det blir så mykje som du lovar? At fortienesta på fabrikkene står *med* seg, vinteren ut?

Alle auga gjekk til Odin att. Og han fekk den gamle lettliva låtten i auga:

«Nei menn om æ det gjer lei! Våg vinst og våg tap, det e eit gammelt ord.»

«Der høyri dokk!» åtvara Engelbert. «Han bli oss for slug. Vi ska hald oss

unna 'n.»

Så var det slage tapt. Men sistpå vart dei einige [105] om ein liten auk på lønna. No var det bygningsfolka å ta for seg. For dem gjorde Odin det framlegge, at dei skulde ha halvt akkord og halv dagløn, han gjorde greie for korles han hadde tenkt seg det. Det hørtes dei villig til å gå med på; dei sa enda seg imillom, at kila dei på som dei hadde gjort, så skulde ikkje det bli kleint til dagpengar. – Ja vel? seier Odin, han hadde ofte fått folk med seg når det hørtes verre ut.

Da var Engelbert der att, og same hånlike fliren i måle: At de gjer dykk til sau da, godt folk! Skjønner de ikkje at det blir kapitalen som tener på det der òg? Ja, lat meg få snakke, Odin! Her er krig, og så skal vi smie våben til motparten, vil du? – vi går ikkje med på det! Han tala både lenge og hardt, og fleire hadde orde og sa seg einige med han.

Odin sat som han drømte, med det stod på. Han vakna først til, da dei var over han og ropte at lønna kunde dei bli forlikte om ein annan dag, men dei vilde ikkje vita av noko slavefut-oppsyn eller noko påskynding frå disponenten eller styre, dei vilde arbeide som frie folk, så mykje han visste det.

Odin vart brennande raudlet. Dei som kjente han, venta at no kom han. Men han var logn i måle:

«Dokk kan ha som ein rett, æ nekta ikkj det. Æ e småmann æ som dokk. Men æ fira ikkj lel i [106] det der, det henda ikkj, det – – det e noko inni mæ som forbyr mæ det. Tek dokk streiken no, så la gå! Men æ varsku dokk!»

Orda fall tungt på mange av dem. Her stod dei framfor eitt av to.

«No går æ min veig,» sa Engelbert, og gjekk gjorde han. Det var mange som slong med.

«Ja, æ går æ ò!» lo Odin.

Han gjekk ikkje heim straks, han gav seg i snakk med fleire han råkete ute, gode kjenningar og slikt. På to- og tremanns hand gav dei han rett, for det meste, han hørte under alt dei sa og ikkje sa, at det var Engelbert det stod på. – Han la i veg og gjekk med full fart, for han hørte Engelbert var framfor eit stykke, der var slikt blankmælt ordskifte.

Måneskine lauga all bygda innerter og sjøen utover, ei stund, og så kom skya og la det i skugge alt saman, så berre gloa synte der månen seglde, det eine var vakkert som det andre, Odin syntes han hadde ikkje set så djup ein kveld. Ein kunde høre kvart skjere mest som sukka utom oddane. Det var ein hund ute, langt borti garane nokonstads, og reiv i kveldlufta. Folk prata det langt fram i vegen. – Men eg må ha i han og få snakka med han! gjekk Odin og sa. Han må da vel enno – –

Endelig hadde han Engelbert på tomannshand. Han hadde aldri snakka så ålvorlig med han. – Eg kan ikkje få til at det her er *du!* sa han, og måle var fullt av både sorg og harm. – Nei, ^[107] eg trur gjerne det, svara Engelbert. Du trudde du *hadde* meg, du, at eg var slaven din – – var det derfor du hjelpte meg her i førstninga? Eg er ikkje til sals nei. – Fysj skamme deg, Engelbert! – Å var det likt! det bit ikkje på meg; eg er tå same folkslage eg som du. Men no skal eg fortele deg spilder nytt: at driv du meg hardare no, så skal det bli leit for både deg og værfaren din. Du trur ikkje eg veit at han har vore på straff? At eg eller einkvan annan har skrive nordover og hørt oss for? Og så du da, som narra kjerringsåla di til å lyge. No er det eg som varskuer deg!

Odin hadde bråstana. Månen synte fram andlete hans så forandra det var.

«No stod det heitt om at æ ikkj slo!» sa han. Eit tak stod han og ikkje fekk ord for seg. – Eg skulde visst ha gjort det, – slege til gagns. Han kom seg etter kvart, men måle var tørt og rustut: Kjem du virkelig og skal skræme meg da? Hm? Nei, berre gå bygda rundt og fortel, du. Så skal vi vera fri deg. He! he! Nei nei nei! At det der skal vera deg! Best det var, braut sinne fram så han rista høgrehanda i vêre:

«Æ ska skjitskræm dæ så du kasta daukælven – – gå, sei æ! *gå!*» han jaga han i veg føre seg, la hendene på ryggen og kom sigande etter. – Det blir verst å komma heim, sukka han høgt. Ho, som ser alt i hop. He! he!

Han klara det tålig. Ingri spurte korles det hadde gått, og hørte på han som ho pla gjera, med ^[108] skymten av uro og angst over auga; – ho var aldri så vakker som da. – Nei, eg har ikkje lukka med meg lenger, sa han og smått lo til henne. Det kan vera trøysamt slik òg; det er slik det er å vera menneske, det er bra at eg

aldri trudde det var lett. Nordi Kjelvika, meiner du? Ja, velsigne deg, vi kjem da dit med tida. Men eg har fått unnagjort så lite av det eg skulde, ser du, eg har rota bygda opp i det her stelle og skulde ha havt det i stand, – det er så mangt eg skulde. Og jagast let vi oss ikkje, Ingri?

«Nei,» sa ho.

«Men det e drepanes!» sukka han ei stund etter. «At folk kan bli *slik* da?»

Dagen etter hadde dei møte i styre, og der vart dei forlikte om å gi etter, så alt kunde gå sin gang. Med det same sa dei opp Engelbert, han var ikkje å ha her. Disponenten fekk breve med i lomma. – Berre dei ikkje fekk streiken like vel no da, sa Arnesen. – Ja, det fekk skure og gnu, let dei andre.

Odin følgde værfaren på vegen eit stykke. Da dei står og skal gå kvar til seg, ser Arnesen på Odin att. Han er teken, så det darrar ved munnvikene. – Det er så rart at du Odin trur på meg. – Så? – Du som veit alt om meg. Eg er så glad for det, eg kunde bli redd. At eg skal komma til å dra ulukka over deg og alt arbeide ditt. Kvifor skulde eg ikkje *ha* det, må eg spørre meg. Og eg som har havt så veggfast ei tru på at det skulde [109] gå vel her; for oss alle i hop. – Det er berre eit lite knep med det, seier Odin lystig: At vi let det gå utomkring oss, det som går imot oss, når det blir for tungt elles, i ein stor sving utomkring oss. Og legg det som ei aln til voksteren sin, når *det* høver. Ein skal rette fram trefoten til bikkja, det er best for båe partane. – Ja, du veit, eg har mått gjera så, eg. Men at nokon trur på meg? Og at nokon kan tru slik som du gjer? Men all denne striden, Odin – kvifor balar du med alt det her? For dei blir aldri fornøyd, nokon av partane. – Ja, så djuptenkt vil eg aldri bli, sa Odin. Eg kunde heller ta forken til dem – det er gjerne det dei ventar på. Han Engelbert ja! Kan du skjønna og få til at ein kan bli slik? Er det slik denne striden gjer dem, da er det dyrt kjøpt alt vi balar til og får i stand. Eg kan ikkje tru det, fritt om eg kan! Men, det er det same: Eg må framgjenom det. Eg har ikkje anna å halde meg til enn det som er inni meg; det kjennes som synd om eg skulde stane farten i meg no. Ta forken ja. Men folk blir gjerne ikkje så heilrend no for tida? Kor det er eller ikkje, så får du stå på posten din, han måtte så, Urias òg.

Dei lo båe, og skiltes.

– – – Arbeidarane svara med ein gong, at dei tok ikkje si hand i arbeid før Engelbert var innteken i romme sitt. Odin var der og snakka med dem, sa at han heldt med dem i prinsippe og at han var glad for det dei akta kammeratskapen [110] så vidt, men her var det ting dei ikkje visste ora eller hadde noko syn for. – Kva det er? Han flytta huva til rettes på hovude, eit par gonger. – Han har trua meg, det er det, og ein ting til som de skal vita og sjå, at han er dykkar verste fiende! Man har gått i ranglås, her blir ikkje arbeidsfred for dykk så lenge han er her. Eg kan ikkje late ein mann ødelegge for alle, om han meiner det aldri så vel. Og true seg fram? – nei! – Dei sa ja og ha til det, såg ned i jorda og opp på han att og likte seg kleint, men noko greie på dem fekk han ikkje.

Kvelden etter hadde Engelbert fått fatt i brennvin, og han og nokre til drakk seg fulle. Kva dei hadde drukke, vart ikkje fortalt, men raspande galne vart dei, dei hoa og hauka halve natta, og på slutten fór dei i veg og reiv ned reisverke på nybygge. Dei vart meldt for hærverk, og disponenten slo opp ein plakat, frå styre, at var dei ikkje i arbeid neste dag, så vart dei oppsagt alle mann, – ein to-tre faglærde var ikkje med.

Ingen rørte arbeide. Odin rådslo med styre, og fór i kring og tinga nye folk. Dei var ikkje traue å be, mange, for fabrikkarbeid var noko dei hadde hug på. Til så lenge, vart det sagt.

Den dagen dei manna seg til arbeid, møtte dei andre fram og sa stopp. Her skulde alt stå stilt. Odin var på og skulde seie at i grunnen hadde dei rett her òg, han gav etter, det var så si sak å ta arbeide deira og gi det til andre; han [111] kunde kaste av seg børa og vera venner med dem som før Men før han gådde kva som gjekk for seg i han, var han ein annan mann: sveitten tyta fram i panna, og blode sette til hjarte, det var så vidt han såg. Han syntes han grodde til med bust over alle kroppen, han var ein vill og lodden ein som dei vilde binde og baste, småkrype, dei vilde flette skinne av han og gjera rans verk. Etterpå tenkte han at dei måtte ha komme for nær han, ulovlig nær han. Han vart ståande og sjå dem for seg som mindreverdig folk, i åsyna og all igjenom, og det gjorde beistelig vondt.

Han venta til han rådde med seg som han vilde, enda det kjentes just som ein

feil han gjorde, ein ny og stor feil.

«Ska ikkj æ ha lov te å sett arbee i gang da?» han spurte lågt og var grov i måle.

Dei ropte over kvarandre, at det let han vera og no skulde her bli annan dans. Fulle var dei ikkje, og ingen forgjorde seg. Odin tek eit stig fram, han er mørk i andlete og vålig nær dem med auga.

«Nei, no ska dokk betterde vår dokk! Var dokk, sei æ!»

Han slo i hop hendene så dei nærmaste fór attende, og han etter og ropte ein gong til, enda villare.

Dei kom i hug at han nokon gong før hadde fare inn i flokken slik, men da såg han langt ansles ut.

[112] Så snur han ryggen til dem. Det tagde kaldt rundt i kring, stod med eit isande trugsmål imot han. Ein hørte berre måsen som let om seg nedpå vågen. – Fins det mot i dykk hell fins det ikkje? sa han til nykommarane. Dei retta litt på seg, tørhosta eit grand, dei var alt anna enn forfælde. Dei skrei inn og stengte dørene. Disponenten skulde sette dem inn i arbeide.

Odin såg enno ein gong på dem utanfor. Han gjekk dem over ein for ein, sa ikkje orde og såg ut som han hadde glømt det som hendte i sta. Ikkje sa dei heller noko; dei stod der berre. – Urett? tenkte han. Kva er urett. *Eg* veit det ikkje. Ein demokrat, ein småmann, kva er det. Veit ikkje det heller nei. Og kva er det, det ein veit? Kva skal ein med det? Det blir ikkje det ein går etter, når ein gjer det einaste rette ein gong. Har eg dikta dem som står der, eller er dei slik?

No vakna han, og sa, det var ein glim av det gamle godlynde hans i auga:

«Gå heim no, guta, og vara like blid! Ska ein bruk' makta, da må ein ha a. Og enno kan alt snu sæ og bli bra, det e langt dit vi *ska!*» – han snudde seg og gjekk inn.

Fabrikken gav seg så smått på gonga att. Han var å rekne for eit dyr som låg der, han kravde røkt og stell, og mól godfornøyd når han fekk det. Han var ein slave, som gjorde heile bygda til slave; han var den karen som mannen hadde teke på nakken og måtte bera fram. Det her var [113] develen så tungt! sa mannen

da han sette han ned.

Ute skjein sola i klårvêrslufta, og imot henne smilte det alle stader, blåblank sjø og rimkvite vollar, skogband og myr og snaufjell til langt aust i lande. Berre måsen var over det med det sorgsame måle sitt, lo og klaga seg, han åtte det ikkje ansles.

VI.

Og slik vart Odin gåande både den dagen og næste dag, i eit høgt mot og ei stor undring, det var armelig at Ingri kom seg til å snakke åt han. Brunene drog seg i hop, og ved munnvikene knytte det seg, og gong og annan strauk han seg hardt over andlete og oppgjenom håre. Men auga var på lag som dei hadde vore, og der kunde ho sjå han var Odin likevel og ikkje ein frammand mann. Så kunde han bli ståande, midt på golve eller kor det fall seg, og sjå fram og smile vantruen imot einkvart han ikkje hadde set før. Vart han så vår henne, da klipte han litt med auga først; dei hadde vore så langt vekk.

Rarast var no Anders, syntes ho. Han hadde all tida vore slik at han helst vilde vera i lag med faren, visste seg ikkje noko likare, men let seg aldri merke større med det. No kom han sving og annan framom der faren var, fór over han med skygge auga, drygde litt, og gjekk, – da var det som ho såg andlete til faren. Når ho kom og bad ^[114] han om einkvart, ei stund etter, møtte ho same gropa millom brunene, og same undringa i dei gråblå auga. Ho drog på smilen, så lite ho elles var til det. Tanken snudde seg til Odin att. Ho hadde set han slik før, men aldri så det hadde vekt angsten i henne. Han hadde vore ovom det, hadde einast vorte litt større for kvar gongen. – Det har vore berre leiken før, kom det og sa henne.

Slik møtte han Astri, da ho kom med bud at far hans låg på det siste. Andrea hadde telefonert utover at han gjerne vilde sjå Odin, og ho trudde ikkje han hadde lang stunda att. Astri hadde bedt Peder gå. – Eg veit no ikkje det, hadde han svara. Da såg ho det for seg at det var hennar bør, ho tok på seg nytt forklæ og gjekk.

Odin såg hardvore på henne, og enda med sneven av ein lått nokonstads i andlete. Det tok tid, syntes ho, før han kom etter kva ho hadde fortalt. – Takk! sa

han berre.

Han heldt borti eldhuse og smurte sjøstøvlane sine, for han måtte til å vera med i notlage att. Astri var på og skulde gå. – Ja, du får ha takk! la han til. Sei meg: du blir ikkje med oppover du da? Men han såg det før det var sagt, at ho vart oppråd og vilde ha vore heime att. – Har du visst det før, du da, at det stod til så kleint med han? sa ho, og no var ho som ho pla vera. – Å, det har da komme for meg. Tuberkklar i magen, har eg tenkt. – Det skal vera det ja. Ja ja, du får helse ifrå meg òg da, – du reiser no i kveld, kanskje? ^[115] Ho hørte ikkje etter kva han svara, merka han, ho var alt på gonga heim. – Ja, vent no urlite! bad han. Ho stana og bia. Ho var ein mon bleik, og vart raudlet straks etter, men auga tok fullt og fast imot han. – Det var berre det, at eg kunde vel helse ifrå oss, og seie at du og eg vi er forlikte? Han vilde bli glad for det. – Noko uvenskap har det da aldri vore? svara ho. Ein annan ting er det, at den eine vil att og den andre fram, *det* trur eg ikkje kan bli ansles; du får seie det som det er. Og elles veit han det visst før.

Enda stod ho litt, men da han ikkje svara noko og berre såg ned, sa ho farvel og gjekk. – Eg meiner han vart tankefattig, sa ho med seg sjøl. Kan hende han kjem til å tenke seg om, litt med kvart, og sjå seg for. Om han kunde bli var seg sjøl! – Det verste er at det her skal vera *live*, sa Odin der han stod. Så sant du er kvit mann, så må du fram utor marka og inn i bygda, og er du ein mann, så må du finne deg eit parti, og der skal du stå, med klaven kring halsen, far, for du er fri kar. Ja vel, vi er ikkje ansles, lat meg heller gjera i stand støvlane mine.

Litt hadde vore, tok han i så han hørte orda frå veggene etterpå: Om eg ikkje kan berge 'n Engelbert, kva vil det i grunnen seie? Og ikkje har eg skapt meg sjøl heller, det veit eg. Andsvare skal eg bera, for det.

Han var bortpå vågen og rettleide dem litegrand, og tok så dampbåten til byen. Det var fullt ^[116] om bord, men Odin fekk sitte utrulig for seg sjøl på dekke.

Otte var det smått med. Odin sat lenge attmed senga hans før han kom seg til å seie noko. – Det vart dårlig med deg, meiner eg? sa han endelig. Otte smilte så vidt det sågs.

Leid om eit tak kom han seg så pass at han tok handa til Odin og heldt henne;

han låg og såg på han heile tida. Odin trudde han visste tankane hans. – Nei, ho Astri nådde ikkje til, sa han. Ho bad meg helse deg. Vi er venner og vel forlikte; om vi ikkje er einig stødt.

Seinare på kvelden var Otte kvikkare enn vanlig. Han tok handa til Odin og heldt henne hardt. – Er du så sterk enda, sa Odin. – Kjenner det der ja. Men du skal slutte no Odin; med dette kave i bygda. – Det er da det eg strid med, eg, mest eg vinn; har sprunge beint inn i varmen for det; eg trur det skal bli no snart, eg har det slik for meg. – Du skulde slutte, Odin. Det er for dyrt eit speil. Du mister alt du har – – korles er det med ho Ingri?

Odin støktes opp og såg med halvopen munn på faren. Det drog seg ein bleikare tone over det vêrslitne andlete. – Kvifor spør du om det, far? Med henne er det da bra? – Otte sukka, og flytta på hovude: Du skal la dem få retten, ho Astri og 'n Lauris. – Det kan eg lova. Dei skal få retten sin. – All retten, Odin! Kan hende – – at dei ser – – lenger fram enn du gjer. Odin sat ^[117] og såg på faren, fekk små rukker nedunder auga og drog dem mest i hop, halvt i sorg og halvt i ungdom. Så sa han: Ser det slik ut for deg? – Ja, eg trur mest det. Eg ser for meg freden. – Det må vera rart å ligge slik og sjå framover; det har eg aldri prøvd. Da såg eg visst ikkje det slag; eg må sjå attover eg, skal eg vita vegen. Kjem det for meg no ja. Eg må finne *min* veg, ser du.

Otte vilde ha svara, men han fekk ei ri med pine, og sia var han for trøytt, tok seg ein liten blund enda, med fullt tak i handa til Odin. Andrea gjorde mine til Odin, at han skulde komma og få kaffe, men han rista på hovude. Han syntes han snakka med faren, der han sat, over eit botnlaust og vonlaust djup. Eller kanskje det var seg sjøl han snakka med, – det gjordt godt like vel, han hadde havt lite om tida til det. – Du har gjort det du skal, Odin! – faren hadde slege opp auga og var blå vaken. Langt nok, Odin. Langt nok. Du kjem ikkje lenger. – Ja, sa Odin, han lysna i åsyna, det har gått så utrulig, frå tak til tak. Folke i bygda, det har vore dei og eg, dei og eg, og godvêre har det vore, og ruskvêre har det vore, det er lystelig kor det har skifta, og fram har det gått. Ja da, siger etter siger har eg vunne, men det eg skulde ha gjort, sjølv gjerningen, den vann eg aldri innpå nei. Og *det* er lukka, trur eg, å ha henne som blånaen framfor seg, da er ho blank! – ja det visste dei i gammaltida òg, eg har visst lese det hoss ein vismann. Det skulde ha

vore *godt* ^[118] det eg gjorde, halvvore som ein gave til folk, tenkte eg.

Faren klemte handa hans: det var sant det der. – Ja far, men eg er slik skapt, eg må ha einkvart å – – einkvart på nakken, du forstår meg, far. Eg sitt her og opendagar det no. Eg ber bygda på nakken. Det er mange som ber eit stort land – det må vera tungt? Men det er umulig å kaste børa av seg. Striden er fåfengd, kan hende, men det er ikkje fåfengd å føre han for det.

«Nei,» sa Otte, han smilte enda. «Nei, ein kund bli huga til –»

«– huga til mangt ja!» tok Odin i, og ungdommen speila lyst og tirande gjennom kvart eit drag i andlete hans. «Æ veit ikkj om det e ovafor oss eller attom oss, det som skuva på og som styri oss; – æ trur det e inni mæ sjøl. Men der æ står, der må æ stå – det va visst Luther som sa det først!»

«Du skuld bli *bonde*, Odin!» Otte slo med flathanda i veggen.

«Bonde?» Odin vart sittande undersam og smile framfor seg. – Bonde? Bed du meg om det? Ja ja; eg skal prøve. Ho Ingri og eg, langt vekk ifrå alt ståke, ja! Men bonde? kva er det i grunnen. Ein bufast mann berre? Ein still mann på ein still gar, med jorda og Vårherre til ryggstø, og gode grannar og meir slikt? Eller er det ein fri og vill og *heilrend* ein? Som trur det han trur og er det han er? Eg må seie det beit meg ^[119] det der. Bonde, det er det eg har meint å vera heile tida, hm! Men vera bonde, når ingen veit lenger kva bonde er? Og no, far, no synes eg at eg ser det: at skulde *eg* vera bonde ifrå inste mergen i meg, da vart eg grov og farlig somtid, eg la i veg med forken og jaga vansparke utor bygda og lande, så det berre vart skosolane å sjå etter dem. For dei er vonde, mange, eg har set dem no. Nei, nei, far! du skal ikkje vera redd, eg gjer det ikkje, det bur da mangt anna i meg enn det der. Og så har eg ho Ingri. Eg skal sjå å komma meg utor trase i bygda med tid er til. Det seier eg deg farvel på!

Odin hadde snakka lågmælt og med små kvil alt i eitt, men enda stod sveitten i panna på han, og no da han tok til seg handa, seig han halvveges i hop i stolen. Otte låg med ein djup, takksam glans i auga. Dei hadde sagt einannan farvel, og det var ikkje det som hadde teke på Odin, han var forundra over det. Det hadde strøyppt han mest, før her når han kom til å sjå han i auga. Faren famla og fekk i handa hans att. Han måtte ligge og kjenne tankane hans gjennom handa, bars det

for Odin, for da litt hadde vore, sa han, gjennom denne slørøygde smilen som sjukfolk ofte har: – Du og eg, Odin. Det er ikkje stor skilnaen på oss. Ikkje no. – Nei, sa Odin, det er som ho mormor sa, at ein er aldri den ein trudde ein var.

Men da var alt Otte inni sømnen. Odin måtte ^[120] ut. Han måtte sjå himmelen og jorda, kories dei var no, i denne stunda.

Det låg i kvitgrå skymming alt kring byen, og skykvelven kvitgrå over det. Det var natta; han stod her åleine midt imot henne. Nattkjølda anda på han, og der hørte han vinddrage som gjekk nattens tider oppi fjelle og puska for seg sjøl. Månen var oppe, men gjømt; av og til lysna det utover, nokon stads, ein skilde tretoppene imot himmelrømda langt unna, og strender og jorder rann fram med sovande andlet. Slik hadde han stått og venta på det før, men det hadde aldri komme til han som no. – Eg veit det, eg veit det! sa han ut imot det alt saman. Eg skal komma når tida kjem.

«Kjelvik-markja!» sa han, best han stod. – Ein lever berre ein gong. Det kjem att, men da er det ny himmel og ny jord – ein kunde vera rik visst ein såg det. I natt er det langt til folk. Opp og fram, har eg hørt dei har sagt. Herre gud, kva veit dei for slag! Bonde, seier dei visst. Er det ein garmann på tinge og i kongens råd? Dei talai om live og dei talar om døden!

Han vaka hoss faren om natta, og om morgonen sa han farvel med han enda ein gong, men da var det ikkje stort meir enn ein død mann han tok i handa og møtte auga til. Det var ute, i morgonlufta og dagen, at den store skilnaen var, som tala til han og gjorde live til ein frammand ting.

Det var alt med seg han kjente fru Mina frå Segelsund, ho kom imot han i gata. Ho hadde vore ^[121] med båten oppover i gårkveld. Da hadde ho set ut enda meir fortenkt enn i likferda etter Ola Håberg, dei måtte kunne sjå det alle i hop, kor ringt det var med henne. – Ho spurte om ho kunde komma inn og snakke med 'n Otte. – Det kunde ho, så vidt var det, men kva vilde ho der? Odin gjekk tett borttil henne.

Auga hennar flakka til han og frå han. – Eg skulde ha *snakka* med han. – Ja, eg skjønner det. Men det skal De ikkje. For han er ikkje til det. – Nei, Odin, det er ikkje det du meiner, det er ikkje *det!* for det kan eg ikkje snakke med nokon om.

Det er noko anna, det er breve vi fann etter han Ola, han har lagt ei bør på meg som eg ikkje vinn å bera – – eg *må* få snakke med 'n Otte, Odin, kan du ikkje hjelpe meg! – De skal komma utover og snakke med meg, heller. Skulde ikkje vi to bera eit fjell om det kneip? – Ja, når eg snakkar med deg ja, da ser allting ut som det gjer for deg. Men når eg blir åleine att! Når eg blir åleine, Odin? Det er ho Astri, ser du, det er noko om henne eller han Lauris, og ho Astri held eg så tå, det skulde gå henne vel, all vegen; eg trur han far din må vita ei råd.

Odin smilte tungsint, snakka til seg sjøl og ikkje til henne: Nei, nei! Døyande mann er dårlig rådgivar. Du skal ikkje spørre nokon; så kjem det til deg kva du skal og ikkje. Tru meg på det, Mina!

Han var med henne inn att, og venta til ho ^[122] var ferdig. Ho hadde berre sagt farvel med Otte. Dei reiste i lag utover med båten. Men Odin vilde ikkje spørre kva som plaga henne. Så vidt han kunde sjå, reiste ho heim lettare enn ho hadde komme.

VII.

Men alt dagen etter fór ho over fjorden og til presten.

Presten var ein ung mann, og ny i kalle, skulde vera ein djup og fåmælt mann. Han såg straks at einkvart var over henne og tyngde henne til jorda, men ho fortalte ikkje så han kunde forstå det, og ikkje visste han å få henne til det. Han hørte det skulde vera eit brev, og breve la på henne å gjera kjent ein ting som vilde ta både gods og ære frå eit anna menneske, og det eit menneske som hadde nok å verje før, og som stod henne så nær. Han såg på henne i djupaste medhug, vart meir og meir rådvill, vilde ikkje eingong vita kva det var; han sa berre: – I det der veit eg ikkje eit ord å seie. Han tagde litt, så sa han same orda oppatt, – vart raudlet og la til: Å preke for folk og syne dem vegen, det kan ein lære. Å snakke med dem, om slikt, det – – er vanskelig. – Ja men kva skal eg gjera da? klagja ho seg. – De får prøve om De kunde snakke med Gud om det. Stå fram for han og – – snakke med han ja. Om De prøvde det?

^[123] Orda kom fomlande så oppråd at Mina måtte sjå på mannen. Så ærlig inn

til beine hadde ho berre set ein før, og det var han Odin, og så verjelaus hadde ho ikkje set nokon; for han Odin, det var aldri noko som stod-på han. – Ja, eg skal det, sa ho, og prøvde enda å smile. Men da ho vilde reise seg, kom gråten settande inn på henne, ei bære så tung at det braut henne saman. – Berre eg torde det! klaga ho. Men eg har – – trødd nåden under føtene, eg har gjort det som verre er, eg er utan Gud i verden, – eg er *åleine!*

Presten visste ikkje bedre, han vilde ta henne i handa, så måtte vel orda komma når han trong dem! Men i denne blinka tålte ho trøst mindre enn noko anna; ho kom seg opp og vann seg til att, bad presten årsake henne, og sa farvel og fór. Ho takka han enda. – For *han* såg ut til han trong eit godt ord, prestkroken, smilte ho med seg sjøl da ho var ute.

Så var det der, imot henne, all ting ute: soldagen og blånaen var ei hån imot henne, og blikkande fjorden ho hadde rodd hitover; han hadde enda stryke ut vegen etter henne. Og slike små kvite skyer høgt oppe var det ho kalla *evighetskyer* med ho var lita. Dei lest aldri som dei såg henne meir.

Men ryggen retta seg bein etter kvart. – Har *han* snudd seg ifrå meg, da gjer eg det eg vil, sa ho, og det så høgt at folk attmed arbeide sitt i nærheita godt kunde ha hørt det; ho ansa det ^[124] og glømte det straks att. Ho moster Åsel hadde bore det som ingen ting, – det er ein prøve berre, ein prøve!

Like vel kom ho til Håberg kvelden etter og vilde snakke med Astri.

Astri hadde just vore bort og snakka med Odin, ho vilde høre frå far hans, og frå mor si med. Ho undra seg, da ho gjekk heim, at der ikkje var sorg å merke på Odin, der var heller ein lettna over heile mannen. Det vart til ein ir igjennom henne, eit tak for bringa, at så frammand var han Odin, så stor og så langt unna, og imot henne vilde det snu seg, imot henne og imot alt som hennar var. Ho hadde berre retten med seg, og det var lite når det bar til, var ho redd. Ho snudde seg på kjøkenbrua og vart ståande litegrand.

Sola gjekk og brann vestom haugane. Det brann både hav og fjell etter henne. Og raudnaen seig, og ei stund låg lande der utan lys. Astri visste ikkje kvifor ho stod der; det var ikkje hennar vis å bli ståande slik og la nokon ting ta seg. Men no synte lande seg meir berre og levande enn før; myra og snauhaugane timde fram

så tydelig, i brungråe berrfrost, i djupaste armoda. Til skymminga tok seg av det og gjømte det att. Ho såg opp. Og deroppe hadde ho himmelen, og han var blå så det song i han. Da rømte Astri med seg, kjente eit lite nogg, at det var andre ting å møtast med, og gjekk inn.

[125] Inne sat Mina og venta henne. Astri såg straks at ho hadde ikkje eit vanlig erend, – ho hadde reist seg og vart ståande. – Jaså, er du ute og fer! sa Astri. – Ja, eg må få snakke med deg, Astri! – Ja, versågod! Astri gjekk til døra og bad Mina med seg åt øystre stua.

Mina vart ståande straks innom døra. – Eg ber det ikkje lenger! brast det ut av henne. Eg har eit brev her, frå Ola Håberg, han skreiv det straks før han – – før han døde. Han seier han har krevd inn ei gammal skyld etter Åsel, for eit notbruk ho selde, ho hadde havt pant i det, – ho trudde aldri ho fekk dei pengane. Fem tusen var det, og dei skulde gå til gamleheimen; og dei leverte han Ola til 'n Lauris for fem år sia, seier han. Men dei har ikkje komme dit dei skulde, seier han, og noko skriftlig finns ikkje heller. Hoss meg er dei ikkje, det kan alle sjå, seier han, men han Lauris sette inn fem tusen i banken i byen ikkje så lenge etter; og dei kronene har aldri han Lauris git opp i skatten. Og dette, Astri, det legg han på meg, at eg skal gå til øvrigheita med – eg kan ikkje tie med det lenger! Kan du ikkje svara meg da, Astri, kva skal eg gjera? Kanskje at eg har synda imot anden, det får vera som det er; og om det ber utfor bakken med oss ein gong til, eg skal klore oss opp att så visst som eg her står. Men dette er umulig, Astri, for han Ola er over meg, tidlig og seint, eg tør ikkje vera på Segelsund lenger utan eg gjer som han vil, vi [126] må rømme – – berre han Arthur kunde bli disponent for fabrikkjen! Ja, eg vilde ikkje jaga 'n Bonsach derifrå, men han skal eg alltid snakke med. For dette handelslage, om det blir, det blir på Segelsund det òg. Eg vil deg ikkje anna enn godt, Astri, men blir vi på Segelsund lenger, da snakkar eg, eg vinn ikkje anna.

Astri hadde stått og tagd mur still, enda Mina hadde stana og venta svar ein totre gonger. No hogg ho inn, litt tør i måle som ho var somtid: Har 'n Odin lovt deg det? – Ja, dette med handelslage ja, men eg trur at om *du* vilde, og 'n Lauris, så vart han disponent, for eg veit han Odin vilde hjelpe meg så langt han berre kan. – Så-å? Det gjer han knapt for ingenting. Eg har da set så mykje, at folk gjer

ikkje noko for ingen ting, same kven det er. Men det er løgn alt du fêr med, det skal eg gjera min eid på!

Mina vart så forfæld, ho vart kvit i andlete, Astri kunde sjå det så skumt det var.

«Du gjer ikkj det, Astri. Du gjer det ikkj, du e da ikkj *gal?*»

«Æ går fram og svær på det e løgn. Slik ska dem ikkj få ødelagt oss, det ska ikkj skje.» Så mumla ho med seg sjøl, i kalde gråe nøda: Eg kjente da her i sta – – at eg var så redd å gå inn.

Mina fekk ikkje ord fram. Ho stirde berre på Astri, med eine handa klemt i den andre. Da seier Astri lognt att: Men pengane hans Ola vilde du gjerne ha? – Ikkje å nemne det! bad Mina. Du [127] veit ikkje kor sårt vi treng dem, og han Ola har skrive og sett det fast, at dei er våre visst eg gir opp det der til øvrigheita, han har skrive det på same papire, det er eit par tusen kroner berre – – du skal ikkje *tru* det, Astri, at det er derfor eg – –

Ho seig ned på ein stol og gret. Astri òg sette seg. Ho merka det, som ein utrulig ting, at ho sat og lo. – Jaså, du mister dem? sa ho. Hm! hm! hm!

«Å, Gud gi du snakka sant, Astri! At 'n Lauris ikkj har fått dem!»

«Det kan du vara stø på ja. Riv sundt papere og brenn opp det. Eit par tusen ska det allti bli råd for. Og disponent, kofor skuld ikkj han Arthur bli det? De henda så mangt no for tida, – den som vil leva no, får ikkje vera så nøye på det, forstår æ.»

«Når du berre ikkj går i veig og gjer rang ei'!»

«Neida neida!» Litt etter la ho til, med ein liten lått for seg sjøl, at det *kunde* ho ha gjort, visst ho vart plaga til det. Når det var for å verje alt ein var og åtte. «Om æ så va den einast i bygda, Mina, no veit du det.»

Ho måtte ikkje snakke slik! bad Mina. – Du må komma i hug Vårherre er ein farlig mann, og at evigheita ho er – –

– – er lang ja, lo Astri. Nei, eg trur ikkje så overlag på Vårherre eg som du gjer. Men eg trur han held med meg, han vil ikkje tukte oss [128] reint ned – korles skulde det da bli i bygda? Har du tenkt på det?

«Nei, men, æ e så redd, Astri, at du snakka ikkj sant? At du e forherda?»

«Æ har aldri lygji ei løgn før,» – Astri var kald i måle og reiste seg.

Mina reiste seg med og kom og la handa på aksla hennar: Det er det eg trøstar meg til, Astri. For sannare menneske enn deg veit eg ikkje tå, og han Lauris han gjer aldri det som ikkje du veit om, det er så sant at det kan lyse i mørkre, synes eg, eg får lite på det du seier, Astri, eg har ikkje noko anna å halde meg til! – ho sa godnatt uti gangen og kom seg ut, fortomla, og tok vegen heim. Ho hadde ikkje eingong tenkt på at ho skulde kjøre i kveld. – Du må bruke vette ditt da, sa Astri etter henne. – Å ja herre gud, vette! Visst det var berre det om å gjera så. Men at det skal vera slik å leva da! – Ja ha, slik er det.

Astri lest som ingenting var da Lauris kom inn. Først da dei var i sengkammerse og han stod og snakka om eit og anna, spurte ho korles det var med pengane som Åsel hadde havt ståande i notbruke. Man stana midt i snakke, og ho såg han likesæl i auga. Han rykte ikkje til, han kneip berre i hop eine auge eit grand. Litt var det, så hadde han opna dem båe og smilte skamlaust til henne, beint inn i åsyna: Jaså no, det var dem ho var ute og fór i, ho frå Segelsund? – Ja. Ho hadde funne eit papir etter 'n Ola. Kva du seier om det? – [129] Papir? Fins ikkje papir på det, ban, det veit eg. Og kva den der halvtullute kjerringa har sagt til den halvtullute broren sin, det veit eg *ikkje*. Men at 'n Ola Håberg vilde oss vondt, det veit du òg, visst du vil. Og at pengane hørte deg til. Kva du seier om det?

Astri sette seg stilt ned på senggavlen. Ho tok av seg plag for plag, og såg fram over golve; ho vart meir og meir avleta. Lauris heldt auga med henne frå sida.

«Ja no e det for seint,» sa ho. «No har æ nekta, og no får det stå te. Verst med den der *selvangivelsa!*»

«Det fanns ikkj selvangivels enda.»

«Men dem finn pengan i byen, i banken der, stod det.»

«Gruv ikkj for det, ban. Dem har fløtta.»

«Ja ja, men. Det bli ikkje anna råd.»

«He?»

«Æ får ta det på mæ. At det va min peng. Og at æ tok imot dem, og har sett dem vekk utan at du visst om det. Alt i hop får bli mi skyld.»

«Du veit, det va det slugast, men. For bygda ja, mein æ.»

Astri sa ikkje noko meir. Ho låg still og vaki, hørte på at Lauris sovna og hørte på vinden ute. Han hadde gått og fingra med noko tå kvart hittil, og blistra seg einkvan stubben attåt; ho hadde hørt han så langt langt unna, men no var han tett attmed henne. Og no sette han tonen ned, han vart [130] grov i måle, rettno snakka han alvor. Han var god å høre på. Om ho hadde hørt lyden av alt i hop der ute no, av kvart fjelle og kvar haugen, og av myrane og vollane rundt i kring, så hadde det gjort godt. Helst skulde ho ha set det, i truverdige dagslyse, ho vilde ha set husa her og alt saman.

Men i millom såg ho for seg ein ho kjente, ein svoltning utant oddane, Jørgen Langaune heitte han. Han hadde gjort rang eid. Han hadde retta tre fingrar i vêre og svore på løgn, det hadde ho hørt frå ho var lita. Og slik vart han gåande og sprike med dem: tre fingrar stivt fram, og to var krøkt; da ho var lita, syntes ho han gjekk og svor stødt. Helst stakk han handa i lomma; no såg ho han så vel.

«Æ gjer det lel!» sa ho høgt. Ho hørte Lauris rømte med seg og vakna.

Så låg ho still att og hørte etter vinden. Men han hadde glømt henne og gått sin veg.

– – – Vikesynt var ofte innom på Segelsund. Han Arthur var så mykje til mann å tala saman med, ein intelligent mann kunde ein beint ut seie, for det var utrulig kor han kunde sjå stort på det og gi ein rett. Folk elles, her omkring, ja, dei var bra folk alle saman, soleis, men dei forstod som ventande var heller lite av det ein fekk i hugen givande, og serlig vanta dei syn for det høgare og høgste som oppe i tida var; dei skulde heller hakke i mot. – Han Arthur, sa han, det er [131] ein annan motsetnad. Men likså ofte snakka han med fru Mina, enda ein kunde merka på henne at ho var heller stor av seg, etter måten, ho hadde det ikkje klårt for seg enno, at det største er å vera ringe i seg sjøl. Det gjekk aldri fort med folk å komma så langt, hadde han fått røynsle for.

Han kom dit dagen etter at ho hadde vore på Håberg, og den natta hadde ikkje Mina sove. – Du ser meg ut so låk i det siste, sa han. Nett som ei bør eller

tyngsel som tyngjer deg; eitkvart innvortes, vil eg kalle det. – Så? seier ho, litt kvast, men ser ikkje på han. – Ja, det er no så med meg da, som har vore enkemann i mange år og har vore gift og all ting, at eg ser justsom tvert igjennom kvinna, og på deg har eg set i lang tid no, at du ber på noko. Eg tek til og hyser medkjensle med deg. Å ja ja ja!

Ho svara ikkje. Auga i han vart blankare av det. – Dei tek til og gjev gaum på det og vert oppmerksam nokon kvar, – du skulde lette hjarte ditt, til ein som er gammal og røynd og kjenner kvinnehjarte. For elles, ser du, kan du verta ifrå deg av angst og otte og alt sovore, kom i hug at han deroppe ser all ting og veit og kjenner all ting! Og so lettnaen, du! den frigjerande lettnaen, når hjarte har letta seg frå dei tyngjande byrder! Når voni bryddar inni deg som gras og grøn groe!

Mina gjekk ifrå han. Ho kom ikkje inn meir. Men han hadde set ho vart gråvori i andlete, vangane [132] fekk som så grå ein dâm. Orda hans, så ringe dei var, måtte ha bore frukt, hjelpe han so sant Storemannen i høge himmelen!

Mina fekk sett hesten for kjerra og kjørte til lensmannen.

Lensmann Mørk hadde vore lærar der i bygda, men den tida var han halvvore ein villstyring og måtte ta seg anna til. No var han ein still mann, la seg aldri frami politikken og striden, men folk hadde stor age for han. Mina syntes han sat der, den store rolige mannen, og drog henne til seg, og det var den rette vegen.

Han hørte på henne utan eit ord, han vart verken raud eller bleik. Han tok papire og såg det over. – Eg kan ikkje anna! sa ho. – Eg kan ikkje anna! tok ho oppatt. – Nei nei, sa han. Og når De har komme hit og lagt fram det her, så er det eitt for meg å gjera. Men lat oss ikkje forhaste oss. Og lat oss tie, til så lenge. Lat oss tie, og høre, ikkje sant?

No smilte han til henne, han hadde ein stor og logn smil: Det er aldri slik som vi trur. Det er enten verre eller bedre. Eg held meg gjernast til at det er bedre. Eg får ikkje så sjelden rett.

Han tok henne hardt i handa da ho sa farvel, ho vart til ingenting å kalle; og det med gjorde godt.

HØGRE OPP OG LENGER FRAM

I.

[133] Ikkje lenge etter ringte Bonsach Arnesen opp til Odin og bad han komma til fabrikkjen, der var nokon som vilde snakke med han. Odin var ikkje til stades nett med det same, og Anders tok imot bude og bar det fram da faren kom. Om Ingri hadde fått eit svepedrag over andlete, kunde ho ikkje ha kvitna så kvast eller set så hjelpelaust på Odin. – No har det komme opp! sa ho. – Kva da? Det du veit. Det eg sa! – Å det! Langt ifrå. Og om så var, så skulde eg vita råd for det, Ingri. Eg skulde synge det over ende! Du skulde lite på meg. – Ja nokon annan har eg ikkje å lite på.

Anders var inne enno, hadde sitte og lese i ei bok som var vond å sleppe, han reiste seg og stod med han las siste lina, før han la boka frå seg og gjekk til arbeide. Han såg opp, frå den eine til den andre, stussa litt da han såg kor forjaga mora stod der, vart raud og gjekk ut. Odin [134] stod og såg på døra; så snudde han seg til Ingri: Ansa du på guten, kor skambiten han såg ut? Heretter må du ikkje seie så han hører det, at du ingen annan har å lite på enn meg.

Odin la i veg. Han var redd Arnesen hadde hørt nysn i snakke om han og vilde seie frå seg posten straks, for det hadde han snakka frampå om likevel. Det måtte bli råd med å tale han over, og råd med å få dei andre til å tie. I staden møtte han ein flokk av dei arbeidarane som var oppsagt. Dei hadde snakka med Arnesen, og sia hadde dei prøvd å få tak i Lauris, men han var sjuk, så no fekk Odin avgjera det: Dei baud seg til å arbeide for den siste betalinga, visst Engelbert vart teken inn att. Arnesen hadde fortalt at det burde ha gått med dagskift og nattskift her, når rett var. Så no vilde dei høre.

Odin stod og såg på dem, mest utan han visste om det, blistra så smått og

tenkte på fleire ting. – Det skulde ha gått med to skift ja, sa han. Når vi først har lagt i veg på karavise. Vi skulde ikkje berre opp og fram, vi skulde både høgre og lenger, veit de –, han skifta andlet og såg på dem som den galningen han var, – vi skulde ha berga inn pengane med dei var her i lande. Hm-hm, san! Ja, de lovar å *arbeide* da? Som karmenner, utan jag og påskuv? Ja ha, da kjenner eg att dykk, og han Engelbert skal eg sjå å få snakke med sia. Men eg kan ikkje avgjera det på eigen vågna, eg må snakke med styre, eg ^[135] har fått så pass til smikk over fingrane, veit de; ja eg trur ikkje karane er så trau på det. De skal få høre det i kveld eller i morgo.

Han snudde seg frå dem først det let seg gjera og gjekk inn til Arnesen. – Dei er så rare, eg vil mest ikkje snakke med dem, sa han. Eg glømte jamenn å minne dem om hærverke deira; det får du gjera. Det har da hendt meg før, at folk har komme og gjort seg små for meg når dei var nedtukta. Det gjorde meg vondt, og det gjorde meg veik, som snarast da. Men har dei virkelig vorte så småe og takksame? Har dei vore slik lenge? For det har eg ikkje set. – Å, meinte Arnesen, det var da merg i dem enda, berre dei var litt fjølgmente og hadde god vind. Du kjenner til det frå sjøen? smålo han. – Å fire i skjøte, det er ein annan ting, sa Odin og var grå i auga av ålvor. Men tør dei virkelig ikkje – – kjem dei aldri og skriv reint til ein meir, utan dei har overtake? Ja da veit eg ikkje. Men er det slik da?

Sia var Odin i veg og hørte seg for med del andre karane. Dei gav han frie hender, dei meinte enda at det der var disponenten si sak å greie. – Vi må sette fart på, sa dei, alt anna er å snu på halvvegen. – Den songen kan eg, sat Odin og sa. Det er gælen tekst i han, men det er ein god tone.

Engelbert kunde han ikkje finne, og det same kunde det vera. Engelbert var ikkje verre mann ^[136] enn at han lønte godt med godt, når det bar i einherdinga; når ein kom innpå han att. For det om han var eit grand rangsøvd her eit tak. Det var da enda bra det var nokon som hadde hjartelage til å vera rangsøvd!

På heimvegen kom han framom bedehuse og hørte dei song der. Det gjekk ei tung ri med vekking over bygda att, Odin hadde hørt mangt om det. Det var denne sjukdomen som tukta folk til korse, og ein storprekar hadde det komme som hadde eit eige lag med dei sovande. Odin hadde ikkje vore innom døra i

bedehuse på aldri så lenge. No kom det for han det var redd manns ferd om han ikkje gjekk inn, og denne talaren skulde han ha hørt, for det var grovt lenge sia han hørte ein som tala driven av anden. Hende kunde det òg, at han Engelbert var der; han var gjerne å finne der det var folk samla.

Han gjekk inn og sette seg nedmed døra. Huse var fullt, og Odin merka med ein gong at her var alle elta i hop til eitt; – dei song etter talen no. Mannen sat nedunder katetere. Han var berre ungdommen, skulde ha gått i prestlæra ei tid, men hadde slutta da han såg det var vegen til helvete. Han sat med hendene ihopknepte og såg stivt framfor seg, ein fin og vakker mann med store blå auga. Etter songen var nokre oppe og vitna, og borti benkene sat mange og snufsegret eller stri-gret; og mange av dei omvendte gjekk frå benk til benk og verka på dem som ^[137] trong det, tok dem i hand eller la handa på aksla deira. For Odin var det nytt og utruglig. Han såg fleire av kjenningane sine der, dei var alt langt over på den andre sida.

No stod talaren fram att. Straks Odin møtte auga hans og kjente branden i dem, slo det han at det var galen manns auga. Odin hørte lite på det han sa, hørte berre at no var Vårherre ute og gjekk gjennom bygda, som mordarengelen gjennom Egyptens land, hørte dei ikkje kirkeklokka? hørte dei ikkje det ringte til dom? Odin la meir merke til folk, kor ifrå seg dei vart. Slik hadde han òg speila på strengen i dem, kanskje det med skulde ha vore ugjort? At folk heller skulde få gro opp liksom i gammaltida og bli som dei kunde?

Da talaren slutta, reiste han seg og bad om orde. Dei snudde seg i stolane, dei kunde ikkje meir hell laglig tru øyra sine. – Eg hører de snakkar om Vårherre her, sa han. Det ser ut til at mange er vettskræmt alt, og fleire blir det; det var det eg vilde snakke nokre ord om; for i kveld er eg her, ein annan kveld kan det vera for seint. De skulde heller la Vårherre snakke sjøl, visst det er han som er ute og fer. Ventelig har han einkvart å seie oss, men da må han få orde sjøl, – har de kasta bort bibelen dykkar, godt folle? De skulde ha respekt for Vårherre! Kanskje det var rettast å ikkje nemne han. Dette her er ein farang, og ein farlig ein; eg minns det har fare mange slike over bygda, og etter har det vorte berre oskehaugen. ^[138] Hjarte har brunne opp i folk, det beste dei hadde, brunne opp til

unyttet, ja, lat meg få snakke i fred! Ein og annan har det vorte som eit liv i, men da hadde dei ikkje fare i veg og omvendt seg i svåvelredsla, De bør vita det De som er lært mann, at ein snyt ikkje Vårherre med konster og knep, De veit kva det står i bibelen, når De vil. Må da kjenne det på Dykk, at dette her er både for billig og for dyrt.

Tårane var borte hoss folk. Det snudde seg mange utgråtne andlet imot Odin, og mange såg kvitt og hatig på han, dei ropte, nokon, at dei skulde be for han. Predikanten hadde komme fløtt for fløtt nedetter midtgangen, og no bad han dem synge ein song. Dei kasta seg inn i songen frå vegg til vegg, det vart ikkje å få ord for seg. Predikanten kom og la handa på aksla hans. Odin kvakk under det, og gjorde med hendene liksom han vilde ta ifrå seg med makt. I staden vart han ståande og lye på songen. – Hører du tonen frå det nye Zion? sa talaren. – Ja, herre gud, eg står just og hører på det. Er dette gleda som folk har? Er dette gleda. Kan vi menneskja bli så fattige. – Du skulde *høre*, kjære mann! – Nei, ti still! – eg hørte negrane ein gong, det var ein flokk som synt seg fram for pengar og dei song slik. Same bitande fattigdommen, same armodsgleda. Ja visst, *da* må det bli lett å døy. Men var folk så langt nede nokon gong? For å gjera ^[139] det lett å døy? Eg er redd, her eg står, redd at det var aldri så smått med folk som no.

Songen var til endes, og orda til Odin hørtes over heile huse: Så lukkelause – – var det ingen som gjorde folk før. Og her står eg og har andsvare, og har ingen ting gjort. Songen døyr, og låtten og gleda og alt i hop! – så veit vi ikkje anna enn døden å trøste oss til – eg sett meg imot det! For eg elsker dykk, eg unte dykk vel.

«Du skal dø en gang, du også, ikke sant?» sa talaren.

«Det e noko anna det, som vi ti still med, du må da skjemmast!»

Den andre glødde stort og fast: Har du ikkje set at Gud er her? At han er i denne sjukdommen som rasar i bygda? At han kan komma og slå ned det kjæraste for deg, eller deg sjøl, kva dag og stund det skal vera? – Utan det kunde eg vel ikkje blande meg borti det? sa Odin. – Du har merka og set at Gud styrer all ting? – Det har eg. Det har eg set bedre enn De. Men eg trur han heldt med meg om eg jaga dykk utor huse her i kveld alle mann, eg har set mangt, eg. Og det var det eg skulde seie, at no får det vera slutt med denne leiken her, med

sjukdommen gjer ifrå seg. Eg skal få dokteren til å stenge huse. Gå heim, godt folk, og ta bibelen dykkar og lesa sjøl, så får de reint mjøl i posen! – Odin tok hatten sin og gjekk. Nokre ungdommar og ein gammal ^[140] mann kom etter han. Den gamle mannen var Iver Vennestad.

Odin vilde ikkje ha noko snakk med dem i kveld. Ein staden inni han gjorde det vondt, slik han aldri hadde kjent det før utan som ei lita minning. Iver Vennestad nådde att han. Odin sa: Eg har snakka om ting ein skal tie med. Ein sårar både andre og seg sjøl. Eg har aldri set det så brennklårt som no: Det dei andre vantar, det vantar eg òg. Det er berre det, at eg veit det kunde ha vore ansles. For visst det ikkje var så, da kunde ein snu seg ifrå det og gå sin veg, slik han far gjorde; dei kan gjerne kalle det å døy.

Heime sat Vikesylt og venta på han. Odin tok seg på tak og gjorde sprange over til han, det hadde han gjort så ofte før, frå den eine verda til den andre. Lett fall det ikkje i kveld, men over måtte ein, og Ingri såg på han liksom ho gav han handa til hjelp. – Jaso, De er so å seie ute og gjeng? sa han og hengte av seg trøya. – Ja ha, det var ikkje ansles med det nei; han var ute og gjekk. Og no vilde han få snakke med Odin under fire auga. – Neigu om De det får lel! lo Odin. Har De slikt å fara med som ikkje kjerringa mi kan høre, da vil ikkje eg heller ha noko med det; eg kjem ifrå bedehuse.

Vikesylt var ikkje den som kvakk. Odin kunde sjå han merka seg banninga og tenkte seg om samstundes, og no hadde han det: han smilte til ungdommen, gammalt og vist, la så til andlete ^[141] att, det føyde seg så villig etter tanken; han vart djup og fortenkt. – Bedehuse ja, sa han. Jau, du hev rett. Men lat oss ikkje hæda det, me som so å seie stend over det og kan vera freista, om me vil, til å sjå ned på det. Men det er so som du seier, Odin, at det er eit spursmål om dei ikkje er for vidtgangande? om dei ikkje gjeng for vidt?

Han laga seg til å gå djupt i det, men Odin vart han for snar, han vilde sjå nytt andlet på karen. – Det var einkvart De vilde meg, kanskje? Etter mange spørsmål og mangt eit vri fekk han endelig utor han kor han vilde av. Det var dette hærverke bortpå fabrikk: Folka hadde vore fulle! Ja so vart det fortalt. – Ja, det visste Odin. Men det var ein forunderlig og so å seie uskynelig ting, kor dei hadde fått tak i det sterke, i rusdrykken? – Nei Odin visste det ikkje. Da klårna alt

andlete til Sølvreven, og måle løfta seg og smeita, rann ut i mjukaste song: Dei hadde brennt det sjøl. Skam å seie, så hadde dei so ja! Odin vak opp, vantruen men lystig, halvvore glad å sjå til: Er det sant? – Ja, Odin, det er ikkje ansles det, gu betre! Er det ikkje så ein kan *lida vonbrot* du? – Men er dei virkelig så pass da? At dei får det til, meiner eg? Ja folk dei er jamennsant – –

Vikesylt let seg att. – Eg trudde du var fråhaldsmann framleies, sa han. – Det har De snakka meg ifrå for lenge sia. Men brennt har eg ikkje, og skal ikkje gjera det heller, eg som er ^[142] ordførar i bygda, ja og så kan eg ikkje. Men folk er – – det er da liv i dem på sitt vis!

Hm! Men no vilde Vikesylt spørre: om Odin visste kven som hadde brennt for dem? – Nei, men fortel meg det, eg vil ha set han! Vikesylt drog på andlete; det vart lenge før det kom. – Du ser han kvar dagen. Eg lyt seie det som det er, at det er grannen din. Fienden din, om eg so skal seie. – Er du besett, er det han Lauris? Ha ha ha! Ja du Lauris, du Lauris, du er no rugen du! – Du er den artiaste – – – ha ha *ha!*

Men Vikesylt stod i stort ålvor.

«Og no har du den store plikti på deg, Odin, du som folke har kåra til sin første og største tillitsmann, at du tek det i di sterke hand og gjeng lovi og retferdi sin strenge veg med det. Med andre ord: Du melder det! Eg har vitne i bakhandi, både tvo og tri.»

«Og De da?» lo Odin.

«Nei, eg vil standa attanfyre. Av mange grunnar. Og so er det mi stilling, å standa attanfyre deg, og heller verka i stilla. Allstødt i nærmaste røyving med alle nye ovringar i tidi, men i all stilla som sagt, for det er mi natur.»

«Det e vel so det ja. Det er vel altfor mykje so det ja, gu betre.»

Odin tenkte på det, og vart meir og meir ung og galen i auga. – Å det skulde ha vore trøyheit, gut, å sette reddhugen i han, å sjå han Lauris toreskræmt! Sport, ikkje sant?

^[143] Men han fekk sjå andlete til Vikesylten i same blinka. Det var bygda og develsdommen berrett og blygdlaust. Ungdommen gjekk av han straks.

«Nei, æ gjer det ikkj, tvi fan rett! Slik som De står her og ser ut, nei!»

Vikesylt klipte auga i eitt vekk imot Odin. Så laga han seg til å gå.

«Me lyt vona at det ikkje kjem opp då.»

«Ka-for noko da?»

«Det du og eg har tala um.» «Så? Skal det ikkje opp?»

«For ordføraren – – vilde det verka nækjande, er eg redd, *kompromiterande*, skynar du.»

«Ja ja, Vårherre vera med Dokk da, og ti still med det Dokk veit! Godnatt ja!»

Odin hadde gitt seg i kast med kveldsmaten straks han kom inn, og no han var ferdig, la han seg på sofaen og lo tak for tak. Han lo til Ingri med, ho gjekk der og hadde ilt i seg for denne frammande mannen; – at folk torde spøke med ein som var farlig? – Nei da, nei da, sa han, her er ingen som er farlig, på lang lei, her finns ikkje ein. Dei er berre så trøysame. Eg har i grunnen ikkje havt stunda til og set dem før. Og om det så er han lærarsjæla der, så meiner han da *noko* godt med det han fer med. Ein kan gråte til dem, eg var nær på det her i kveld, men kvifor kan vi ikkje le like snart?

Odin såg på klokka. Han måtte ned til sjøen ein sving.

II.

[144] Astri såg at Vikesylt gjekk til Odin den kvelden. Ho fekk så vondt for bringa, ho måtte sette seg.

Det hadde vore umulig for henne å snakke meir med Lauris om pengane og kva dei skulde gjera, ho hadde lite og ikkje vore godtil å sjå på han, og når han kom inn i stua og gav seg for der, la ho gjerne bort arbeide sitt og gjekk åt kjøkene. Han tok blada og sette seg til å lesa, fór det igjenom eit par gonger, det likaste som stod der, og Astri vart sittande og sjå på han. – At du orkar å lesa alt det der skrote! sa ho og reiste seg att. Lauris såg opp, i høgaste undring: ho hadde da aldri med eit ord lagt seg borti det han hadde for seg? – han tok blade att. Litt hadde vore, måtte han sjå opp på henne, korles det no var eller ikkje. Ho

stod attmed borde og klipte. Ho var stiv i andlete, ein skulde mest ikkje kjenne att henne. Og så skrinnsom ho heldt på og vart.

«Har du tannpina?» sa han.

Da såg ho på han. – Ja, det var ikkje fritt, sa ho, og fór med tunga innetter tanngaren. Men såg du nyklökkaren gjekk her i sta? spurte ho. – Ja ha, Lauris hadde set snurten av han. – Han blir lenge der borte? Kva er det han er ute og fer i no?

[145] Ho vart raud med det same orda var sagt, og da Lauris såg opp, skjendes ho enda meir, men ho blunka fritt og stridt imot han: Du veit det er ikkje min vis å halde rekning med folk som går etter vegen her; det er knapt eg ser dem, for det oftaste. Ikkje skal du seie at eg har det med å plage deg heller, om det *er* einkvart. Eg kom berre til å seie det slik, – eg har ikkje så mange å snakke med. Eg vart så viss på at det var ikkje noko godt han fór med. Ja ja ja, det får vera som det vil med det! – ho bøyer seg over arbeide sitt att. Det er stilt ei stund. Drypande stilt er det ute òg.

Men best det er, rettar ho seg opp frå saumen og saksa og ser fram for seg mot vindauga, med armane slakt ned. Det gir eit lite nogg i Lauris.

«Lensmann kann vera her i morrå den dag,» sa ho.

Lauris såg ikkje opp, han heldt til i blade sitt. Han spurte om Mina hadde meldt det da.

«Nei, men ho gjer det! ho kan ha gjort det alt! Det ber den vei'n, æ kjenni det på mæ.» Så la ho til, da ho hadde fått litt meir bukt med målet sitt: Det einaste var, om han Arthur kunde bli disponent på fabrikk, så ho kom vekk frå Segelsund – – det er ikkje råd det, veit eg? ho ser med brennande auga på han.

Auga i Lauris blir større og større. Han hadde aldri sett Astri slik. – Disponent? sa han. Herre gud, kan det hjelpe samvette hennar, så skje henne [146] som ho vil. – Ja, men ikkje dette med Arnesen, Lauris, vi kan ikkje gjera *det*. For Ingri si skyld, i sær; det er umulig. – Gratis får vi no så lite, her i verda. Men den her gongen trur eg mest vi skal lure det til utan kostna. – Trur du det, Lauris? Astri vart bleik av berre spaning. Du trur det skulde gå da? Litt fort? For det måtte skje snart, for elles kunde ho Mina – –

Enno ein gong prøvde ho å tukte seg og tie. Ho tok mønstre sitt og saksa. Men litt hadde vore, slapp orda fram utor hjarte:

«Å Herre min Gud, om æ kund slepp å gjera rang ei'!»

Ho kasta frå seg arbeide og gjekk åt kammerse. Det siste Lauris såg av henne, var den krøkte ryggen. Det kunde ikkje vera frakt med henne no. Veggene stod att, syntes han, og hørte og såg. Det kunde dei ha godt av; dei var ingen kirkevegger. Og ho Astri, ho kjem seg vel att, smilte han.

Han tok på seg og gjekk ned til Vågen. Han var klædd for verste vinterdagen. Engelbert skulde vera der nede einkvan staden, etter hans rekning. Han gjorde seg erend inn ein to-tre stader, men Engelbert var ikkje å finne. Javel, da visste Lauris at gutfarken var ombord hoss skiprane, for der var det von om skjenk. Spøre etter han vilde han ikkje. Han stod just og tenkte på at han skulde lån-ta ein av lett-båtane til notbruke ^[147] og ro bortpå, han låg der ved brygga. Da kom Odin slengande.

Dei helsa båe to samstundes, Lauris kvardagslig og like sæl, Odin høgt og undersamt: Er *du* ute og går så seint da? Og så påklædd – skal du ut og ro? – Eg har vore sjuk, veit du vel, sa Lauris. – Ja det er sant ja, korles står det til? – Du trudde eg berre gjorde meg klein? lo Lauris. Så der skulde få skje store ting i ditt namn? – Det har eg virkelig ikkje tenkt over. Men det var det eg skulde ha sagt: du har ikkje set 'n Engelbert her nokon stads? Eg skulde ha snakka med 'n. – Nei, Lauris hadde ikkje det. – Treffer du 'n før meg, så fortel 'n, at no er han teken inn på fabrikkjen att, på eit vilkår, og det skal han få høre av meg, ja, vi var einige om det i styre, skjønner du. – Det er da svært til bask det har vore med eg var klein, småflirte Lauris. – Ja, du skulde ikkje fara slik og bli klein, Lauris. Strid og bask ja, og sladder og løgn og vas, ein kunde bli huga til å legge seg klein nokon kvar, eller rømme ifrå det på anna vis. – Fullt så gale var det vel ikkje, meinte Lauris, han tok seg ei skrå. – Gale? sa Odin og såg stort på han. Eg trur ikkje folk har greie på kva som er gale og ikkje, dei har mista styringa.

Odin stod og skulde seie godnatt, han såg på stjernevêre og hørte etter sjølyden utant oddane; da snudde han seg kvast til Lauris att. – Ein ting ^[148] skal du seie 'n Engelbert, visst du råkar han, og det er at han skal halde munnen sin,

han veit sjøl kva det er. – Det skulde Lauris gjera. – Ja, og så det, Lauris, at om du brenner, så skal du ikkje la det komma ut i bygda, hm? Hugs på at folk og folk er to slag det.

Lauris sette i og lo høgt. Han bad Odin at han ikkje skulde legge det på seg.

Da Lauris hørte det bar heim med Odin, løyste han båten og la bortpå. Men no hørte han dei kom roande i land frå fartya; det låg mange av dem utpå Vågen. Han bia til han hørte at Engelbert var i båten, gjekk så opp millom bryggene og bia der. Men Engelbert var full og ståkande av seg, var ikkje stort å snakke med i kveld, og ikkje var det å få han ifrå kammeratane heller. Lauris fekk så vidt tak i han, at han fekk sagt han dei skulde møtast her nede i morgokveld. Så måtte han gå heim.

Astri låg vaki da han kom. – Jaså, du søv ikkje, sa han. – Å nei; ikkje større. Men fekk du utretta noko da? – Åja da. Eg fekk det på gli; i morgokveld gjer eg resten. – I morgokveld ja. Det er lenge til da. – Vera uredd du; det er på gli no. Men at du ikkje søv? – Søv? Ho hadde sett seg opp i senga. Eg har sitte i senga her mang ei natt no, eg; og du har sove. – Hm! Hm! Er det så farlig, meiner du? Da skal dei akte seg, fleire enn vi. Skal ein virkelig måtte til ^[149] å verje seg for svarte ålvore da? Eg er stygt redd dei taper, mumla han millom tennene.

Han sovna ikkje før han trudde Astri sov. Men straks han hadde teke etter sømnen, var han vaken att, for det var ho òg. – Eg meiner du søv ikkje du heller? sa ho. – Å, *eg!* Men du skal ta det her med vett og forstand, Astri!

Ho sette seg i senga att; det fall henne visst tungvore å puste. – Når gutane er oppe, da ønskar eg dei låg og sov, sa ho. Når dei har gått og lagt seg, da blir her så stilt; da ønskar eg dei var oppe like vel. Tre skyldlause gutladdar som ikkje veit det grand om mor si. Og her er stua og heile huse, det ser på ein enten det er lyst eller mørkt, veit ingen ting om meg det heller. Og medkvart er det ho farmor – ho har vore så langt unna no i mange år. Veit ikkje om ho held med meg eller kva ho gjer.

«Blås i heile kjerringja!» – Lauris dunka med neven i veggen.

«Ja det sei *du* det!» Ho sat still eit tak, og smått vogga med kroppen. – Nei, eg veit eg skulde ikkje snakke om det. For det *er* ingen å snakke med om det her.

Men det er lettare å seie det, like vel. Og *du* må da forstå meg, synes eg. At eg gjer det tyngste eg kunde gjera, det har ikkje menneske teke noko tyngre på seg, eg skal lyge, hører du ikkje det? eg skal gjera meg til kjeltring og småmann for all bygda – – trur du det er for trøysamheit eg gjer det?

[150] Ho bøyde seg fram over hendene sine og gret. – Det er ingen som forstår meg! jamra ho seg stilt. Men når det ikkje finns annan veg! det finns ikkje!

Gråte hadde ho ikkje gjort på mange år, ho var både skjemt og skræmt at ho kunde det. Like vel linna det innvendig når ho gav seg over slik i skamma og elende. – Ikkje han heller forstår meg, sa ho. At det er for hans skyld eg gjer det, for at han skal stå over dem og ikkje bli nedhogd, – han gjorde rett, same kva dei seier!

Lauris hadde snudd seg om på sida og lest som han sov, og litt hadde han ligge slik, så sov han virkelig. Da klaga ho seg enda veikare: Men at han kunde gjera det! At han kunde gjera det! At han ikkje ser det ein gong, kva det her er for meg! Å herre gud, det er sant som det står, at det er fåfengt alt i hop!

Ho seig maktlaus attover og vart liggande. Ligge slik overgitt var verre enn alt anna, men ho var ikkje ansles godtil. – Men det kan vera det same, sa ho og sløkte lyse, eg gjer det likevel. For det er rett, for meg!

Dagen etter snakka ho ikkje med Lauris. Det var ein finvêrsdag, rettelig ein utleita ein; – ein kunde tru sola stod still på himmelen og skjein inn til folk, og himmelen han gjorde seg uvanlig blå først ein såg på han, med kvitgylte skyer over fjelltoppane, høgt oppe og langt ute. Med kvart syntes Astri det var månen som skjein inn til [151] henne. Av og til stana dei fór, gutane, når dei var i nærheita med henne, såg som snarast på henne og slong sin veg att; Ludvik gjorde det same. Endelig vart det ein ende på den dagen òg, no kom Lauris og vilde ha kveldsmat, vilde ha han tidlig i kveld. Han åt utan å sjå opp, tok så på seg og gjekk ut. Da vilde ho gjerne ha snakka med han, ho visste ikkje for vel kva det var om; men han var still og stengt og langt borti andre tankar, – det var slik ho hadde tykt best om han heile tida.

Engelbert var full den kvelden òg, litt passlig, sa han med Lauris; men han vart ædru straks Lauris hadde snakka nokre ord med han. – Han Odin er fan

hakke meg ikkje for katten! sa han og såg ålvorsamt på Lauris. Same kva pek du gjer han, det bit ikkje på han som på anna folk. – Lauris tagde. – Eitt vilkår ja, heldt Engelbert ved, eg veit kva han meiner, og du òg. Og det kan eg gå med på. Arnesen kan få vera disponent så mykje han vil, for meg, eg kan da vera gromgut eg òg når eg vil. Men elles! – å gut, eg kjem til å seie meininga mi verre enn eg nokon gong har gjort. Dei skal få vita tå meg, det spår eg. Gir meg aldri, eg, før vi har meldt oss inn i organisasjonen; og da blir det ny takt i valsen. – Men når du no blir disponent sjøl? – kasta Lauris inn. – Eg? – Ja du forstår da vel norsk? Arnesen er snart reiseferdig han, og den dagen han er borte, da du er heime; du får krona på før du veit ^[152] ord av det. For no er eg frisk att, du merkar da det?

Han pusta på, tok seg ei skrå og såg på klokka. Engelbert stod og såg på alt han gjorde, men halvvore som han ikkje såg det, han var ukjennelig tom i kjakane. Lauris smilte med brei munn: Eg skal seie deg korles det er: At den her fabrikk kan gå hunden i vald for meg, han fyller opp bygda med all slag arbeidsmaur eller kva eg skal kalle det, og vi vart fortare fri han, meinte eg, når du slapp til og skulde styre han. De skulde få prøve dykk, skjønner du. Og så det da, at *du* skulde ikkje gå her og ta imot nåden hans Odin. – Nåden hans, kva er det for slag tull? – Ja, eg sa det no slik. For du er ein karakter, som eg har sagt deg; ein tå mine karar, liksom.

Den andre stod og vart full att. Han vart tjukk i måle. – Just nettopp som eg tenkte her i dag, da eg hørte nysn i at eg var innteken. No skal han Odin ha det, tenkte eg. Eg lyser ut, at under ein straff-fange går eg ikkje. Hadde dei stått ved kven han er, det hadde vore eit anna mål, men kvifor skulde dei lyge? – Ja sei meg det, småflirte Lauris. Det har no aldri falle *lett* for han Odin å snakke sant. – Du får bli frisk da, Lauris, så eg ikkje blir jaga på nytt. Den her gongen skal ikkje han Odin få sanke gloande kol på skolten min nei, det har vore nok tå det slage for lenge sia.

^[153] «Du må lett det komma litt dått på'n da,» sa Lauris.

«Dått ska vær!» ropa han på fartykar-vis.

Men straks etter kom han i tankar: Det vart verst for ho Ingri, og henne hadde han set berre godt av. Ho er halvveges ein engel, Lauris, du har ikkje set henne

du. – Så da? Det var eg, ban, som såg henne først. Du har ikkje hørt det? – Nei. – Eg hadde mang ein sommarkjærest oppi Nordland eg, veit du, men ho var no gullbosten min da. Ja nei, eg skal ikkje sette ut noko rykte om henne; eg er fattig men ikkje simpel. Men eg var den første der, som sagt, eg er slik eg, at eg vil heller vera den første enn den siste. Å, han Odin skulde ha visst – –

Det var ikkje stort dei drakk, men det var likt til det rann i hovude på Lauris med ein gong. – Du trur vel det er berre søtmjølka å vera meg du? sa han. At eg er ein fanken så heldig kropp der eg går? Javel, eg er herre i mitt hus. Men: Eg er Lauris for det. Mm? Og han Odin han går der og er Odin og langt ovom både meg og deg. Nei, ho Astri ho ser han mest ikkje, men trur du ikkje det skal makt til det òg? Kvinnfolka røyner aldri makta si så hardt som den gongen dei ikkje let seg narre av ljugaren, – og kva anna er det han er, inst inne? Nå ja, det veit vi to. Men han er eit prinsip, å kalle. Enten er du med han eller imot han, tvi fan! Ho Astri, ser du, ho kasta han ^[154] ifrå seg – – var ikke det rart? Eg reknar det slik, at ho såg kven han var. Så ser ho kven eg er óg, vil du seie. Lat henne det, alt med ho vil. Men ho Ingri, gut – –

Med han snakka, akta han vel på at ikkje Engelbert drakk seg full. – Du får støype kula sjøl da, sa han, og sende henne i blinken. Meg nemner du ikkje. Det byd meg imot, alt slikt. Det er berre det, at det må gjerast – – han kan betterde snyte oss naselause, han der skarven dei slepte hit. Og så blir det den tida da, Engelbert, at du skal få syne oss om det er meir hell kjeften og bakbeina med deg. Om du kan temme 'n Odin litegrand, for eg klarar det ikkje, forbarka om eg det gjer. Men ho Ingri, gut, den tida ho blomstra! – han lo og rista på hovude.

Engelbert lo med, og fekk så enda ei ri:

«Osså 'n Odin da, som vil sett mæ vilkår!»

«Hm-hm! Du sikta te vers no, Engelbert.»

Lauris gav seg på heimvegen, og Engelbert følgde med han. Ho Astri, gjekk Lauris og sa med meg sjøl. Ho kunde gjerne lite litt meir på meg. Eg fer ikkje fort, men eg fer vel. I morgo gjer eg meg ein tur til Segelsund, Astri. Der meiner eg vi har 'n Odin, sa Engelbert og såg fram i veggen. Han kjem som eg hadde skrive etter han. – Nei, bi no urlite, vi går om han og lest som vi ikkje kjenner

han; den her gongen. For det var ein liten ting eg kom til å tenke på.

III.

[155] Det var Odin som kom.

Han hadde sitte heime om kvelden og havt det i seg at han skulde over til fabrikkjen ein vending, og hadde nemnt det med Ingri. Ho såg mest forfæld ut: Ikkje i kveld, veit eg? – Jau, og så skulde eg ha snakka med 'n Engelbert. – Men ikkje i kveld, Odin! – Kvifor ikkje? Eg skulde ha snakka med 'n far din òg, det kan vera mangt i vanlag der borte alt; det kjem så for meg at han vil meg einkvart.

Han og Anders hadde vore nordpå Sommarfjøsåkeren og kjørt stein ei økt, så no var han både sveittkald og hustren og var i grunnen lite huga på å gå ut att. Ingri såg det, og sa det med han, – det var kaldvore no i kveldinga. Han sat og såg på henne og hørte på henne, med han røykte. Men det vart til det lel, at han tok på seg og gjekk. Ingri kom etter han ut. Det var same fine vêre: bleikgul himmel vestover have, mørkblå austpå fjella, stilt oppi liane og stilt kringom strendene, jordene bortetter låg strågule i skymminga, og skog-jaren og myra i blåbrune mørkre der bortafor, – stilt alle stads. – Jau, Ingri, eg vil sjå bort til fabrikkjen, sa han. Eg burde det, kjenner eg. Så kan hende det kunde bli som ein ende på denne rennsla dit, at eg fekk gjera meg ferdig og fri der borte, meiner eg. Han snudde seg til henne litt [156] brått: Står du verkelig og er redd for meg da? – Nei, ikkje redd, men. Berre urlite grand. Og somtid så er eg mørkredd. Men kan du ikkje bli heime i kveld? Dryge til i morgo med det? – Har så ilt om tida, lysdagen; han blir gjerne for stutt for meg. – Eg har drømt så nifst her i haust: at dei stakk deg. – Tøv! Og så veit du kva eg drømte med eg var liten? For eg drømte, at vann eg ikkje over deg, over Havfrua mi, da gjekk det skjeis for meg heile vegen – – eg er da ovtruisk nok eg. Så deg gjer eg tvert imot, du får ha godnatt så lenge! – Ja ja da, Odin! ho smilte opp til han og gav seg, det var denne smilen som han aldri fullt fekk botn i. – Du blir da ikkje så lenge, Odin? Og så må du helse han far! – Ja! hører du! – han tok og kyste henne, og så fór han sin veg.

Han var alt inni andre tankar, da han møtte dei to karane nedpå sjøvegen.

Han helsa og fór, men etterpå rans det for han, at den eine av dem var Engelbert; den andre var ukjennelig, kanskje ein skipper som var i land. Han tok båten og rodde over elvegape, gjekk så stranda frammed til fabrikk.

Engelbert følgde Lauris oppover. – Det var da fanken til fart i ordførar-sjæla vår, sa han. – Hm-hm! Men om du gjekk innom og snakka eit par ord med madamen hans? undrast Lauris. Det er det, ser du, at i breve står det ikkje kvifor han var i veg og sat. Du lirka det alltid utor henne. Og så kunde du be henne å varsku han, at brenninga ^[157] vår må han halde nasen sin ifrå, han kunde bli svidd. – Det tør du knapt seie han sjøl ja! lo Engelbert. Lauris høre ikkje det. – Du må fara vakkert da, formana han. Det er ikkje ho som skai bli redd, det er han. Engelbert stod enda litt, såg som snarast etter Lauris der han slong av heimover, så aksla han seg og gjekk inn. Han spurte etter Odin.

Det var berre Ingri og småguten inne, han Per. Anders sat oppå lofte sitt med ei bok eller kva det var. Engelbert snakka frå det eine til det andre, og Ingri følgde lite med. Han ser på klokka i einingen, og Ingri på han; ho syntes han skiftar hamlet eit par gonger. Så busar han beint på henne: Sei meg kva det var han kom på straff for, far Dykkar?

Ingri vart sittande og sjå på han. Det kunde ikkje merkast større i andlete på henne, det var mest berre det at ho ikkje blunka med auga. Da hørte han ho pusta ikkje heller, og såg ho hadde vorte drivande kvit, – ho dåna vel ikkje? Han gjekk bort til henne, og la handa på aksla hennar, han var hjartans lei seg. Da vak ho opp med eit lite skrik. – Ho måtte da ikkje ta det slik, sa han; det var alt anna enn vondt meint, han hadde meir tenkt å forsvara far hennar. No når eg og 'n Odin har vorte forlikt att, sa han. For live no for tida, skal eg seie Dykk, det er kvasstennte greier det, ein kan bli vond før ein veit om det, men Dykk vil eg ikkje – –

^[158] «Har det kommi *utover* da?» spurte ho. Det var så godt som ikkje mål i henne.

«Ja, men det er han Odin si skyld det, han har fari med ei lita løgn, ei urlita ei.»

På nytt var ho åt og skulde svime utor. – Hit skulde eg ikkje ha gått, det ser eg

no, snakka han med seg sjøl. – Har det komme utover da, kлага ho seg. – De veit her er krig i bygda, ja i heile lande og i alle land. Men no skal eg slå ned det her snakke, De kan tru meg på det. For det er ikkje sant, han *har* ikkje røva posten? Berre litegrand underslag i regnskapen, det trur no eg, litt *underbalance*, ikkje sant?

Ingri tagde. Engelbert såg på klokka att, og vart ståande og grunde; gjekk så til døra.

«Røva posten?» ropte ho og fór opp, – «det e løgn, Engelbert, det e løgn!»

Han visste det ja, og no skulde han gå og rydde opp i det. Berre litegrand kassesvik, ikkje sant?

«Jau. Det va ikkj noko anna.»

Engelbert nikka. Han var ulik seg, der han stod, knapt at han var kar til å sjå opp.

Ingen visste orde av før Per kom leggande over golve med ei vedskie og hivde etter frammandmannen så det song i døra:

«Din sfin-hund der' du e! Hut med dæ!»

Auga hans loga i lampelyse, og andlete var skjeivt av sinne, han ropte svinhund og hut eingong til. Engelbert vart forfæld med det same, ^[159] men han lo så godt han kunde, og kom seg litt medkvart. – Jaså, det er opne fiendskapen her, lo han. Ja ja, godnatt!

Han sa det med Lauris da han gjekk seg på han bortpå vollen, at den her reisa skulde han ikkje ha gjort. – Nei, visst du skilte deg dårlig ifrå det, svara han. Trur du *eg* likar det? – Nei nei, sa Engelbert, og gjort var gjort, og han Odin fekk trøste henne att, men dette var siste gongen han for sin part brukte snikråder og uverje i krigen, det kunde Lauris komma i hug. – Ja visst, sa Lauris, og no trudde han det vart likast dei gjekk ned og tok seg ein hjartevermar, dei hadde ein skvett ståande enno, visst. – Nei, Engelbert vilde ikkje, han sa godnatt – «Gæli, gæli!» gjekk han og sa. Lauris kom luskande etter; han hørte han, men gjekk.

Engelbert gjekk inn på bua. Han var ansles enn han pla vera, somtid full, syntes dei, og somtid fastande, snakka frå aust til vest og gav seg sytten om kva

dei svara eller ikkje. Han spurte fleire gonger, om dei hadde hørt at han var teken inn att på fabrikk, og om dei hadde hørt at Bonsach Arnesen hadde vore forretningsmann i Kristiania. – Dei hadde da det. – Ja, ho har fortalt det, dotra hans, så må det vel vera sant? Men i Nordland, der han er ifrå, der veit dei ikkje noko om det. Da han fór derifrå, seier dei, da tenkte han seg på tukthuse, på botsfengsle. Ja nei, han hadde ikkje slege i hel nokon, eller slikt, berre [160] nokre pengar i banken hans som vart borte, den gongen han hadde spekulert overende forretninga si; forteler dei ja. Kanskje ho miss-minnes, ho Ingri? – Folk lest ikkje som dei hørte større på han, og ein om senn seig dei ut og skulde heim, for det var seint alt. Engelbert vart enda meir høgsmælt og urolig: Tok dei han for ein slik ein som for med sladder? At han vilde hemne seg og slikt? Nei stopp no! dei fekk tenke seg om, han var Engelbert og ein ærlig kar som han hadde vore all sin dag – hør no her, godt folk!

Da han kom ut, skymta han Lauris ein staden bortimillom bryggene, men han vilde ikkje råke han. – Kva det er *han* går her og loverer etter? mumla han, – lat meg ha fred! For det om eg har fare som ein tosk i kveld; du får meg ikkje lenger, din bonde der du går!

– – – I millomtida hadde Odin vore over og snakka med Arnesen, og Arnesen hadde sagt opp posten sin. – Eg står ikkje i det lenger, sa han. Det blir likast for a Ingri òg, at eg reiser; både for henne og deg. Eg har kjøpt farty. Fekk litt hjelp nordafrå. *Eg* skal alltid greie meg. Han såg så ålvorsamt på Odin, at han kunde ikkje seie eit ord imot. Det var berre Ingri ein og annan gongen som hadde set slik på han. – Ja, du får gjera som du synes, sa han. Eg skal ikkje nekte eg har tenkt på det same, for hennar skyld. Jau, eg ser det no, litt etter kvart, at det blir lettare for henne om du reiser. Eg vilde berre ikkje dei [161] skulde få jaga deg. Det er rettast du skriv det i kveld da, så får eg breve med; så går eg innom hoss'n Lauris med det.

Odin smilte med seg sjøl: Det der kjem ikkje 'n Lauris til å skjønna; og skjønna det må han, elles får han ikkje sova, han får vondt. Hm! hm! Ingen veit kvifor det skulde gå slik. Eg undres om han Engelbert vart folk når han fekk andsvare her? – Ikkje reint umulig, det, meinte Arnesen. – Ja, vi får prøve. Men at det skal vera slutt med samarbeide vårt her no da? – Slik var no det tillaga ja.

Og så ikkje få sjå dykk meir. Å nei, det er så det! – han såg på Odin, og frå han bort i veggen, og drog på smilen.

Da Odin kom roande over elveosen og la til ved notbrygga, dreiv Engelbert nedåt og helsa. – Å er det deg? seier Odin. «E du ut og ror?» skulde du seie. Jaha, og no skulde eg just ha snakka nokre ord med deg, du forstår meg, ikkje sant? Du kan få byne på fabrikkjen kva dag du vil. Men så var det det da, at dette snakke ditt om Arnesen skal du slutte med. For det tyner a Ingri for meg – er ikkje nokon til nytte. Ja, du *gjer* det, Engelbert, du fer ikkje og gjer skyldlaust folk vondt? Eg har da ikkje teke så mist på deg?

«Nei, du veit – æ meint ikkj – –»

«Du tek mæ i hand på det, kom med kloa!»

Engelbert kom verkelig med handa.

«Ja?» seier Odin. «Du e så still?»

Da kremtar det bortom naustnova, og Engelbert ^[162] kjente måle til Lauris, han hadde stått der og hørt alt dei sa. Han retta på seg, prøvde å sjå Odin i auga. Det var for mørkt til det, her i skuggen av husa og haugane, men den eine kjente auga til den andre.

«Gjer du mæ te disponent da?» sa han hardt. «Du verka for mæ, meint æ?»

«He? Disponent? – e det slik å forstå?»

«Ja, va det så umuli da? Æ ska klå arbeskaran te gagns, ska du få sjå, det e allvår det.»

«Nei men, e det du Engelbert det der da?» Odin var reint bortveikna i måle. Så godsnakka han att: Lite duger du visst til å passe den havresekken, og slett ikkje kjøper eg deg, det må du vita og forstå – – trur du *eg* har kjøpt meg fram nokon gong? Vi kan komme til å prøve deg, det er eit anna mål, men noko kjøp? nei! Du skal lova meg det lel, Engelbert; så er du slug.

«Så-å! Det er slik no. Det vil sei, at di tenkji å kjøp mæ lel, få mæ *over*? Ja visst ja, og du skuld stå som eit *mindesmerke*, høgt over både mæ og di ander. Det går ikkj, Odin. Vår dæ gutt, hell så smell det! Han værfar din ska vekk, no veit du det, æ ska slå opp breve nordant i morrå den dag, du ska vara stempla

både du og han ja! Koles lika du den?»

«Der vart du for sein, stakar. Han har sagt opp, han, her har æ breve hans. Koles lika du den?»

«Så te devels!» murra Engelbert. Litt er det, så ser han opp og ler: Men du blir no ståande der

[163] som løgnar lel, ja både du og kjerringa di, det skal utover all bygda. – Høy san! lo Odin. Verkelig rart å høre reinhekla vondskap, det er sjelden kost det. Men ålvors snakk: du skal akte deg. Kom i hug det er henne eg verjer, eg kunde bli tung på labben, det er ho det gjeld og ikkje meg sjøl! Ja-a?

«Ho ja? Den der Nordlands-ludra di, ha ha ha! Som 'n Lauris har både brukt og rata. Har du ikkj hørt om den kvelden oppi – –»

Odin var over han i same blunken, og slo så det susa i lufta. Engelbert var ikkje der lenger, han fór. – Godt eg ikkje råkete, elles hadde eg slege i hel 'n, sa Odin, han smilte enda, men det var ikkje blidt. Men styre seg kunde han ikkje, umaka seg ikkje med det heller, han la etter og kom i slik rasande fart at Engelbert sprang beint på elva, Odin etter nedtil vassmåle. Der kom han til seg så vidt at han ikkje la etter på sømme; han rista knytneven over vatne og ropa håst:

«Te botns med dæ, din luskælv!»

Elva var brei her, no på floa, men enda gjekk ho med hard fart haustens tid, ein kunde ikkje høre sommaren for berre straumsøyen. Han skulde vera god som sømte her naken, kom Odin i hug. Han vilde det ikkje, men gjorde det lel, ropa ein gong til, han kjente seg lodden som dyre over all sin kropp: Søkk til botns og kom aldri opp meir!

Han var alt på sprange og fór, frammed stranda og bort til brygga, løyste båten og rodde [164] over til øyra, der sjøen skvala over steingrunna, for dit måtte ein komma enten ein var levande eller dau, visst ein da ikkje stivna før ein kom midtvegs. Der var ingen Engelbert å finne. Odin vadde enda inn på lande på sørsida og fór oppetter eit stykke, til han var ovom der han la til søms. Ikkje liv. – Han må ha drive til havs som høysekken, sa han. Ja ja. Gjort er gjort. Han sa de

ein gong til, opp imot himmelen og utover imot all verda:

«Gjort e gjort, og ska så vera!»

Han rodde attende, ein sving utover først og leita så inn til brygga. – Nei, eg hadde ikkje tenkt det slik, det er sant. Men eg ønska det. Det skal eg stå ved for heile bygda. Med han sa det og gjorde fast båten, ranns det han i minne det Ingri sa her i kveld, ho var så redd han skulde ut. – Ja ha, Ingri, dei er farlige, lo han; men eg er farlig eg òg!

Oppmed nausta går han seg på Lauris, som kjem nedover. Odin seier ikkje noko; Lauris spør etter Engelbert. – Han Engelbert! – Ja, han gjekk ned til støa no i sta her?

Odin står litt. Han tek av seg huva og tørkar sveitten.

«Fark e her nok tå i bygda!» seier han, så høgmælt at det *fer* i Lauris. «Og no ska du pinade akt dæ, du ò, visst det e du som e far for det her – – æ e ikkj stø på kem æ e for ein i kveld, æ e fali!»

[165] «Æ, sei du? E du gælin da, Odin?» han drog seg attende.

«Gu e æ gælin no ja, og Vårherre han vetta koles det her går. Æ trur æ renska bygda snart!»

Lauris luska unna, nedtil færa, Odin stod litt og såg etter han. Tok seg så på tak og gjekk sin veg.

IV.

Han var let og god i kroppen da han gjekk oppover. Tenke større gjorde han ikkje, han undra seg berre at dette var han. Gong for gong susa det sterkt gjennom hovude, at dette her var ein frå gammaltida og mørkre, ein av dem som gjorde det han fann på. – Slik hadde det gått dei karane no, smilte han. Det hadde vorte eit grand flokut å vera dem ja. Da han var heime og skulde gå inn, vart han kaldare i seg, og knea var ikkje som dei hadde vore, han tøvra litt før han tok i døra. – Å nei, eg er ikkje ein tå det slage, mumla han; vanta mykje på det, san. Eg får enda gjera det som skal til.

I kjøkene var der ingen, og ikkje i stua heller, men lampa hang og brann. I kammerse låg Per og sov i senga til mora, – da måtte Anders òg vera ute. Odin gjekk på loftet. Senga hans var tom. Heile huse tomt.

Han la i veg ut att. Det var natta alt, dei sov borti alle heimane, og månen stakk panna over ^[166] fjellbruna sør i lande; rettno var heile det gule andlete fram. Det var i avtate med han for resten, han hadde skjeivt andlet, og lysskimmere han gav, var veikt og uvisst, men vidunders vakkert. Håberg-jordene kom så nær Odin, som han syntes dei aldri hadde vore dagsens tid, og fjella slikt slag, han hadde gått her og vore ein blinding som ingen ting såg. Brattstup og skar og skogband såg han, i ein mild og lysgrå lett, og myrane så øde og fortente innerter og enda så levande; og der var sjøen ja, slik var han, vakande og blank i auga. Men kva skil det i grunnen meg? tenkte han utålmodig. Ikkje i kveld meir enn ein annan kveld! Han hadde rett i det, han som skapte det, at det var altsamen såre godt, men sia fekk han anna å vita, da folk voks til; da angra han seg, han òg.

Og der sørterter gjekk vegen til brua. Han òg var ute og synte seg i kveld, kom buktande einslig og grå i møte med Odin, mest ein levande ting. Odin la til og gjekk fort, heilt nedtil brua. Nei, der fans ikkje folk, som ventande var. – Ingri! småjamra han seg eit par gonger. Eg er da *her* eg, Ingri. Nå ja, å anke seg nytta lite no, det var ikkje den kvelden i kveld, han la i veg nedetter frammed elva, sprang og gjekk omeinannan, han kom enda i hug den julenatta han leita seg til Vennestad, det var ikkje stort likare den gongen. – Ho finn meg tidsnok, sa han, finn meg tidsnok, men sprang like fort for det, han sprang skigaren ^[167] handlaust ein staden. – Og det som er gjort, det er gjort. Du, Ingri, du forstår meg. Men kor har det vorte tå deg da? Du veit da ikkje noko om kva som har hendt, du?

Rundt alle brygger og naust og alle husa i Vågen rente han, var nedåt elva ein sving, der det hadde hendt, og så oppover i aukande fart, så nattlufta blistra kring øyra, ho var som rinnande vatne, syntes han, – å, dei vart ikkje med han nokon ein no – skitgutar!

Han nådde att Ingri og Anders oppi vegen der Håberg-gjorde tek til. Han

fortalte så godt han vann for anddråtten, at han hadde vore rundt og leita etter dem. Dei sa at same vegen hadde dei fare, Ingri hadde lagt i veg først, åleine, og så hadde Anders komme og funne stua tom og hadde sett avstad etter, hadde teke att henne ved brua. Ho var reint fortulla, så redd, sa Anders. – Ja men kvifor da? spurte Odin. Ingri tok handa hans, ho var ikkje godtil å seie noko. – Du trudde dei hadde stukke meg i hel du? la han. Stikk gjer dei, la han til, men no skal det stå om at eg har gjort åt for det, for det første, du skal få høre det du ikkje ventar, i morgo. Eg har gjort rett; det kjennes mest som eg aldri hadde gjort det før.

Anders fór over far sin med auga eit par gonger. Odin merka det, men det skilde ikkje han, ikkje no i natt. Det var mange mange ting som ikkje skilde han lenger. Men i morgo ser det ansles ut, mumla han. – Ingri såg opp på han og tok tungt etter vêre.

[168] «Oransakeli!» sa han.

Da dei var to-saman i kammerse, sa han: *Om* eg skulde bli nøydd til å jaga ein skarvlaup på sjøen, Ingri, og han da er så vond at han søkk? – Nei, nei, Odin! ikkje å seie slikt! – Neinei, og du veit: dei gjer ikkje slikt no for tida. Dei drep hoggormen, så vidt det er, – du drep ikkje den heller du? Nei eg veit det. Å ja ja, san; det er lett å snakke om det.

Han vart vår at ho var bleikare og veikare enn nokon gong før. – Kva det *er* da, Ingri? vilde han høre. Ho rista på hovude, torde ikkje sjå på han. Han prøvde å ta andlete hennar og snu det til seg, men da slo ho auga ned. – No har 'n far din sagt opp posten sin, sa han. Han har sagt opp posten sin og vil flytte vekk herifrå, hører du det? – Å? sa ho berre. Så var det liksom ho kom til seg, ho såg forundra opp: Å gudskjelov! kviskra ho. Vi flyttar herifrå vi òg, Odin, ikkje sant? – Jau, du veit – –

«Dem veit alt i hop! Dem e fali!» brast det ut av henne.

«Folk e det kor ein snur sæ, gulle mitt. Men no ska vi sova. I morrå – kjem det atter ein dag.»

Ho vilde ligge hoss han. Det hadde ho ikkje bedt om før, det han kunde minnast, det hadde vore tvert om med den tingen. Det grøssa gjennom Odin, at ho åtte ikkje minste tanken om kva som hadde gått for seg i kveld; men han sovna

tålig snart, som hans vis var. Da han vakna utpå morgoparten, ^[169] merka han at ho låg vaken, og skjønna ho hadde ligge slik heile natta. Han mintes som all snarast det Engelbert hadde sagt, kasta det ifrå seg att som eiter og forgift, og kom i hug det som da hendte. – Da seier Ingri: Han Engelbert var her. – Var han *her?* no etter at eg hadde jaga'n? Odin spratt opp. Ho fortalte at han kom straks etter Odin hadde gått. – Å *da!* sa han med seg sjøl. – Det har komme ut alt i hop, sa ho. Alt i hop, Odin. Han *sa* det her! – det fór ei risting gjennom all hennar kropp. – Ja ja ja, mumla Odin. – Ei Guds lukke, Odin, at ikkje Anders var heime – det hadde gått gale!

Det hadde rennt så vond ein styng gjennom Odin da ho sa orda *alt i hop*, at han vart liggande i halvsvime lenge etter. Det første han merka att, var det at Ingri låg og skalv. Er du ikkje frisk? sa han. – Eg fekk berre litt skjelv i meg da han var her. Og så da vi leita etter deg. Det går snart over. Når berre han far kjem seg herifrå, så. Vi, Odin, vi vinn oss alltid over det. – No gjorde du meg *glad!*» sa han, unødig høgt, og ho hørte på måle hans at det var einkvart som braut i han. – Men at du skulde komma borti det her for mi skyld, heldt ho ved. Det var det eg visste da vi gifta oss! – Du fortalte meg da alt den gongen, gjorde du ikkje det, Ingri? – Det gjorde eg vel ikkje? For du spurte ikkje, du. – Om han far din nei! Nei, og noko anna hadde du ikkje å fortele, eg veit da det. Men herre gud rett kor rart det er, ^[170] at det skal falle så tungt for folk å snakke med einannan. Men du og eg, vi – –

Han tok tungt etter vêre, stødde seg på ålbogane og stønna orda fram:

«Takk for at du såg slik på mæ no, Ingri!»

Litt hadde vore, sa han:

«Og 'n Engelbert han har æ jaga på sjø'n i kveld, i aftes, ¹¹ rettar sagt. Høyri du det, Ingri?»

Ho tagde lenge. Ja ja, sa ho endelig.

«Ja for – – det mått gjerast, du veit ikkj ka 'n *sa!*»

Det fór ei ny og sterk skjelving gjennom henne, det kom for han at det var live som fór sin veg; han merka det og glømte det att. Han tok til å snakke. Han såg

det for seg, alt han nemnte, men han tenkte ikkje over at han låg og sa det. – Her skulde ha vore *kosta* i bygda! Småfolk, seier dei. Eg har sagt det mange gonger: Eg hatar det orde. Det er eit stygt ord. Men no har det snudd seg, no må eg til å bruke det. Alt saman har snudd seg, og eg er på andre sida. Ho Astri og 'n Lauris, dei ser eg på småmanns-sida, eg trur snart eg ser heile bygda der. Men da vil eg heller rømme. Dei skulde settas i tjør eller bås. Eg ser det no: det er slik over heile lande. Det er slik no ei tid. At det skulde komma til å sjå ut slik for *meg* da!

«Det ser ut gæli alt samma om natta,» sa Ingri stilt.

Det hadde ho jamenn rett i, lo han, folk var ^[171] ikkje sætande, nattens tid. – Og så blir det da likare, Ingri, berre vent. Om det ikkje blir likare for oss just. Åleine, seier du. Ja, så langt skal ein, at ein blir åleine. Sjølve stridsmannen var alltid åleine; dei andre hadde det godt, dei kallar. Berre når det ryk opp til krig er det litt vondt for dem, – du såg dem da, Ingri? *Eg*, ser du, eg ser dem no først eg. Dei var ikkje lite bleike, mange av dem. Astri ja, ho er aristokrat. Ho ser både opp og fram, ho er skapt til mor for ei stor slekt. Men morsinstinkte, det har småfolka òg, det er plebeiisk, har eg lese, det dreg ned. Eg er redd det ber ned og ned med henne. Men at det skulde komma til å sjå slik ut for meg da!

Ingri låg og tagde. Så sovna ho, for Odin låg og snakka meir inni seg sistpå. Da sovna han òg.

Han var den som først vakna, han hørte Anders stod opp oppå loftet. Ingri låg og sveitta. Det skulde stå om at ho ikkje vart klein.

Han såg fram på golvet. – Rart, tykte han, at han ikkje kom i hug sjøen det første han gjorde. At han ikkje kjente som eit drag av han. Og dette er eg, sa han; og der ligg klæane mine. Eg får ta dem på meg, i dag som elles.

– – – Lauris gjekk ned til sjøen, det var det siste Odin såg til han om kvelden, og sia kom han ikkje i hug *han* meir. Lauris venta til han hørte Odin var i heimvegen. Da gav han seg til å gå bortetter frammed elva, han trudde mest han hørte eit plask der nokon stads. Der fann han ^[172] Engelbert. – Er det deg da? småflirte han. Eg trur jamisel du er våt òg? Engelbert hakka tenner og kunde ikkje svara. – Har 'n Odin gått? var det første han sa. – Ja men han er ikkje langt kommen, vilde du snakke med 'n? – Neida neida! – Hm! Eg trudde for resten

han hadde drepe deg, eg. Ja, kva seier du no da, Engelbert Olsen? – Han skal på tukthuse! hutra Engelbert. Lauris lya oppover. Der var stilt. Han fekk Engelbert med seg heim til stua hans, det var ikkje lang vegstubben. Lauris kviskra at dei skulde fara stilt, for det losjerte folk i andre høgda.

Da Engelbert hadde skifta klæa og komme seg i varmen att, sa Lauris: No ska vi gjera han Odin det einaste som bit på han. Du skal vera bortkommen, søkk borte. Du stel deg ombord i båten i morgotidlig, hysjt, ikkje eit ord! og reiser sørover med *hurtigruta*, – det gjer vel ikkje stort om han blir sittande att med gjelden din? Du lånte reisepengane på namne hans, no nyst, du var ikkje dummare. Du reiser, du finns ikkje meir; for her er du ferdig, det innser du sjøl òg.

Engelbert såg på Lauris. Dei hadde berre tendt ei ørlita lampe. – Du er eit ska'dyr, sa han. – Som ein tek det, ban. Men no hjelper eg deg, kor som er. Gode råd er dyre, men eg tek meg betalt på ein annan kant. Eg vil høre og sjå på 'n Odin, dei første dagane. Synd at ikkje du òg får sjå han. Du får skrive, gut, og gi deg til kjenne, så skal eg svara og fortele deg eitt og anna. Mordar, [173] ser du. Ordføraren vår er mordar no, du har vunne over han fint.

Det gjekk lettare enn ventande å få han på trua, og Lauris bia og såg til at det vart ålvor av.

Morgonen etter var båten der før det lysna, og Lauris sjøl rodde over til brygga med han og lurte han ombord, på ytre-sida av dampbåten. Det gjekk fint som det var tinga, Lauris trudde ikkje ein katt hadde set i snurten på rømlingen, og sjøl hamla han bort i mørkre millom fartya og kom uset i land. Han kom i hug, med han rodde inn til støa ved Håbergssnausta, at det òg var Odin sitt verk, at dampbåten la ikkje til her lenger, men ved fabrikkjen. Han hadde ikkje verka for det, det gjorde seg sjøl å kalle, men det var ein pil i kjøte på ein god granne. – Og i dag blir du sjøl gåande med ein pil i kjøte, mumla han. Og så er vi da fri han der komlingen som fór; der gjorde eg bygda og meg sjøl ei verkeleg tenest. Og *summa summarum*, Odin!

V.

Den dagen ringte lensmannen opp til Håberg.

Astri tok imot telefonen, hadde så gjort kvar gong mest, den siste tida. Lensmannen vilde berre høre om dei vart heime i morgo eller i overmorgo. Det var noko han skulde ha snakka med dem om, – dei fekk ikkje bli redd om han såg dit. – Lensmannen, sa ho berre, da ho snudde seg frå telefonen. ^[174] Lauris sat ved borde og fekk seg mat, ho såg ikkje på han, men ho merka godt at han vart illsvien. Da måtte ho sjå på han lel, ho *skulde* ha set han forfæld ein gong. Det var som ho visste ja, at han hadde fått ein uhuglig grågul dâm i hamleten.

Sjøl kjente ho berre at auga var noko-lite stive i hovude for det at ho hadde sove så kleint dei siste nættene. – Var det ikkje så du skulde til skogen? spurte ho. – Gutane har alt fare i veg, eg veit ikkje om eg gir meg om det i dag. Eg har ikkje rettelig komme meg enno, etter det eg var sjuk, la han til. Han nytta på med han trudde ho hørte han, og snakka om fleire ting, men han merka snart at ho gav det ingen ans. Da manna han seg opp for ålvor: Er det verkelig så farlig da, det her? Det var da for di skyld? Javisst var det gale av meg, men herre gud!

Ho såg fort på han. – Gale? sa ho. Det var eit *mistak*, hører du! Litt etter logna ho seg og vart som ho hadde vore dei siste dagane, mild og still av seg, og eit godt stykke vekk frå det som var i kring henne; det var knapt ho såg borna når dei kom bortåt henne, men ansa ho dem, kunde ho ta den yngste guten eller litleveikja inn til seg og bli ståande slik ei lang øve. – Det var eit mistak det, Lauris, og no er det gjort. Eit mistak er ikkje det verste. Den som ikkje fer i veg og miss-gjer seg einkvan gongen, og det for levetida òg, han ^[175] bryd eg meg ikkje om. Og no er det gjort, som sagt. Gjort er ikkje ugjort; eg har da lært *det*.

Han kom hit i dag no da? forhørte Lauris seg stillferdig. – Lensmannen? Nei, i morgo, trur eg han sa. Det skil meg ikkje. Det kan gå som det vil, sa ho med seg sjøl. Eg veit kva eg skal gjera. Det er for borna våre eg gjer det. Mest for dem ja. Eg har da visst det kom ein gong.

«Det her? har du vissta om det da?» Lauris såg knivkvasst på henne.

«Tøv! Da ha' det ikkj vorti slik. Men at det vart tungt – å vera gift med dæ. Og at æ skuld bera det, samma koles de vart.»

«Æ mein du angra på det lel, at du gifta dæ med mæ?» – han tykte han tålte

ikkje denne songen i måle hennar stort lenger.

Ho snudde seg rolig frå omnen ho stelte med, og såg stilt på han. Lauris lo:

«Angra på!» bles ho, og tok til med sitt. «Snakka som ein ban-ungi.»

Han gjekk bort og vilde ta omkring henne, det vilde til, einkvan gongen, kom han i hug. Men ho aksla han av seg med ein gong, ho grøssa visst all igjenom. – At den der Mina-kroken skulde sette av og melde oss da, sa han og stakk hendene i lomma. – Snakk ikkje vondt om a Mina, er du snild! – ho var like mjuk i måle no att. – Nei nei. Men dei må no vel vita det, folk, når dei vil, ^[176] at han Ola Håberg var halvtullut og vel så det på slutten, dummare kan dei da ikkje vera? – Dei veit aldri det slag heller, sa ho lågt. Han Odin, kan hende, for han nemnte det som snarast her eingong – – nei det hendar ikkje! – Kva da? Kva er det som ikkje hendar? – At eg går til han etter hjelp. Da svær eg heller på løgn om det knip, eg er herre over meg sjøl. Har så vore all min dag.

Lauris sikta litt med eine auge, blistra og smått smilte; så sa han: Han Odin ja, eg undres korles det er med han i dag. Kan ikkje vera fråkt, ⁿ² det. *Han* fór i veg og gjorde eit mistak, han; i gårkveld. Jaga ein mann på sjøen. Han drap 'n så godt han var i stand til. Det var han Engelbert, om du vil vita det, sjølve vennen og våbendragaren hans. – Jaså, sa ho, tok stelle sitt og gjekk åt kjøkene.

– At han kunde stå slik og prate, og sjå på henne! tenkte ho. At han let henne gå avstad og gjera det.

«Neigu om æ går ette!» sa Lauris med seg sjøl. «He! he! æ va *dum!*»

Litt hadde vore, gjorde han det lel, for han såg Odin kom hitover og gjekk til kjøkendøra.

Odin helsa som han pla gjera, lysdæmt og frisk i måle. Lauris kunde sjå at Astri òg stussa litegrand ved det i dag.

Det var Lauris han skulde ha snakka med ja, sa han. Det var det at Arnesen hadde sagt opp ^[177]posten som disponent, her var breve. – No alt? sa Lauris, med brunene høgt oppe. Astri såg frå den eine til den andre, meir vaki enn ho hadde vore på lenge: Kva skal det vera godt for? – De veit han tok det på seg imot sin eigen vilje å kalle, sa Odin, – ja, du, Lauris veit da han var trau på det; og no

har han kjøpt seg farty, han meinte det var meir å tene med det. Astri står og ser beint på han. – Ja, seier han og tek imot auga hennar, reint ut sagt: når folk ikkje kunde la vera å stikke etter han og gjera han ilt? Det veit du litt om, ikkje sant? – han snudde seg til Lauris og fór han over. Lauris står tør og hard som ein påle. Odin snur seg til Astri at, blir liksom vår henne, og ser *vel* på henne: Men kva er det med deg da? Du held ikkje på og blir spansk, veit eg? – Var det likt! – Hm. De ser meg ut så loslitne, mange av dykk, – slik går ho Mina på Segelsund òg. Er det han Ola som har skræmt dykk – nei, veit eg?

Astri vart kvass og hånlig. – Ja, han gjekk på sjøen han, det er no så, sa Odin. Han tykte vel han var ikkje anna til. Det var stygt, var det, men.

Han var tullut på slutten, sån litt gælen i hovude, var han ikkje det? spurte Lauris.

Nå, tullen visste ikkje Odin om han var. Men for gammal! reint for gammal ja.

Astri såg ein gong på Odin, og ein gong på Lauris, så rolig at det var nifst, gjekk så inn i stua.

[178] Og no måtte det kallast i hop nytt styremøte da, med all som først? sa Odin. Og det fekk Lauris stå for, no når han var god kar att. Bøkene låg på fabrikk.

Lauris svara ikkje, for Odin stod og fall i tankar; han kremta eit par gonger, og endelig råmte Odin med seg, drog på smilen og gjekk til døra. – Han er no nattvakande da, tenkte Lauris.

Odin går beinast til fabrikk. Ingri var ikkje oppe enno, Anders stelte i fjøse, og best var det å la henne ha ro, trudde Odin. – Om eg så hadde vore godtil å snakke med henne, sa han. Ho var frisk att, hadde ho sagt. Kva han vilde på fabrikk, visste han ikkje; han stana eit par gonger og såg seg i kring, på garane og landslage og ut over sjøen: hadde nokon set slikt godvêr før? Kvifor skulde det vera så omfram vakkert nett no? Eller var det berre det, at sommaren og hausten utetter hadde vore i eitt ruskvêr å rekne for? Han fer det over og tek det til seg, og har det i same stunda inni seg så heilt og lukkelig, ein part av seg sjøl: Vågen med småbåra som sprang og glitra imot sola, elvestraumen så trygg i

gonga si ut og til havs, oddane og vikane snudde seg gammalt og kjent til han; og så fabrikk, den plageånda, og dei andre husa bortpå Sørstranda, dei stod der og visste om han, med dei kjente på lyse og lufta over dem. Alt i hop var *såre godt*. – Og eg tør sjå det i augesteinen i dag som ein annan dag, sa han, han nikka til seg sjøl.

[179] Fabrikk skjeiva og gjekk, og dei som bygde gav på med sitt. Nokon Engelbert var ikkje å sjå. Nei, og skulde han det da? Odin smilte. Men dei ser etter meg, tenkte han, det er ikkje ulikt til at dei ser meg første gongen. Ein eller to vilde i snakk med han òg. – Gi tål, folk! murra han innvendig. Gi tål berre, det skal da snart bli. Tru berre ikkje at eg rømmer.

Han gjekk rundt nybygge ein gong eller to, og så inn. Men i det same han tek etter døra og vil opne henne, hører han ei kjerring bakom seg nemner Engelbert. Dei var to derute som råktes. – I dag? sa ei. Men kjære, eg kom da med dampen frå byen i dag eg, gjekk i land her på brygga, – *eg* såg han ikkje. – Jau da, det forstår seg, han strauk sin veg utover, det var enda 'n Lauris Håberg som skyssa'n hitover; gutungane våre var der nede dei og hadde set det; han skulde på langtur, det dei kunde forstå. Ja da. – Det var det eg sa eg, her, at han Engelbert, sa eg, han er både for mykje og for lite til arbeidsmann. Berre det ikkje var noko slag ugreie han skulde avstad og få istand – berre det ikkje blir både krig og brand snart! – Det ber laust før vinteren er slutt! kviskra den andre. Og lukke på reisa! la ho til, med ein høg liten hånskratt, ho tok bøtta si og gjekk.

Odin snudde i døra og gjekk bort til henne som var att. Han spurte kva ho fortalte, hadde han Engelbert reist? Han fekk heile lekse til svar. – Han stal seg reint ombord, sa ho.

[180] Odin såg ingen annan let på dagen, og ikkje kjente han større skilnaen på seg sjøl heller. Det einaste var at han gjeispa langt nokre gonger, han var så trøytt. – Han er ikkje stort til, som er nattvakande og kald om knea, lo han, til kjerringa og til seg sjøl.

Han var på brygga og snakka med dem som bar opp sild. Dei leverte her i dag. Tok så ein lettbåt og rodde over til skiprane, for det var ymse ting å snakke med dem om. Det var greie folk, fanns ikkje krangel der, men kaffe og mat med

ein vilde ha. Men nede i kahytta heldt han på og skulde sovne att. Ein av skiprane kjente Lauris og spurte etter han. Odin spurte om Engelbert hadde vore der nyst. – Det var no ikkje så lenge sia. Han hadde vore her ofte, han san.

Odin trudde han såg smilen låg på lur under dei ålvorlige og likesæle andletsdraga, kva var det dei sat og kom i hug? – Han Engelbert har reist sin veg, sa han og såg vel på dem. Dei vart opp i under. Så var det ikkje det dei tenkte på, det rann tvert igjennom han med ein vond styng. Eit par drammar til kaffeen hadde han fått, og dei måtte ha gått lukt i hovude på han, for no merka han han styrte seg ikkje lenger, han flirte høgt og slo neven i dekkbjelken så det skrall: Han har vore her, ser eg, han har vore her med kjeften sin, nekt ikkje for det! De kjem i hug, ser eg, kjem i hug kva han fortalte, straks de ser meg – – det er løgn, hører de! Eg har jaga han på sjøen for det, [181] men han slapp for billig, ho Ingri vart ikkje reinvaska med det.

Han såg tomt på deim eit tak. – Nei, sa han lågt, ein kan ikkje vaske rein den som har vorte slik tilflidd. For resten: om det var sant? He? Det gjer meg ikkje stort meir enn om du saumar i daut kjøtt; det har eg prøvd ein gong, med nål og tråd, far! De nemnte 'n Lauris, syntes eg? Det er han som er løgnaren ja. Ho hadde ikkje set han før ho kom hit.

Skiprane sat klumsa alle tre og såg på han, såg på kvarandre kast og anna, dei var så lei seg dei kunde bli, på hans part. Ja ja, blås i dem.

Da han kom i land att, bar det opp til Arnesen med han. Han vart sittande der og snakke om at han måtte heim, skulde ha vore heime for lenge sia. Men det bar ikkje avstad med han. – Nei, men eg skulde ha set heim, sat han og sa. Eg skulde ha set *a Ingri*. Arnesen hadde det annt om med skrivning, men no såg han opp, og vart sittande slik. – Det er vel ikkje noko å glåme på meg for det? Arnesen svara ikkje. – Eg skulde ha set korles det er med henne, meinte eg; eg skulde ha set mangt! – Ho er ikkje dårlig, veit eg? – Om ho er dårlig? Nei, men. Det er vondt å vera heimafrå. Vonda, vondt, når det er ting ein ikkje veit.

Det leid til middags, og Arnesen spurte om han ikkje vilde ha ein matbit i lag med han. – Jau, Odin var ikkje uhuga på det. Mat ja! sa han, [182] litegrand mat først, og så heim, det plar da snu seg rundt både det eine og det andre med ein

får seg mat, – han var som berre gutungen å sjå til.

Det vart ikkje sagt mange orda med dei åt. Etter maten la Odin seg på benken og sovna straks, enda sengromme var reint for stutt for han som var så lang. Det var alt skymminga da han vakna, lyse heldt på og lak ut utor verda, kom det for han. Han fekk kaffe, og no gav han seg på gonga heim.

Han angra seg at han ikkje tok Arnesen i handa før han gjekk. Han hadde stått og venta på det.

Eit stykke i vegen kommen, vart han vis med at han hadde ein etter seg. Odin hadde det med det, at når det kom ein etter han som han lite gav seg om å råke, da auka han farten til den andre måtte springe om han vilde nå han. Slik hadde han plaga ut mang ein snakkardryg ein som vilde innpå han. Men dette var sjølv Sølvreven, det han kunde høre, det gav ikkje lyd i vegen, det tassa berre. Han kunde ha teke kute for den karen i kveld, men han let det vera; han saktna på. Og den andre langa på og kom, så gammal han var, no hørte han staven hans i vegen, det var den som gav farten; han hørte dei flate fotblada. No var han jamsides med Odin, og vart oppi under over at det virkelig var *han*.

Jau, Vikesytt hadde som klokkar vore i likferda sør på Breistranda. Det var ålvorstungt med ^[183] alle desse nåsfall. Dei tala sin lagnadstunge tale til oss. – Du skulde mest akte deg, sa Odin, du freistar Vårherre med slikt renn i garane. Den andre vilde stane, men Odin gjekk. – Vikesytt vilde seie so mykje som det, at han hadde gjort opp både med seg sjøl og med Storemannen: Han vilde bli standande til han fall på den utsette posten sin. Han snakka frå det eine til det andre, og kom endelig dit han tenkte seg.

«At du stend ungdomsrørslene so fjernt, Odin? Det er på det noverande tidspunkt eit stort tap både for deg sjøl og særlig for bygdi.» – Eg som står midt oppi det? undrast Odin. Men høyr meg no her, mann: Trur De eg er skapt til det da? At eg virkelig er eit rettskapt rørslemenneske? Nei, no skal De svara! – Jau, Vikesytt vilde seie, at etter det innsyn og omdømme han hadde, så – –

Han snakka lenge. Da braut Odin av: De trur det da, at berre De og folke Dykkar fekk makta over meg, da vart eg lysare innvendig? Vart aldri svart meir og fór i veg og gjorde villmanns–verk? For trudde eg det, da sa eg det farvel med

ein gong, eg vil ikkje bli så skikkelig og slug nei, hører De!

Vikesylt løfta staven, og måle med:

«Du er fortrykt no, høyrer eg, og uppskaka og nedforkommen, og det undrast eg ikkje på, etter det som vert fortalt. Eg har røynt mykje eg, Odin, mykje, seier eg deg. Når det gjeld eins eigi kona, å, Odin, eg kan setja meg inn i det. Men du skal ^[184] tilgjeva. Tilgjeva, ser du, det er det største i verdi, det er mi meining. Um ho vart hildra i sin ungdom, i ungdommen sine lokkande garn, og gjorde eit feilsteg, Odin, du skal tilgjeva henne, seier eg deg!»

Odin merka han hadde vorte stiv som bork oppetter andlete, men han prøvde å halde seg bein.

«Har 'a Ingri gjort eit feilsteg, sei De? E De stø på det?» Han såg Vikesylt i auga.

«Jau, du veit – – ja det var no som eit feilsteg det òg, å rekne for, det ho fortalde um far sin, enda det er no av dei ting som ein skal døma mildt um, at ho vil dylja det som er vanærande fyr far sin.»

Odin seier: ¹³ Det er ein ufyslig måte De har å sladre på. Dei kunde det mest ikkje før De kom hit, dei var trehestar reint; utan ei og anna kjerringa.

«Det andre er det knapt eg trur, når eg skal seie mi personlege og oppriktige meining.»

«E det meir da?»

«Nei, det er det eg seier, eg, at rett so er det ikkje meir. Ja eg meiner det du jaga han Engelbert Olsen på sjøen for; det er det eg siktar til. Eg legg meg ikkje borti det. Eg let att øyro, når det vert sovore fortalt. Ein lyt vera varsam med å tru på drøs og lygn.»

Odin hogg han over armen, hardt, men han ler enda: Sei det beint ut! Ut med det!

«Au, men eg trur det da ikkje, høyrer du!»

^[185] Odin heldt take, og Vikesylt måtte fram med det: At ho hadde havt noko med han Lauris, i Nordland, dei fortalte det no i gravøle. «Eg trur ikkje *dusti* av

det, Odin!»

Odin slepte, og sa tålig lognt: *De* burde tru det; og mange fleir. Slik ei blodløgn må det vera søtsmakande å tru på, for dykk. Han stana no, og stod og fikla med pipa: Sei meg kor det bles ifrå? eg kan ikkje få tenkt på pipa og det i hilderstilla! Så, der ryk a. Vikesytt kremta seg opp:

«Men det eg vilde sagt her i kveld, Odin, det var so mykje som det, at du skal hevja deg yver det. Yver alt som møter deg på livsvegen av motgang og vonbrot og alt sovore!»

Odin stod og såg på han og glømte å røyke.

«Oskyldi!» brast det ut av han. «Jagu e 'n oskyldig som eit ban. Men å snakk med han, det e som å trø på greve og få skafte i kjeften.» Han sa farvel og gjekk heimover.

Vikesytt ser etter han, tek så staven og går *sin* veg.

VI.

Odin ser seg ikkje attende, men han ser Vikesytt for seg, der han rundar ryggen og går, ut i bygda å fortele. Han ser dem som ventar han, ein etter ein står blå levande framfor han: fattigmannen i alle draga. *Dei* trur det ja.

Han går til stallporten først. Han tilstår for seg sjøl, at han er ikkje mann for å gå inn enno.

[186] «Løgn, løgn!» seier han der inne i mørkre. «Men når du har *hørt* løgna, kor vil du så henn?» Han står litt enda, veit knapt kor han er; så sukker han og stør seg til veggen: – Nyttar ikkje – å spørre om slikt! Han går ut att, står og ser i kring seg, og auga blir hengande med vedlasse som ikkje er avlesst. Han løyser opp reipa og gir seg til å legge veden i lunn utfor skottveggen, og da det er gjort, ser han etter om det er nok ved sundhogd. I knapaste lage ja, var oftast så med han Anders, – da kunde han like snart ta og saga sund ein strange eller to.

«Nei, det går ikkj, det her,» sa han best det var, let vedstrangen ligge på sagbukken, og gjekk inn.

Han såg berre Ingri inne, men han hadde klårt for seg at Anders og Per òg var der. Og Ingri ho gjekk attlenges imot veggen, ikkje rettare enn han såg, og bleik var ho som krita muren. Dei stod still og såg på ein annan, auga imot auga. Odin vart meir og meir grå. Da hørte han Anders, han heldt på og fortalte om hesten, han hadde kjørt han i elva i Nordmarka: han måtte strøype han opp! Og det gjekk, det var ingen konst i grunnen, Anders vart meir og meir høgmælt, for no hørte han far på han, endelig ein gong. – Ja visst, seier han og klipper auga, strøype opp hesten ja, eg har hørt om det; farlig speil det gut, farlig speil! Nordmarka ja? han dreg i hop brunene. Nordmarklia: det var der steinskrea [187] gjekk ein gong, i gammal tid, litt nordafor der. Der gjekk steinskrea ja. Og gjorde sitt verk, san.

Mat? Nei takk, men litt kaffe, trur eg. Det fekk han, men Ingri var dyktig skjelhendt da ho sette fram for han. Da han hadde drukke kaffe, gjekk han ut att. Det var friskare luft ute, og så hadde ein vedsaginga å bale med, kunde ta seg for litt tå kvart ute. Han saga så sveitten rann. Så skulde han kløve sund det som var saga, men det var for mørkt til det, og løkta vilde han ikkje hente, det kom for han umulig; i ustand var ho visst òg. – Nei, eg er ikkje mann for meir! sa han høgt.

Han vart sittande på hoggstabben. På ein stabbe slik måtte det ha sitte folk før som ikkje hadde det for greit, ein måtte mest hamne der. Anders kom ut, snakka om at han kunde hogge sund litt meir ved, eller kanskje han skulde i veg etter ein tøvsekk? Så kom han på at han måtte avstad med eit brev som skulde ha vore i posten, det var denne søknaen om plass på folkehøgskulen. – Tenker du deg dit no da? sa Odin. – Ja? Det var slik vi vart einige, ikkje sant? – Jau jau, det var vel så det. Var visst så ja. Anders gjekk. Høg og bein, og ein kry kar i kveld, han hadde berga ein hest på gammal-vise.

Odin tok hovude i hendene. – Nei nei, Ingri mumla han. Kvifor vart du slik da eg kom inn?

Per spurte mora fleire gonger, om ikkje far kom inn. – Jau, han kjem snart no, sa ho. Han [188] kjem snart, stakar. Ho tok seg på tak og gjekk ut og sila kveldsmjølka.

Best det var, reiste Odin seg. – Det får skje! sa han. Han sette øksa i stabben, hengte opp saga på nabben sin, let att vedskjuldøra. Han skalv på fingrane så han knapt fekk det til. – Eg såg det på henne i sta, og alle saman har set det – – eg jagar henne utor huse! Han sa det tørt og lognt, slik ein dømmar eit gammalt hus til rivings. Og no var han på vegen. Han mumla med han gjekk, det var einkvart frå i natt. – «Det har kommi ut alt i hop,» sa ho. «*Alt i hop,*» sa ho. I det same levde han det opp att, den skjelvinga som fór gjennom henne, da han fortalte at Engelbert hadde sagt stygge ting om henne, – no la han i veg med lange steg. «Som han Lauris har både brukt og rata,» var det ikkje det han sa? Dei må ha visst om det lenge. Dei har undrast på meg – sitt og undres no òg! Ho kan bli med 'n far sin nordover.

Men ved trammen vart han ståande. Han såg undersamt på stua, og sia frå ting til ting.

«Finn?» sa han. «Finn? Å, no veit æ det: Det va ein eingong som jaga finn.» Han tok seg fortulla opp i panna. «Bygda!» stota han. «Bygda som plaga 'n te det. Men æ? – – *Æ lystra ikkj!* Om a så ha vøri både finn og fark.»

Han vart ståande der han stod, med handa over nakken, og hadde det enda i seg at han stod der og tok seg ut som ein fåming. – Bygde-andlete ^[189] ja, nikka han. Har plaga mang ein, det, til å gjera karsverk, – plaga ein til å jaga finn utor husa sine eingong. Ei sålbot til kar, han skulde ha vore jaga etter sjøl. Den blinde farten, he? Ein heilrend ein? Snakk ikkje tøv i kveld. Det var mangt dei ikkje visste før i tida. Eg veit ti gonger meir. Er det å vera for veik, så lat meg vera for veik da.

Han snudde seg rundt. Han såg uthus-taka imot himmelen, og fjellaksla som er så isande høg og tver om kvelden – han knytte nevene og ropte:

«Men visst Vårherre va Vårherre, så mått 'n hjelp mæ no, i den-her nøa, og det tunghendt ò! Hell så sei æ beint – –»

Det vart berre til eit lite stønn, og så gjekk han inn. Han spurte Per, som sat attmed lampa og tegna, kor mor hans var. – Ho la seg nedpå, svara gutungen med tunga ut i munnvika over figuren sin. Ho vart så ussel, la han til og gjorde ein stor sving med blyanten: «Der fekk 'n børsa i handa, rettno skjøt 'n og drep,

gut!»

Da Odin såg kor låkt det var med Ingri, vart han ståande med døra i handa. Ho var gloheit i andlete no, og i kinna var ho eldande raud; og auga dei brann som glør i henne. Munnen var halvopen og tør. Han gjekk og sette seg på senggavlen hoss henne, men det var ikkje likt til at ho merka han. Han sat der lenge og såg på henne. – Nei men herre gud, sa han endelig. Skal det bera den vegen da? Er du så dårlig da?

Så rettar han på seg, leitar etter feste for auga. Han har vorte bleik av angst.

[190] «Han har no vel ikkj *bønhørt* mæ?» kviskra han.

Jau, Vårherre, kven han så var eller ikkje, han tok Ingri no. – Og da har eg tapt likevel, sat han og sa. Tapt, tapt ja. Som dei gjorde i gamle dagar. Som menneske kjem til å gjera all si tid. Får det dei bed om, så dei kan sjå kor små dei er, – får steinskreia til å gå, somtid. Han reiste seg brått:

«Men: Æ gi mæ ikkj enda, du kjenni mæ så pass. Æ vil ikkj ha noko hjelp!»

Han gjekk til kjøkene, og kom att med eit kaldvass-omslag og la på panna hennar. Ho vart kvikkare da ho hadde ligge med det ei stund, kunde han sjå; han syntes enda der kom nytt liv i auga hennar litt etter kvart. Raudnaen seig bort, og smått om senn vart ho bleik. Han snakka til henne gong for gong, kunde ikkje la det vera. Ho svara, men det var så lågt at han fekk ikkje tak i det. Det skulde visst seie så mykje som at ho var likare no.

Lenger utpå natta såg han ho fraus, og breidde bedre over henne. Da han retta seg bein att, brast det ut av han: At ein ikkje skal ha ein einaste å snakke med når ein treng det! Men da det var sagt, syntes han han kunde snakke med henne likevel. Han sette seg og tok handa hennar. – At du ikkje fortalte meg det, Ingri! Kvifor sa du meg ikkje – at du kjente 'n Lauris før? Ikkje eit *ord* har du nemnt om det.

Det gav ein rykk i henne, ein søkk i auga.

[191] «Var det det han sa da?»

«Ja. Han sa meir enn det. At det har vøri meir enn kjennskap, sa 'n.»

Ho tok til seg handa og stirde forfæld på han, vakna meir og meir.

«Det va det du trudd da?» kviskra ho. «Da du kom inn her i kveld og såg på mæ?»

Odin slakna alt med seg. Andletsdraga var som strykne vekk. Måle hørtes òg livlaust ut.

«Jaså. Jaså, han – – han laug ja.»

«Æ treft 'n ein kveld på ein dans. Han skræmt mæ. Var ikkj meir det, Odin.»

Da han kom seg att, seig han i kne framfor senga. Ingri vann seg til så pass at ho strauk han over håre. Han gav seg i pine under kvart drage.

VII.

Ingri sov da han vakna om morgonen, men han såg og hørte ho var sjuk.

Det var grått og stilt ute, same gode vêre, det reint stemte for bringa på Odin. Aust på fjella lysna dagranda bleikt men fint, gjennom lysraudt og lysgult, vestpå gjekk sjølyden og susa, så vidt det hørtes.

Anders kom ifrå stallen. – Hesten er god kar, han, sa han. – Ja, *hesten*, sa Odin. Den karen han klarar seg alltid. – Men skal vi ikkje etter dokteren da? Åt ho mor, meinte eg – ho er da ^[192] dårlig? – Den som visste kor ein skulde finne han. – Vi hentar han i byen, han er dyktigare dokter, meinte Anders; eg tek motorbåten og går oppover.

Odin sa ikkje noko. Det var berre så rar ein ting å vita i dag, at Anders stod der og var vaksen, det gjekk igjenom han med ei tyngd av gleda, men det var heller ikkje fritt for at det gjorde vondt. Så var dei andre tankane der att, heile stimen, dei vilde på live i kast med han. Han måtte ut i kammerse til Ingri. Der stod han og såg henne i andlete, men glømte henne midt i det. – Her finns ikkje makt til som kan verje dei verjelause, mumla han. Kva er det så, det vi kavarr med? Ja, sei meg kva det da er godt for?

Etter frukosten sat han og såg i blada. Han fór dei berre så lauslig igjenom, han såg ikkje noko som skilde han. Da fall auga på ei overskrift, og det stykke syntes han at han måtte lesa skikkelig, han visste ikkje kvifor. Der var fortalt om

ein mann i utlande, han skaut partiføraren midt på gata blanke dagen, og let dei ta seg straks. Føraren hadde sviike saka deira, meinte han; så hadde han dømt han og sett dommen i verk sjøl. Dei trudde han vart skoten med all som først.

Odin vart sittande med blade. – Merkelig! sa han. Merkelig at eg skulde komma til å lesa det her *no*? Og no stod han blank og berr, den tanken som hadde ligge inni kvervelen av alle dei andre og jaga dei rundt: Kva triv du til no, Odin? ^[193] Han sat lenge, han syntes tida fór og fór framom han, at det var kvelden snart. Han sat midt i gråe gammaltida: han kunde gjera det han vilde! No såg han fram for seg, stort og forundra, og lukkelig: Eg er ein tå dem ja. Eg er alt eg vil. Han smilte, der han sat, vart sittande med smilen lenge etter han hadde slokna innanfrå. Måle hans kom ut frå mørkaste ålvore:

«Slik dømt dem slike!»

Da han reiste seg, hadde han dømt Lauris til døden. Han vilde gå bort med børsa i handa, få han ut og skyte han som ein skyt hundbikkja eller gampen. Vilde så fortele det for all bygda. Tingen var så avgjort, det var ikkje meir å tenke på ein gong. – Eg har i grunnen visst at eg måtte det, all min dag, sa han da han var uti kjøkene. – Kva da? spurte Anders. – Nå, det *var* noko! han såg på Anders med eine auge mindre enn det andre. Og at eg tålte det òg, la han til. Korles det blir sia, det får bli ei sak for seg. – Ja, vi skal vel etter dokteren? sa Anders. – Dokteren? Så var det han ja. Hm!

Og så ho Ingri som vart sjuk nett no. Ein fekk vente; det hasta ikkje. Nei, no visste han det: Han skulde få Lauris med seg til byen, og så skulde han hive han på sjøen. Mindre stas ved det, men herre gud! Kva han så gjorde sia, når ho Ingri var sterk nok, det fekk han kjenne på. Det var umulig å sjå så langt fram. Verst for gutungane.

Det strømte til hjarte på han, da han kom ut, ^[194] at bygda var full av bra folk, no som før; ein eitel av vondt i nokon kvar ja, og litt sladder og løgn og Sølvrev her og der, det gjorde aldri det grand. Men Lauris han saug det vonde til seg og gav det frå seg att som reine gifta, det var slike karar dei stemte til holm i hedningtida, så vart bygda reinska for det verste, ei tid frametter. – Juvikingane, sa han, og no smilte han att. Ingen minns dem utan eg. Eg er ikkje av dem ein

gong. Men det ser eg må til: slå eit strek over alt og gå ut i marka på nytt.

Han sa det med han gjekk bortetter til Lauris, folk kunde tru det var stubben av ein song:

«Slik dømt dem slike.»

Lauris møtte han ute. – Eg bed deg ikkje inn, sa han, du har fare bygda rundt og fengta i smitte. Men du er frisk sjøl? Lauris såg vel på han. Odin undrast at ikkje neven knytte seg i lomma og vilde fram.

Noko båtferd til byen var ikkje Lauris huga på. Han var ikkje rettelig frisk enno. Der var hus på båten, javisst, men kom i hug der var dryge 3 timar her frå vågen og til byen. – Og du reiser da ikkje heimafrå no, du heller, ifrå kona di, – kan ikkje gutdevlane våre reise? Odin smilte, han kunde ikkje anna. Han er redd meg, tenkte han. Han les gjerne dommen sin i auga på meg, den skarven? Hastar ikkje for resten. – Det var det òg, sa han, at eg hadde ei von om å finne 'n far i live enno; eg har ikkje hørt noko. Ja ja, så [195] let vi gutane reise da. Eg må telefonere til dokteren først.

Med dei står bortmed nova og snakkar om dette, kjem lensmannen kjørande. Odin ser straks at det er ikkje for lyst han er ute og fer i dag, han likar seg visst tålig kleint enda. Lauris er det ikkje noko å merke på. Han ropar på ein av gutane at dei skal komma og ta hesten, bed så lensmannen å gå inn. For det var vel hit han tenkte seg. Men lensmannen hadde komme i snakk med Odin, det var om eit vedtektsspørsmål. Lauris står litt og biar, så snur han seg og går inn.

Astri og han har så godt som ikkje snakkast ved frå i går på denne tida. Ho har set lensmannsskyssen, men Lauris less ho ikkje anse. – Ja ha, no er det om å gjera å vera stø da, seier han. Så vi ikkje vinglar oss bort i skodda og segler oss på grunn.

Ho går og flyttar stolar til rettes og tørkar litt støv her og der.

«Ja, æ har no gjort opp med mæ sjøl i natt,» seier ho. «Æ vil snakk sant den her gongen ò.»

«E du gælin du?»

«Nei, men æ va gælin.»

«Ja ja, som du vil med det san.»

«Det bli som æ vil ja.» Så går ho han nærmare. Det finns ei minning i måle hennar av den djupe varme tonen frå før: Eg meinte eg måtte gjera det for – ja både for deg og borna våre. Men mor til borna våre ho skal ikkje ha gjort noko [196] slikt. Det hendar ikkje noko så gale lenger. Eg har gjort det i tankane, for Vårherre, det får han dømme meg for som han vil. Men eg gjer det ikkje, som sagt. Ho farmor, trur du *ho* hadde gjort det? – Nei nei. Lauris stod og såg fram over golve. – Ja *du!* sa ho, og no flara det opp ein hard lysna i auga hennar, – du let meg no gjera som eg vil støtt, du.

Lauris gjekk ut att. Lensmann og ordførar stod midt bortpå tune, dei snakka visst om einkvart som andre ikkje skulde høre. Endelig skiltes dei, og da lensmannen kom og gjekk inn, såg han mange år yngre ut, han bøyde seg enda og strauk katta over ryggen.

Lensmann Mørk fór gjernast stilt når han var ute på embedsferd og kom inn til folk, men einkvan gongen når han var rettelig i godlage, kunde han komma stimande som dampbåten, både fossande og flagdande, som dei sa, og slik kom han inn til Astri no. Han klemte mest forderva handa hennar, og måle hans rønn i stua så veslegjenta sette i å gråte. – Sjå der, det står respekt av meg! lo han. Ja ha, det var det, og no kunde han fortele han hadde havt eit erend, men det hadde han mista på vegen, fuglane kom og åt det opp. Han hadde snakka med Odin Setran ute her, og han fordømte seg på at Ola Håberg var tullut den siste tida, og at han gjerne vilde ha gjort folke sitt eit pek. Så no kunde han likså snart ta og fara heim med ein gong. Jau, det var eit brev frå han, – nei [197] han *måtte* vera galen han! Lensmannen hadde elles lurt litt på det sjøl òg; og no kunde han Odin og fleire vitne så det sat i veggen. – Åja ja ja, lo han, vi får mang ein lang nase, og somtid er det bra det, fælt bra.

Lauris lettna over akslene og tok smått til og voks i vêre.

Astri hadde stått og set beint i golve. Raudletten hadde flaga over kinna på henne fort vekk. No såg ho opp, først på Lauris og så på lensmannen. Ho kremta eit par gonger.

«Det va om no'n penga te fatti-gåren, va det ikkj det?»

«Jau? Det va noko slikt ja.»

«Ja vel. Ja det e slik som han skriv, det, kann æ tru. Meir tullåt va 'n ikkj.»

Både lensmannen og Lauris såg stivt på henne.

«Og pengan ska dem få, dem som ska ha dem, gruv ikkj for det; dem ska få renta ò. Vi har – – snakka om det, og no ska det bli.»

Jaså, det var virkelig noko i det lel da? undrast lensmannen.

«Det va viljan hennes farmor slik ja. Men lensmann' får fara vakkert fram med det; vi vil ikkj ha noko bygdasnakk om det.»

Nei herre gud, han var da ingen varg heller, lo lensmannen. *Han* kunde ikkje anna sjå, enn at det måtte gå fint å få ordna det her. – Visst ikkje lensmannen alt hadde fortalt det til 'n Odin da, sa Lauris. – Var det likt! Ingen fare med det nei, [198] eg var listig som ormen; og han Odin er da ikkje farlig han. Han vart reint ivrig da han hørte Ola hadde skrive noko som kunde bli leit for dykk, det var da først han kom til å minnast kor gammal og galen han Ola var på slutten. Lensmannen lo så han hosta, men bråstansa da han såg han vart åleine om det. – Det var dette med skatten da, sa Astri. Men det ser eg frå andre kanten: Det *er* våre pengar, i grunnen. Og no har dei stått i banken og vore fattig-garen sine pengar, og den får renta av dem; slik trur eg det blir rett. – Utan tvil, utan vil! sanna lensmannen med.

Han gjorde seg ferdig og fór, han hadde knapt om tida; han handtokst hardt og oppriktig med dem. Ludvik kom hinkande og tok ut hesten hans, og hjalp til å spenne for.

Slik villig hadde han vorte litt etter kvart, kunde snart ikkje komma fort nok i veg og gjera det han såg. Men helst var det Astri han vilde hjelpe; ho syntes han vakta som hunden på henne. Ho snudde seg til han no da lensmannen kjørte. – Kan du virkelig spenne for da? Han blunka som imot sola: Å, han bykla det da til. Og no kunde han godt bera inn eit fange ved til henne, var så ho vilde. – Ikkje enno, smilte ho. Du må ha litt meir tid til å komma deg enno. Veikjungen min er du vel lei tå, kan eg tru? Vilde gjerne ha vore litt meir enn barnfostre, he? – Nei da! Han såg fullt og fast på henne. Nei da, eg skal gjerne gå inn straks, – han var alt i farten. – At [199] det skulde gå så lett! sa ho med seg sjøl etter han.

Lauris hadde stått eit stykke ifrå og set ut i vêre. Han snudde seg til Astri no: Så, no er da det der overstat. Og lett gjekk det ja, du har rett i det, på din måte. Ho svara ikkje. – Og all den pina du kunde ha spara deg, smålo han. – Den kunde heller du ha spara meg for, visst vi skal snakke om det. Men ikkje som eg synes det er noko å le til, just. For det om Vårherre kom oss litt uventande til hjelp. – Slikt forstår eg meg så lite på, sa han. – Ja det skal vera visst og sant. Og elles så er ikkje visa utsonga med det her. Ut kjem det, og folk trur det dei trur. Det får ha sin gang. – Men han Odin da, som kom i skade for å gjera Ola til tulling? Lauris lo att. – Den hjelpa trong vi ikkje, som vel var. – Nå, eg er no ikkje så stø på om det var meint som noko hjelp just. Han tenkte vel som så, han, at no kunde du renne i veg og nekte med du lysta; så var det hans tid. Eg kjenner han snart.

Astri hørte ikkje på han, ho gjekk inn.

– – – Bydokteren var ikkje å få, men Odin fekk langt om lenge spurt opp distriktslægen, og Anders og ein av Lauris-gutane var over fjorden og henta han. Han trudde ikkje det var noko som stod på med Ingri, ho skulde berre ligge still til ho kjente seg sterk att; det var nervene som hadde slege feil.

Astri kom dit om kvelden. Ho vilde inn og [200] sjå til Ingri. Odin var i to tankar om kva han skulde gjera. Ingri var veik enda, var lite godtil å snakke og skulde ha ro; men han såg på Astri at det vilde bli hardt for henne å snu heim att denne gongen. *Han* skulde heller ha snakka med henne, om fleire ting; – så bad han henne gå ut i kammerse like vel. Ho var alt på vegen til kammersdøra, men så stana ho og snudde seg til Odin att. – Eg trur eg skulde heller snakke med deg, like snart, sa ho. – Det trur mest eg òg ja. – Men at du ikkje har fått i noko hjelp da? – Vi hjelper oss så utrulig sjøl. Sjukesøstra var her nyst, men eg hadde ikkje tinga henne; eg bad henne gå dit ho skulde, eg veit ho trengs mange stads.

Astri hørte ikkje på det, ho var i andre tankar. – Sei meg kva det er som feilar Ingri, sa ho. – Det skal eg ja, visst du ikkje veit det. Ho lid av vondt snakk. Dei har prøvd å tyne henne for meg.

«E det verkeli slik lell da?» Astri stirde forfæld på han.

«Slik e det ja. Dem fekk det ikkj te, den-her gongjen. Næste gongjen – – ska ikkj komma. Har æ tenkt ja. Her ska bli en liten stans i det.»

«Hm! hm! Æ ha som ei frøkt i mæ, ja, hm! hm! Og *du* trur det e 'n Lauris som har stått for det?»

Odin vart mørk i andlete, mest blå, syntes ho. Men ho møtte auga hans utan blunk.

«Æ får snakk med dæ om det ein annan dag,» sa ho. «E ikkj i stand te det i kveld.» Ho [201] snudde seg ved døra og stod litt; så sa ho: «Du ska ikkj legg all skylda på anna folk, Odin. Osså må du hels a Ingri ifrå mæ. Æ ska gjera alt æ kann for å stans snakke i bygda – – du må hels a da!»

Odin mumla at det skulde han gjera, og Astri sa farvel og gjekk.

VIII.

Dagen etter var det sundag. Straks telefonen var open, fekk Odin bud at far hans var død. Han visste ikkje kvifor, og vart lei seg etterpå for det, men han var nær på å seie gudskjelov da han hørte det. – Det kjem som eit tegn til meg, sa han. Har gått og venta på det. Men er eg blitt ovtruisk da? Og når han såg seg om, hadde all ting vorte så langt ansles for han enn det var før. Langt unna var det, og ørande smått det meste, og same kva han tenkte på, folk og liv i bygda og alt som skjedde, det hadde fått eit anna lys over seg, var ikkje til for *han* lenger. Slik var vøre òg, det hadde fått ein annan tone i seg, ein djup og tung tone som hadde si eiga meining, det måtte ha vore slik fleire dagar no: Ikkje eit vinddrag rørte seg, det var denne mobilæe stilla all stads, blå var berga, og blåare sjøen, og blågrå skyer var det all himmelen over.

Men da han hadde stått ute ei stund, hørte han skjera og grunnane vestover. Sjøen hadde fått mæle. – Ja, eg hører deg, sa Odin. Eg veit [202] kva du vil. Rettno spella han visst i med stormen – – berre han det vilde gjera! Stormen ja, han skulde gjera godt no.

Tanken på Ingri vekte han den eine gongen etter den andre. Da måtte han inn og sjå henne. Ho vart glad for kvar gongen. Seie stort var ikkje hennar vis, og

ikkje var ho så lik at ho kunde heller, enno. Men ho var i bedring, såg han, ho kom seg visst tålig fort. Ho lova ho skulde bli frisk snart. – Ja, og enn *da?* fór det gjennom han. Da skal eg gjera det som eg er fødd til, svara han seg.

Før middagstid bles landvindsstormen opp. Han var der, ein gong Odin kom ut, gjekk fossande stri og grovmælt frammed liane. Det var han der som heldt på og skulde ta meg ein gong, smilte Odin. Eg var gutungen den gongen, eg skulde på marknaen, og ho Ingri var med. Det er lenge sia den gongen no – – så er det liksom det berre skulde vera for nokre dagar sia!

Utpå ettermiddagen kom Mina dit, ho hadde vore med kirka. – Og i dag hadde det vore mykje folk der, sa ho. Og det kunde dei takke han for. – Takke meg for det? han såg vantruen på henne. – Ja, ho hadde komme hit for å snakke med han om det; ho var forfæld for det han sa den kvelden i bedehuse. Det er det som har drege *etter* seg hoss folk, sa ho. – Jaså. Enno sat Odin og var grå over auga, hadde berre halvveges hørt det ho sa. – Dei rausa ut or bedehuse mest halvparten, litt etter du hadde gått, heldt ho fram. Og i dag ^[203] var dei med kirka. Eg har snakka med mange av dem – – er det ikkje gale da, Odin? Likevel? Enn visst det er så at du dreg dem bort ifrå Vårherre?

Odin sat og såg fram, han rista så smått på hovude og smilte. – Nei, eg skjønner det ikkje eg heller, sa Mina, men slik er det, det blir som du vil ha det. Det er eit stort andsvar med det, Odin. Det er ei dyr gave.

Han tok inn auga og såg fort på henne. – Dyr gave, at eg har fått det som eg ønsker det? Blir visst gjerne dyrt det ja. – Men no kjem eg og bed deg om ein ting, Odin, du skal ikkje seie nei. Du skal gå til a Astri og snakke med henne, for ho har vorte ifrå seg reint, ho vil gjera rang eid. Ho fortalte om breve etter Ola og alt det. Astri hadde teke det på seg, så han Lauris skulde gå fri. Du *må* snakke med henne! tagg ho. – Nei, det får De gjera. Der har De meir tak enn eg. For resten så trur eg ikkje ho får gjera eid, og når eg tenker meg om, trur eg saka alt er nedsøvd, godtsom. Men De bør snakke med henne, snakk med henne, og hør. Jaså, han har plaga henne så langt. Hm-hm, san! Skal minne han om det òg ja, når eg snakkar med han til slut. Elles er det vel så, at slikt noko skulde ho ha gjort for mannen sin; ho kjøpte han da såpass dyrt. Ja, og utpå stupe der skulde ho ha

vore, og *set* ned, vi er da i slekt ho og eg. Men lenger kjem ikkje ho, skal ikkje lenger heller nei. Nyttar deg ikkje, Lauris. Men De må ^[204] snakke med henne, i denne kveld, så ho ikkje er reint åleine med det.

Mina sa at i kveld kunde det ikkje bli, ho hadde vore innom der i garen før ho gjekk hit, og Astri låg klein, hadde fått det i natt, ho hadde fått sjølve spanskesjuken og det ålvorlig òg, etter som tausa fortalte. – Kva du forteler no? sa Odin, litt hadde vore. – Er a Astri klein? Kva skal det vera godt for da? – Godt for? – Ja, eg meinte berre –

Han reiste seg og gjekk over golve; han leita etter fyrstikker, men han brukte dem ikkje. Gjekk så ut i kammerse til Ingri. Ho hadde hørt litt av det dei sa, og spurte om Astri var sjuk. – Ja, sa han og såg glømsk ut i vêre. – Skal de ikkje etter dokteren da? sa ho. – Jau, du veit. Men ikkje tenk på det no du. Ligg still du og less som du søv. Ho let att auga, og han kyste henne på panna og gjekk inn att.

Stormen kysjta om rutene, og frå skogen og fjella stod det i ein dur. – Friskt vêr, sa Odin. – Jaså, ho Astri tenkte å ta det på seg. Slik er det å vera mor ja. Men: ho rettar seg vel bein att. Einkvart er det som har fare i veg med henne all tida, eg ser det no. Lagnaen kallar dei det, har eg hørt. Ein blind ein på ei blind merr; men det ber så tålig rett avstad like vel, dit det skal, eller dit det må, eg veit det ikkje så nøye. Bonde, seier folk. Men bonde, det var ein som levde i mørkre det, i det lodne, logne mørkre; no har han visst gnudd sømnen utor auga, den siste tå dem, og da ^[205] er han ikkje bonde lenger. De trur meg ikkje, ser eg. Nei, nei, namne får dei ha. Men tru ora det er derfor det seglar så krokut her i lande, all ting mest, for det at dei vakna *da* og *da* borti heimane? Ja, og vart dei fullvakne nokon gong? Dei tok til å tenke ja. Men det er kaldt arbeid det, eg undres om dei ikkje heller let det vera?

Han røykte med han snakka, til skya hang tett over dem, og såg på Mina med skymten av den gutglade smilen sin, ho sat der uviss og nåmi og stirde på han. – Hør ikkje på meg, er De snild. Eg er berre så trøytt. Og så er det eit storarbeid som eg får lov å sette ut med, – da blir ein snakkardryg. Eg synes eg skulde ha vore fram i lande og skræmt dem, fått dem til å stane litegrand. Var dumt, kan hende, at eg nekta å bli tingmann, hm? – Ja, Odin, det var dumt av deg. – Nå, du veit ikkje kva eg snakkar om no. Og så la dem binde meg på hender og horn da?

– det kom for meg som vegen både nord og ned, for meg da. Eg skulde ha lagt i veg lel, ser eg. Kanskje så hadde eg fått auga på ein skarv til kar, sjølve eiterkveisa som forgiftar lande, eller om det berre var ein flatføtt ein som fór med moldvondarbeid, [n4](#) – så kunde eg for eksempel ha tek og slege han i hel, så alt folk såg det, kva seier De om det? – Huff, Odin, du snakkar så stygt, kva er det med deg i kveld? – Eg snakkar stygt ja. Men eg snakkar berre. Eg som alle dei andre. Ja, du trur ikkje eg legg til [\[206\]](#) og gjer det? Nei. Vi trur ikkje slikt no lenger. Men meg skulde dei ikkje lite på, for resten. Det er usagt eg har vakse same vegen eg som dei andre.

Vinden kom jagande om nova tak for tak, og søyen ovant brattlia vart grovare og grovare; og over den att prøvde sjøborden å dure så dei skulde høre han. Odin lya, og smilte til Mina: Han seier meininga si no, gu' gjer han så ja. Reint vêr. Anna slag det enn dette suse vi hørte så vidt her om kveldane og nættene. Han sat still og såg stort fram for seg, bøyde hovude eit grand i takt med stormen. Så seier han med seg sjøl: Så rart kan det gå ja, at eg kom dit eg tok til, ein hedning uti svartmarka. Er vel ikkje annan veg somtid for slekt og folk. Ikkje er han å ovunde, han som det fell på; ikkje er han å gråte over heller. Kanskje så isar lukka sterkare gjennom han enn gjennom anna folk, kva veit dei om det? Han som har nådd opp, så han både ser og veit.

Han snudde seg til Mina att. Ho såg på klokka, men han gjorde med handa slik at ho gjømte henne straks. Han var ein mon bleik, men han hadde ikkje bleik manns auga, trøsta ho seg med, dei var vågsamt blanke som i småguten somtid. Likevel ønska ho at ho hadde ikkje sitte her i kveld. – No skal du høre kva eg har drømt eller hørt av gammalt folk, sa han.

Menneskja er så laga at dei vil forstå. Først all verda, og sia seg sjøl. Når ein så har stanga [\[207\]](#) hovude imot veggen og ikkje forstår det grand, da råkar ein på det inste i seg: at ein vil tru på det ingen kan grunde ut. Det var det ein rente i veg etter.

Enda er ikkje den klokast som skyt beinvegen dit.

Han reiste seg, tøyde armane i vêre, halvt at han gjeispa og halvt at han lo: Så har dei sagt, dei som har røynt det. Men eg, det skal De komma i hug, eg fer ikkje

av i blinda og gjer det eg skal. Eg styrer sjøl; på eit vis da.

Mina kasta borti ein annan prat, først ho kom til med det. – Enn han Engelbert òg, som fór sin veg så snåpt. Og så du som har kausjonert for han no att? For reisepengane da, ventelig? – Har eg det? Nei veit eg? – Ja så sa 'n Arthur, han var i banken i går. Nytt lån, sa han. Det blir hardt for deg det.

Odin tenkte seg om. – Ja vel! sa han. Det har gjerne gått slik det, san. Blir litt hardvore det ja. Hardt å vera godtruen, ser eg.

Men kva gjorde han med den sygge sladderer han hadde fare med? spurte ho. Odin skaut opp brunene. – Ja det er sant, det hadde eg så nær glømt, midt i det. Det er så lenge sia, – han lea på hovude, gjorde som han smilte. Men han bleikna enda ein mon, og såg stivt på henne; så sa han:

«Æ minns berre det snart, at ein verjelaus ein e det ingen som kann verje. Men gjerast må det!»

[208] Jaså, ho Astri var klein? sa han litt etter. Det kom utrulig bågnt for meg det, Mina. Det står tegn imot tegn, kan eg seie. Ja, men eg kjem ikkje til å akte på tegn.

Han såg ho kvakk til og vart sittande og tvistirre på han. – Du er utsliten, Odin. – Nei da, det kjennes ikkje slik. Det er det sterkaste eg har vore nokon gong. Det vaknaste òg – – eg vil ta og vekke opp heile bygda. Ferdig i bygda vart eg ikkje, ingen ein blir ferdig med arbeide sitt – – ja no vart De redd, ser eg. Som han sa, gravaren, da dauingen tok i foten hans: Du må skjemmast og ikkje skræme folk!

Mina gjorde seg ferdig og vilde heim. Det bles slik da dei sette hesten for kjerra, at sand og småstein gneista om øyra, stormen heldt på og vilde ta dem. Odin lo: Her har du meg! sa mannen, nordavinden tok han utover fjelle. Motvind ja? Sjå på fuglen og alt som vil til vêts: motvinden er børen det. Eg har havt mykjen god bør.

Odin vilde at Anders skulde ha vore med henne over marka, men guten var ikkje til stades, var ventelig borti garen hoss gutane der. – Berre ikkje han får høre nokon ting, sa han. Så det blir *han* som tek seg på tak og gjer einkvart med det – – det må ikkje hende! – Kva er det du seier, Odin? sa Mina og tok i handa

hans. – «Det du gjør, det gjør snart,» sa eg. Nei da, eg sa at ungene kunde komma i hop å slåss, lo han. Men [209] den låtten likte ho like lite som snakke hans, det var ikkje Odin som lo slik.

Da ho hadde fare, stod han ei lang stund, berrhua ute i vinden. Så sa han:

«Ka anna har den her stormen å gjera enn å hjelp mæ? Han e rar, han som styri stelle: Plaga ein te å bli mordar, og let 'n aldri slepp te. Æ lit på stormen æ.»

Det smått svimra for han. – Ja ha, no står eg her så tynn og fortenkt som ein av ungdommen uti verda. Slik er det å vera dem; eg kjenner dem på meg. Nei men bi no: Eg er da ein tå gammalkarane lel, eg *kan* ta forken og gjera mjøl tå skarvpakke. Det skyt fram av seg sjøl. Men kva vilde juvikingen fram i tida hoss oss? Det er farlig det, kar!

«Nei, æ lit på stormen æ!»

I STORMEN

[210] I god tid måndagsmorgonen gjekk Odin bort i garen og vilde råke Lauris.

Landvinden hadde spakna utover natta, men no kvesste han i att så det stod i ein søy over land og sjø. Ei grå vind-seige hadde vevd seg over himmelen, med mørkare band ned imot havranda. Det var vesta-vêre og regne han bles imot; ein kunde høre det på sjøborden òg.

Lauris-gutane stod bortmed låvebrua. Dei helsa til Odin før han vann så langt, og såg opp som dei pla gjera. Han og dei hadde all tida vore litt meir enn gode grannar. Men han kunde sjå det var ikkje stort om dem i dag. Det var kjørgangen til treskemaskina dei studerte på, hadde komme på at han var i ustand til treskinga. – Det står ikkje bra til med a mor dykkar? sa Odin. – Nei;

men ho var no ikkje verre da. Dei såg ut i vêre og hørte på stormen. – Ja ha, gutar, han *bles*, smilte Odin.

Odin fann Lauris inni stua, han kom utor kammerse frå Astri. Ei lita undring steig til i auga hans, det same han såg Odin; elles var andlete [211] stilt som stua i kring han, – det var sjukdom i huse. – Takk, eg trur ikkje det er verre med henne heller, sa han. Manna seg så opp framfor Odin og tenkte på andre ting. – Eg trur mest eg veit kva du kjem for: den der greia i banken, med låne hans Engelbert. Såg ho Mina var bort-hoss deg. Kom ikkje for meg før 'n Arthur nemnte det, at du skulde ha vore spurt; og da var det for seint. Eg trudde på 'n Engelbert, eg må seie som sant er om det; trudde det var eit *nytt* lån eg. Men vi kan snakke om det der sia ein gong. Det var noko andre pengar òg eg skulde ha snakka med deg om, nokre skillingar etter ho Åsel. For oss kan dei gjerne gå til gamleheimen, ho skal ha tenkt det slik, seier dei; men så er det borna etter ho Elen? Vi tenkte å høre kva du seier om det der. – Så? Eg trur vi let det òg vera til ein annan dag. Vi får vel heller til å tenke på å få hit dokteren, til a Astri? Det kan slå seg på lunga, veit du; ålvorlig spell det gut!

Lauris stivna over brunene, og klipte kringt eit par gonger med auga, glytta på Odin og vekk att: Ja berre det ikkje alt har gjort det? Ho er så rar. Men dokteren no, meiner du? Det er umulig det. – Jaså, det står slik til ja, sa Odin. Hm! Det blir eitt å gjera da. Du må ringe og høre kor han er. Besett òg, at dampen skulde gå *den* vegen i dag! Ein – ein underlig treff, san.

Lauris stryk seg hardt over panna og oppgjenom hårtenna. Han ser på Odin, får liksom [212] ikkje til å tenke. – Ja nei, eg har ringt, sa han. – Ja vel? – Ja men det nyttar ikkje, han legg til med stormen, gjer han ikkje det?

Stormen svara sjøl: Han slepte ingen over fjorden i dag. Det kom for dem at stua krøkte rygg imot han, dei verste taka. Odin og Lauris ser på einannan. Det skifta i auga og andlet på dem fort vekk; Odin var enda nær på å smile ein gong. – Det er ikkje meir enn eitt å gjera no, sa han. Vi legg i veg, vi to. – Ja, meiner du det? – Skulde vi la det vera da? He? Verst at gutane var innpå grunna her om natta da dei skyssa dokteren, dei ødela både propellen og styrjarne, hører eg. Vi tek sekstringen min!

Det hadde gråna på nytt oppetter kjakane på Lauris: Han togg seg fortenkt i munnvika. – Enn ein tå notbåtane da, heller? og litt meir mannskap? undrast han.

Odin rista på hovude. – Eig ikkje haldande seglfille dei, i det her vêre – nei! Du kjenner sekstringen. Eg har fare fjorden i same vêre som det her, det finns ikkje maken til han. – Nei, det er så. Det er no så, men. Vi måtte vera *tre* mann, kor som er. – Nei, to. Dokteren blir tredjemannen hitover, – kor var det du fann han? – Han skulde til Ommundstranda og der omkring, utpå ettermiddagen. – Ståande vind da, både att og fram, eller fram og til bake, rettare sagt. Og verre blir han ikkje til kvelds i dag ikkje, eg hører det på ^[213] han. Så blir det vi to da! – Odin ser på Lauris, han er berre ungdommen og mote, nyttar ikkje å seie nei. Lauris prøver å sjå tvert igjennom han. – Nei, det var no så det, sa han endelig, og no vart han raudlet: Om ein tå gutane mine heller –? At eg ikkje skulde reise heimafrå, slik det står til, kom det for meg.

«Nei, Lauris. Det bli vi to i dag. Gutan vår, dem bli heim i dag ja.»

Så legg han til, med små bevrande rykk oppi panna:

«Det e ikkj berre å reis i dag, ser du. Vi må *komma att*, med dokteren.»

Dei orda gjorde Lauris til annan kar med ein gong. Han vart sjømann der han stod.

«Jaså, du trudd ikkj vi skuld komma att du?» lo Odin. «Vi får da *tru* det lel. Kan vel komma den da'n ò, at vi ikkj kjem heim.»

Så spurte han om han kunde sjå ut i kammerse til Astri. – Ja *vilde* du det! sa Lauris. Om du trur det er mykje farlig med a.

Astri var så blank i auga at det gav ein kvekk i Odin med det same. Det var visst ikkje frakt innvendig der nei. Ho såg på han, og pusta tungt ein totre gonger. Så slakna auga i henne eit tak, seig bort i blanke ørska. Han venta til dei kom att.

«Ikkj å reis, Odin!» bad ho.

«Vi ska sjå i vêre, veit du.»

Odin meinte å sjå at ho vart meir urolig des ^[214] lenger ho såg på han. – Ho er no vel ikkje så sjuk, at ho ser kven eg er? tenkte han. For da nyttar det inga hjelp.

Da veit eg ikkje kva eg gjer.

Han snudde seg til Lauris, som stod bakom han. Du har ikkje ein drope brennevin i huse? – Ho vil ikkje ha. – Ho skal. Han tok Lauris over handa så det svikta i knea på han: Det er ålvor det her! Har du att ein skvett, så skal det ikkje vera brennt til fånytt. Brennevine kom fram så blankt det var, og Odin plaga det i henne. Så sa han farvel og gjekk heim, – han snudde seg i døra og helsa enda ein gong.

Ho såg stivt på Lauris da han kom inn att. – Han Odin er visst ikkje glad for den fjordferda? sa ho. – Ikkje eg heller, svara han. – Du skulde ikkje reise da. Han er så – han var så rar. – Kan ikkje komma ifrå det heller, det eg kan sjå. – Nei. Du har rett. Må bli med han ja! Ho pusta i stor kvide.

Vindseiga på himmelen hadde gråna til enda meir, og svarte små skyflokar kom over fjella aust i lande og fór forjaga til havs. Det syne slo ned i Odin så han ikkje kunde seie eit ord der han stod utpå trammen. Og da han såg opp, hadde alt lande det same over seg, einkvart forunderlig kjent men bortglømt og langt bortanfrå. Slik ålvorsamt hadde dagen sett opp andlete imot han før òg, men det var den tida og ikkje no.

«Den tia og ikkj no,» sa han, utan han visste om det.

[215] Skare oppi fjelle stod fram grått og berrt, hitanfor alt anna. Ei naki sanning, og ho vilde ikkje bli glømt. Men der var ingen i grenda som såg det skare, utan han, og det berre i denne stunda. Ting for ting var der som vilde bli set, men han snudde seg ifrå det og til Lauris. – Dei fekk reise i 3-tida da kanskje? – Det kunde høve det ja, trudde han.

Odin skyndte seg heim. Det kom for han at han hadde vore så alt for lenge heimafrå, ifrå Ingri, – og korles skulde han få snakke med henne om dette? Han gjekk beint inn til henne, ansa verken Anders eller Per, enda det stakk i han at dei var der og venta seg eit ord av han. Men Ingri reiste seg opp på ålbogen da han kom. Det lyste imot han smalt og fint, andlete hennar, og auga hengte seg tungt i hans. Slik var det visst ho smilte støtt når han kom, prøvde å komma hitover frå sitt og vera nett attmed han, ho hadde gjerne vore meir glad enn ein hadde merka.

«Det blir så du fer ette dokteren åt a Astri da?»

«Ja. Og att ska æ komma ò, gruv ikkj for det, Ingri. Æ kjem att, sei det, ban!»

Ho spurte om Astri var mykje dårlig. Straks etter såg ho opp i auga på han og spurte om det var Lauris som skulde vera med. – Ja, dei måtte vera to sjøkarar i dag, sa han, – han drog på smilen, men han visna kring munnen. Men kvifor spør du om det, Ingri? – Ho låg berre og såg på han. – Vi må komma att med dokteren, ser du, [216] du forstår da det? – Ja. Men skuggen kom og gjekk over henne. Ho var så veik, ho låg som ho dorma att.

«Æ må vel ha fortjent en engel når æ har fått 'n,» sa Odin da han gjekk ut. Og ho kan visst følge meg *langt*; når den dagen kjem, la han til. Om det så skulde bli snart ja. *Så langt ifrå meg*, og enda veit ho i grunnen alt saman.

Men i dag? han såg tvert fram for seg og inn i eit andlet som var mørkare enn natta og djupare enn himmelen nattens tid; han stirde uredd inn idet.

«Nei, ikkj i dag lell!» bad han.

I kjøkene møtte han sjukesøstra, ho kom og skulde sjå til Ingri. – Men er du her no att? sa han. – Ja, berre som snarast. Om eg kunde vera til litt hjelp, meinte eg? – Nei da, du skal vera der du er, og hør heller bort til Astri. Gjenta fekk ikkje auga ifrå han, var visst slik støtt når dei møttes, kom han i hug, men glømte det straks att. Det var eit bleikt og tynnt lite ting, og berre ungen å kalle, men eit par useielig vakre auga var det i henne, og mest alle gutane såg etter henne. Det var Odin som hadde fått henne avstad i lære og hadde fått henne tilsett her.

Han snudde seg etter henne, og ho snudde i døra. – Eg skal bort ein tur i dag, sa han. – Ja eg – – veit det, – det er ikkje *vêr* til det! – Å det er da *vêr* nok, men kanskje du ser hit i kveld? Om det skulde bli litt seint. Vi kunde bli [217] liggande *vêrfast* til i morgo òg. – Ja, det skulde ho gjera! ho vart enda glad, såltinge.

«Det e stormen som avgjer heile spelle, ska æ sei dæ,» – han skaut brunene høgt opp, og snudde seg og gjekk ut. Det var Anders han måtte snakke med.

Han var bortpå gjorde hoss Anders ei lang stund, men det vart ikkje så han snakka større med han. Han let berre vel over det Anders gjorde. – Utlærd kar

snart! stod han og sa. Står ikkje på, san!

– – – Så bar det i veg.

Ut vågen seglde dei, med rev i storsegle, men frammed bergstrendene sørover var kastvinden så grov at dei måtte ned med segle og legge seg på årane. Vinden kasta tvert av land der. Under ein og annan hammaren var det livt som ein kom i hus, berre einkvan droga kvefta ned ovant lufta og varskudde; men ut småvikane og ned skara stod han i gneistande frøs, og hardare støytar slo ned rett som det var og vilde ta årane frå dem.

Sekstringen var listerbygd og sneiseglar, Odin hadde kjøpt han sørafor og hadde reidd han om etter sitt eige hovud. Det var beste sjøbåten av alle småbåtar der i kring, og overlag lettrodd dertil. – Vi ror 'n som berre hytt! sa Lauris, han vilde gjerne seie einkvart. Men kvifor har du kjeipar og hamleband, på det her båtslage? – Ja sei meg det du. Eg kom no på det slik. Som han sa, guten som fria. Så eg ikkje skulde miste [218] årane om vi kollsegler, la han til, og glytta lystig over aksla fram til Lauris. – Spott ikkje med slikt, ein vêrdag som i dag, åtvåra Lauris. – Spotta når eg var på sjøen har eg aldri gjort! – Ikkje i godvêre heller? Nei for resten, eg har heller ikkje fare med det, før no i dag. – Det kan gå troll i ord. – Det er dårlig til ord når det ikkje går troll i dem! lo Odin.

Dei kvilte på, tak og anna, og såg nedover fjorden til andre lande. Her, der fjorden bøyer nordetter og vinden stod tvert over, såg han ikkje verst ut, dei såg berre kvitbrotte av han oppetter berga nedmed Juvikstrendene. Først da dei var sørunder siste odden og fekk opp fjorden austover, såg dei han i auga. Han var stygg. Dei andøvde og såg i det, eit tak. Da seier Lauris:

«Jamenn e 'n grop no!»

«Ja, han spøtta kvitt. »

Odin møtte auga til Lauris. Dei var rådville og uredde i same blinka, og bora seg ransakande inn i Odin. Slik glor det eine dyre på det andre før dei ryk i hop, mintes Odin.

«Du mein han e fjorfaranes vêr da?» Odin rista på hovude og smått lo:

«He! nei! Ikkj for folk nei! Men for oss to, veit du. Og likar bli 'n ikkj i dag. Du

sjer 'n no.»

Dei måtte segle vakkert da, meinte Lauris. – Ja, det var ei god råd, *det*. Men ho kunde bli dyr, i den her sjøen. Men Lauris kunde få segle? – Nei takk, du segler sjøl.

[219] Dei la inn reve i både storsegl og fokk, og med det baud dei han fjorden. Ein våtvoren dans vart det, og vakkert såg det ikkje ut, men over kom dei, og det før dei rett fekk sanse seg. Først da dei var innunder øyane ved sørlande og i smulare vatn, så dei fekk opp auga att, merka dei kor lenge det hådde stått på, den eine glufsingen over dem verre enn den andre og stormstøytane tyngre og tyngre, det kunde ikkje *gå* lenger; men no hadde det gått like vel. Dei såg for seg verste knipetaka lenge etter.

«Han gjord mjøl, mein æ?» sa Odin da dei stod og skulde gå opp frå sjøen, han såg ein gong på Lauris og ein gong attende på fjorden. «God båt, ikkj sant?»

«Det går med det går ja.»

«Det e nok det, Lauris.»

Dokteren var ferdig til å kjøre heim da dei kom opp i garen på Ommundstranda. Da han hørte korles det stod til med Astri, steig han utor kjerra utan eit ord og laga seg til å bli med. Men da han kom fram på sjøbakken og såg fjorden, vart han ståande, og da han såg båten deira, snudde han seg om til dem. – Det kunde ikkje vera meininga deira dei skulde ut med den der? Han hadde fare verre fjordar og i verre vêr enn i dag, men da hadde det vore anna til båt. – Dei gjekk på han, at han måtte bli med, båten var utleita god, og no spakna landvinden litt med kvart, syntes dei sjå; dei gjekk hardt innpå han. Han såg [220] på Lauris. – De trur det ikkje, De heller, at det er rådelig? sa han. Snakk sant – eg ser det på Dykk! Lauris såg på Odin. *Han* stod med hendene i lomma og såg utover, underlig borte og uten andsvar. Vatne rann utor skjermhuva hans, – anna hu plag brukte han aldri på sjøen –, og andlete var kvitgrimut av salt. No snudde han seg til dokteren, halvveges på låtten, kunde ein tru: Ja kom no, vi må ha dokteren med!

Men dokteren var ikkje å rikke. Han rista på hovude og sette auga strengt i dem: Og de blir her i natt, de òg, sa han fast. De er da såpass til sjøfolk. – Så finn

fram medisinen da! sa Odin. Fram med han, vi har ikkje stunda til å stå her og røle, det er kvelden snart.

Dokteren gjekk inn med skrine sitt, og kom ut med ei flaske og gav Lauris. Så kom han med dampen i morgo, la han til. Han såg enda ein gong på fjorden, tagde og tenkte litt, og sa farvel, – det venta sjuklingar på han nokon kvar-stads.

Odin kremta etter han, hørtes mest glad. Han gjekk føre nedover til sjøen, Lauris kom etter, stana litt gong og annan, og kom att. – Kjem du? sa Odin, han gjekk i båten. – Jau da. Men: Han hadde no rett da, dokteren. *Han* er ikkje frøsen forfæld, det veit vi. Odin la barlast-steinane til rettes. – Rundstein? sa Lauris. – Ja, gut. Så rullar han da ut, *om* vi skulde trille om. Han såg Lauris inn i andlete så han både flatna og folna.

«Men ska vi reis da, Odin?»

[221] «No reisi vi ja. Æ fer, og du bli med; slik vart det, sa vi. – – Dem venta oss,» la han til.

«Ja ja da. Vår Herre – – vera med oss han!» Lauris prøvde å smile, det fall seg lettare slik. «Han må no vel vetta det står om live for a Astri?»

«Nei no får du ta kjeften din og hald ti 'n – – din luskælv der du e!»

Odin hadde sagt det lågt og grovmælt og i fullt sinne, han stod og vilde hoppe i land, kom snart og tok Lauris.

Slik vart han ståande. Det var ikkje lang blinka, men det som fór gjennom han, kom for han langt som halve live. Tanken på Vårherre hadde stukke han da han hørte orda til Lauris. Den tanken hadde han i grunnen ikkje hyst sia han vart vaksen, han hadde berre kjent han som eit tomrom i kring seg eller som eit sug inni seg, at der var noko han ikkje var mann for å gjera opp med seg sjøl. Den pina hadde hørt live til, ho var ein part av live, kanskje det var den som alt anna grodde fram av. Og slik kom dei slekt for slekt etter oss og fram i lyse, men såg ingen ting lel, såg berre attende og hit, at vi levde så mørkt, at vi var hedningar, men hedningar utan lått og glede, – ikkje visste vi kva vi tvila på og ikkje visste vi kva vi var så redd å døy for. Ein eller annan kom her vel som kunde stå til sides litegrand; så vidt han såg: at det hadde susa i veg fram og fram på same flekken, ja, og det lo han [222] til? Korles var det, tru, å krype i haug for folk nedgjenom

tidene? Korles vart det å døy tusen år heretter? – Og kva skil det her meg *no*? vakna Odin.

«Kjem du?» ropa han.

Lauris rømte med seg han òg, slepte vona og kom. Og så bar det i veg.

Ommundstrand-vågen er smal og krokut, og der måtte dei ro seg ut. Da dei skal gå segl, seier Odin: Jamenn blir det likast at du segler *no*. – Eg? sa Lauris. Ein jaktskipper kan ikkje segle båt. Dei sa eg siglde båt med jekta, så segler eg vel jekt med båten. – Du skal segle lel. Eg er så rar, skal eg seie deg, eg er så likeglad i dag; folk har gjort meg slik. Så mykje snakk på ein mann hadde aldri Lauris hørt i uvêre, han sa berre *la gå da* og kraup att-i båten.

Det vart same vaskinga. Litt spakare var han frå første, og dei nytta på og slo seg eit slag til vinds oppunder sørlande, det kunde enda bli nauvt nok å nå oddane på andre sida om han gjekk eit grand meir austlig *no* til kvelds. Før dei var midfjords, var han over dem med full hand, og det verste var han var så grovelig ujamn. Odin visste at Lauris var ikkje av dei finaste båtseglarane, men han visste òg at det var han heller ikkje sjøl, dei var ikkje av dem som kunde stela seg over fjorden i slikt snøføre utan å få ein skikkelig skvett, – dei fekk mange. Men han visste og såg at Lauris var sjøkar, både modig og litt redd, og [223] eldande snåphendt. Det var trøysamt å sjå på han, når det var ei blink til det: med kvart ein oter berre som det skvatt på, og straks etter ein livkjær mann som så endelig vilde ha komme vel ifrå det og heim, det låg utanpå han kor mykje han hadde å miste.

Dei fekk ein totre sjøar som var nifske å ta imot, det var ville fossen som kom, og så høge og så høle at dei lyste kvitgrønt all igjenom. Båten smøyde seg unna dei to første, den tredje måtte dei ta, og Lauris la beint på han. Dei fekk ein tungsup så tiljene flaut i båten, men Lauris var på han med godt mot og auste. I det same kjem det ein rokk-eling gneistande. Odin firer i fokkeskjøte, og Lauris går til vinds med båten att, han vil kløyve vindflaga, men ho vrid seg meir søbærⁿ⁵ i det same og fyller segla like godt. Lauris slær laust storseglskjøte og firer av, men da har alt båten skore seg under til le og går i veg, det var gjort før dei blunka.

Da dei kom opp att og fekk pust for seg, hadde båten rengt seg og gjort seg rein for ballasten, og båe karane hang fast i kolve, Lauris i storskjøte og Odin i vante på andre sida. Båra gjekk lystig over dem, i eitt vekk. Odin samla med seg ei år som kom unna båten, og heldt henne millom knea; han gjorde eit hogg med venstrehanda og fekk kara åt seg den andre med. Så bonna han og plagdes til han fekk dei båe to under ^[224] kolve att. Med han heldt på med det, hadde Lauris komme seg opp på kjølen. Odin tek seg på tak og kjem opp frå sin kant. Men kolve låg tungt nok i sjøen før, vilde snaut vaka med *ein* mann, og no sette sjøen inn over dem på ny frisk.

Det var ikkje berging for to mann, fanns ikkje von eingong. Dei såg det i same stunda båe to, og stirde einannan i auga. – Dreggen, sa Odin, – han er fast under båten – – nyttar ikkje! – Vi får rope, sa han, da han fekk andlete ovan vatne ei blink att. Han sette i med alt sitt mål. Vinden tok rope og hivde det bort i bårefrøsen, og ein brottsjø gjekk over han og tok pusten ifrå han.

«Æ trur æ sleppi mæ,» spytta han. Det fall så rart over han, at det var det einaste der var meining i, heile live var ikkje verdt eit tak til. Småfolk og misnøye og kjekl alt i hop, vart aldri ansles heller, han sa tvi! ein gong til, og det var ikkje sjøen han meinte på. Det fór og fór framom han: Live. Eit renn etter ingen ting! Enda var han så vidt *med* seg, at han undrast over at det skulde syne seg slik no.

Da kjente han eit tak i nevane sine. Det var Lauris. Der var *han* ja; han vilde ha laus nevane hans frå kjølen og ha han vekk frå kolve. Odin fekk opp auga att og såg på han. Lauris var grå i andlete, og munnen flekte av tennene på eine sida. – Slik er det ja, tann imot tann all vegen, ranns det gjennom Odin, det var sviande vondt så han gav eit stønn ifrå seg.

^[225] «Men nei!» murra han. «Nei, Lauris!» ropa han og sputta ifrå seg saltvatne for ålvor. Han kjente sjøl at han òg syntte tennene. «Det bli du som må slepp!»

Lauris prøvde å slå han over nevane, og det tykte Odin var velkomme: no var det inga sak å sende han i veg dit han skulde. Da prøvde Lauris å bite. Odin losna take hans med ein rasande rykk og gav han ein støyt for bringa:

«Veit du ikkj – – at æ e den sterkast da?»

Lauris hang og klønte seg fast i ripa, famla seg tak med høgrehanda oppå kjølen att. Det vart ei løye med sjøen no, vinden måtte ha spakna lite grand. Lauris ser opp i auga på Odin. Han hadde ikkje set hund be tynnare for seg når dei skulde skyte han.

«Ja ha, du må døy no. Æ har dømt dæ før. Men æ skuld ha sli' ihjel dæ, meint æ, midt framfor all bygda – – du veit sjøl ka du ha gjort.» Han må bruke mest all si makt for å halde han ned. «Midt framfor heile lande ja! Din *hund!*»

Dei ligg slik ei stund. Odin ropar på hjelp ein trefire gonger; han tek alt til å dra von: det vai da visst så at han spaktes? Han ser austover. – Å nei san, det var ikkje slik meint, mumla han, for no kjem rokk-garen jagande så kvit som snøkaven, og på Ommundstrand-sida er det knapt ein vaksen mann på føtene, sjuke alle saman, og frå andre sida kan ingen sjå hit. Nei vel, det som skal skje, det kjem til å skje no.

[226] Han vart liggande og sjå på Lauris, med han heldt han i sjøen. Kolve flaut tålig bra på den måten. Det var visst lenge han hadde set på han. *Eit menneske!* kjem det for han. Eit menneske han òg.

«Drepa dæ kund æ gjera,» ropar han håst. «Den børa kund æ bera all min dag.»

Så er det eit tak han lite sansar seg, for sjøen og rokke er over dem verre enn før. Han har vorte åleine på kolve, synes han, han går opp frå sjøen, han kjem heim og tek til med live att – – det er ein forunderlig ting, langt borti ei anna verd. Og i øyra på han syng eit stort og grovt og gammalt mål, det kjem utant øde marka:

«*Menneskets hjerte, Odin!*»

«Ja,» ropar han. «*Det er ondt fra hans ungdom av!*»

Det svimra for han, no da han såg det.

«Men det e ikkj alt!» ropa han. «Det e ikkj *alt*, høyri du!»

Verda hadde gått rundt ein sving, ein sving på hundre år eller meir, han var langt langt atti tida. Mørkre og villmannskapen. Godt å vera til. Herre og hund.

«Men nei, sei æ, æ e ikkj den at æ kjøpi mæ live. Han e som eit menneskj, han

ò. – – Lauris!» skreik han.

«Ja, Odin!» kom det utor djupaste nøda.

«Enn om du får live da?»

«Ja! ja!»

[227] Odin famla under båten og fann fram ei år, famla og fekk fram ei til. – Årane! ropa han, og Lauris var innunder på si side og fekk dei fram, dei var der bae to. – Eg vil ikkje kaste meg beint i sjøen, eg vil ha ein *chance* dei kallar. Han aktar på løya, samlar til seg alle fire årane, to under kvar arm.

«Hels heim, da! Du forstår mæ?»

«Ja.» Men Lauris såg redd på han, kravla seg på kjølen, men vart reddare etter kvart; han vart småguten og fekk tunga ut i munnvika.

«Bit dæ fast, kar! Og vera folk!»

«Vi kjem ikkje heim nokon tå oss,» murra Lauris, det lauga ein sjø over han.

«Be te Vårherre, du – – e ikkj anna rå' for *dæ!* Og rop på hjelp!»

Odin heldt i enden av fokkeskjøte enda og hang med. Han låg ikkje tyngre i vatne enn han kunde puste millom verste sjøane. Men han vart stiv i kroppen, merka han. Han sa med seg sjøl:

«Mordar vart æ no ikkj, da.»

Han slepte seg no. Lauris låg stiv og såg på han; så manna han seg opp og nød-ropa. Det var alvorlig til mål i han. – Slik er det å bli liggande att når dei segler til live, tenkte Odin, – kvifor ropa han ikkje hardare da, han som skulde den vegen?

«Hels dem all i hop!» skreik han over skombrotte. «All i hop! Du når Juvikvågjen.»

Han såg opp til himmels. Vide blå kvelven [228] all veg over han; men vestover der skimra det i både grønt og gult; og midt over gjekk eit grått band – i morgo var det stilla att. Blanke vøre i morgo ja. Han prøvde å sjå fjella, men dem var det ikkje å få tak på; det synte seg nokre blågrå skynt berre millom glufsane. Så rømte han med seg og tok nokre tak med føtene, men dei vilde ikkje lystre han,

dei var store og tjukke og reint frammande for han. Ei stund krøktes dei oppunder han like vel: han kom i hug botnsauge nedi djupe, han hadde set kor ufyslig det fór med fisken på børenskapen. – Nei, men eg har lukka med meg, prøvde han å seie, eg kjem inn på grunna og bergbotnen. Ei stund etter klaga han seg og ropa på Ingri, kor vart det av henne? Men du har 'n Anders og 'n Per, du, syntes han han sa med henne. Det går, det går, Ingri! Snakk med 'n Lauris du. Her var ikkje annan veg.

Armane hadde stivna over årane da han kom til seg att. – Ropa dei hurra no att? undrast han. Veit dei kva dei ropar til da? No tagna dei så reint? Friskt mot, karar! Kan vera guds gode vøre i morgo for det her! Og han Lauris, han –

Lenge, lenge etter måtte det vera. Han vaknar og undres: Men lever eg enno da? Og så sommaren og solskineⁿ⁶ alle strendene rundt? Og den blånaen framfor meg ja!

«Obetinget!» sa det.

DEI ANDRE

I.

[229] Lauris hadde auga med han på årane, imillom at han ropa og heldt seg fast. Mørkre seig på smått om senn, og vinden bar beint vestover med kolve, men straumen sette litt meir sør med den andre; ikkje gjekk det så fort heller med han, så han vart lei å sjå millom brottskavlane. Enno såg han i han, og enno; men så gråna det bort alt i hop. Da han ikkje vann å rope lenger, og enda hadde Juviklande så langt unna at han berre timde det som noko svart med eit kvitt band under, gav han opp vona. Han merka han heldt seg ikkje fast stort lenger,

det var lange stunder han knapt visste av seg. Han slepte trua på berging, det var lettare da.

Men da hørte han ei basking i lufta, det både flaksa og slo. Han kjente den lyden og fekk varmen att med ein styng: det var segl som skjevra i stormen. No hørte han tydelig det small, både av segl og av båt i båra. Han letta på seg og ropa til måle brast i halsen.

[230] Straks etter rennte ein stor farkost til vinds på sida av han så spruten stod, ein Nordlandsfembøringⁿ⁷ med möringsrigg. Det vart eit bask, men endelig var han da innabords hoss dem. Kolve var det ikkje å tenke meir på. Dei bakka fokka og la i veg att. Dei meinte på å ta hamn bortunder Ommundstrandlande nokonstads. Da sprang Lauris, så stiv han var, attover til høvedsmannen. – Her ligg ein til her bortpå! stamma han.

Dei heldt etter som han viste, dreide på ein totre vendingar, men såg ikkje likt til noko flytande. Ikkje var det noko å høre heller, utan fjorden som frøste, og vinden i riggen. – Vi får vende! sa Lauris. – Umulig! meinte høvedsmannen, dei var seglslitne og hadde segld båten lek, det var armelig dei heldt han opp, og berre natta og uvêre. Lauris hogg i rorkulten, kjører båten til vinden og brøler, – det for heitt som elden gjennom han at slik hadde han Odin gjort:

«Over gå!»

Båten lystra, og mannskape lystra, det var så vassfokke stod over dem. Dei gjer enda eit slag, med skjevrande segl og liten fart. Men Odin var borte. – Så tek vi Håbergvågen, sa Lauris, på sørsida finn vi ikkje hamn i kveld. Dei let han rå som mest trong å komma i hamn fort.

Inn vågen hadde dei ikkje komme like vel, hadde ikkje vinden gitt seg så pass som han gjorde. Da dei hadde jarne i botnen, var Lauris i løftingen og hadde gjort opp varme. Så klødde [231] han seg naken og vridde opp klæda sine, tok dei så på att, og brennte i seg ein stor kumm med kokande kaffevatn. Med han det gjorde, spurte han dem ut om korles det vart vår han, og kva dei fór etter på denne tida. Dei fortalte at dei hadde tenkt å ta hamn ein stad under luv land lenge før dei kom hit, men da dei skulde sette i gang motoren og gå oppunder, slo han klikk for dem, og så var det å legge til segls. Vinden auka, og dei let det stå til,

dei hadde tenkt på både Skarsvågen og Håbergvågen, men der bles han så grovt ut at dei baud ikkje til ein gong. Da dei var sørpå fjorden og låg og skulde reva, hørte dei nødrope nett attmed seg.

Lauris sa ikkje orde. Så rømte han med seg og sa farvel og takk, skulde sjå ned i morgo-tidlig før dei fór, han måtte skynde seg heim no. Han rauk i landtauge og skulde hale båten innåt brygga, men det fanns ikkje makt i armane på han, så han måtte be om hjelp.

Han smått gjekk og smått sprang oppgjennom vegen. Han kjente etter om han hadde medisinflaska heil i lomma. Jau. Ho òg var berga ja. – Du skal sjå ho Astri blir god att! sprang han og murra. Merkelig! Merkelig!

Sjukesøstra og tausa var i kjøkene, men Lauris gav dem ingen ans, han gjekk inn i stua, stod litt der, og gjekk åt kammerse, Astri vart eit anna menneske straks ho såg han, men ho sa ikkje noko, og heller ikkje han. Ho låg urørlig still og stirde [232] på han, med han tok fram medisinen og skjenkte i. – Der! sa han. Berre brennvin, visst, men ta det. Korles er det med deg?

«Men at du kjem i sånt vêr da?» Ho slepte ikkje auga hans meir.

Han retta seg opp og såg beint imot henne. Han nikka ålvorsamt:

«Ja ha, æ e gjennomblaut ja. Fukti på sjø'n i kveld.»

Ho klipte med auga slik han aldri hadde set det før. Da gav han seg over:

«Og han – – han e ikkj med heim nei.»

Enno tok ho ikkje auga ifrå han, men det var knapt han ho såg.

«Kor dem e henn, gutan?» spurte han.

«Dokk – – kollsegelt da?»

«Ja. Vi gjord det.»

«Han vart ikkje berga han da?»

«Nei, han vart ikkj det.»

Endelig flytta ho auga bort. Dei flakka hit og dit. Så djupe i letten kunde dei vera, tenkte han. Sjukesøstra kom inn, og da gjekk Lauris og skulde bytte klæa. – Eg meiner De er bedre no? sa ho og kjente på pulsen til Astri. Men han var like

galen som han hadde vore.

Astri såg på henne, løfta eit grand på brunene og grunda. Einkvart var det ho skulde ha sagt, men ho let det vera. Litt hadde vore, tok ho handa hennar og såg henne inn i auga på nytt. Var De bort – – hoss 'n Odin – – hoss a Ingri [233] nyst? – Ja, ho kom derifrå no. Ingri var det visst ikkje farlig med. Berre ro, det måtte ho ha. Astri samla all si makt i andlete. Så sa ho:

«Men enn visst ho fekk vetta – – at 'n Odin aldri kom heim meir?»

Søster Else stod lenge før ho kom seg. – Det er ikkje *sant?* kom det, tynnt og bedande. Det er ikkje sant? Dermed seig ho ned på stolen, vart sittande slakk og stirre på Astri ei stund, snudde seg til stolryggen og gjømte andlete. Små rykkingar fór gjennom ryggen på henne. Astri tok seg ein drykk til av flaska, ho syntes det lettna for bringa da; ho kunde puste no, så nokon lunde. Ho venta eit tak før ho sa noko.

«Det bli De som må gå bort og snakk med a Ingri. Hører De det?»

Den andre fór opp og stirde med store auga på henne, enno meir forfæld: Eg? Eg?

Ja, det var ikkje anna råd, sa Astri. Ingen annan til det nei. – De meiner ikkje det. – Det må gjerast, i morgo i allfall. – Ja men eg? Eg som – – eg som – –

Ho brauts ned imot stolryggen att. Ho anka seg høgt.

«Berre æ kund fortel Dokk – – men æ kann ikkj! For han *Odin* – – æ tør aldri sjå a Ingri meir!»

Astri tagde ei stund. Ho var uvanlig mild i måle da ho tok til ords.

«De har vøri litegrand for glad ti'n Odin ja. [234] Gjer ikkj noko det, ban. Har hendt fleir det. Det e a Ingri vi må tenk på no.» Ei stund etter la ho til: Han Anders og gutane våre er visst nede og ser etter båten; dei har vore ute i all kveld. Ho skulde sagt meir, men ho var ikkje godtil for det første; og no kom han Lauris ned att frå lofte og ut i kammerse. Astri låg still, med stive auga, merka kanskje han var der og kanskje ikkje. Ho vätte leppene med tunga gong og annan, dei var så tørre. Slik still og fortenkt, og borte, kunde ho vera av og til, – Lauris stod der og venta. Søster Else drog seg unna til vindauge.

«No kom dem visst, gutan?» sa Astri best det var, ho såg urolig frå den eine til den iandre av dei to. – «Jau, det va dem – – no veit dem det snart! Han Anders e med dem, han ò? – ja!»

Sjukesøstra stod og beit seg i leppene så dei ikkje skulde skjelve; ho tok ikkje auga frå Astri. – Ho Ingri skulde ikkje ha hørt det i kveld, fekk ho endelig fram. – Nei, ho skulde ikkje det. Du seier berre med han Anders at dei er ikkje heimkomne enno, at dei nattar over på andre sida fjorden. Gjenta gjekk ut.

Astri fekk ei ri ho ikkje kunde puste. Lauris gav henne medisin, og da linna det straks, men han kunde høre kor kove surkla nedi bringa på henne.

«Be 'n Anders – – komma hit!» kviskra ho.

«Hm! Ska æ det, mein du?»

Ho nikka, og Lauris måtte avstad. Han nådde ^[235] han att utpå kjøkentrammen. Guten stod dørgstill ei augeblink, prøvde visst å sjå andlete til Lauris; så kom han og vart med inn. Lauris-gutane såg på han da han gjekk gjennom kjøkene, men han såg ikkje på dem.

Han kom stø og still inn i kammerse. Lite grand bleik var han kanskje. Astri retta fram handa, og Anders steig borttil og tok henne. Det rykte nokre gonger oppi panna på han da han såg Astri i auga, slik det hadde gjort på Odin ofte, og same auga syntes ho han såg på ein med, dei stod i så ovmodig stri ein ungdom under dei høge sterke brunene, spegla alt på ein måte som for dem kom.

«Du veit det kanskji?» sa Astri.

Det gav ein liten rykk i han, i handa og over andlete, eller meir som ein svikt når ein sterk ein kjem ståande ned etter eit høgt fall, kom det for Astri. No fór det med eit hardt tak over han, så andlete vart tynnt og verjelaust, – så tek han til seg handa og ser fiendsk i kring seg, blir ståande og stirre på Lauris.

Lauris er raudbrun av vøre, ein kobbe med kopparandlet.

Anders snur seg til Astri att. Ho seier han så godt ho vinn det, at dei har kollsegla, at Lauris vart berga ved eit under, og at han må vera den han er no og ikkje fortele mor si det for det første, ein dag eller to til, så er ho sterk nok. – Du hører stormen, sa ho. Trur mest eg visste det før dei fór.

[236] Han ser vekk med ho snakkar, men så mannar han seg opp enda ein gong og ser henne inn i andlete. Det var så høgt ovom alt han visste, det andlete, og da han blir vår tårane der, snur han seg fort og går. Han hørte gutane gjekk på loftet før han nådde gjennom stua og til kjøkene; dei vilde ikkje møte han nett no.

Astri sa ifrå at søster Else kunde gå og legge seg og ta med seg veslegjenta, så vart Lauris i kammerse hoss henne. Han sat i armstolen, Gammal-Andersstolen, og heldt seg vaken. Astri sov heller ikkje, hadde lite og ikkje sove sia ho vart sjuk. Somtid låg ho og såg i veggen med brennande auga, somtid let ho dem att.

Stormen braka uti hagen, og med kvart tok han i stua og rista. Lenger unna mol han jamt og syngande, fjell og mark og sjø saman i eitt, ein stor tone som fyllte all natta millom himmel og jord. Det vart til djupaste stilla visst ein ikkje lya etter. Og no var han Anders heime for lenge sia.

Langt på natta sa Astri:

«No ska du fortel mæ det, Lauris.»

«Ja, æ ska det.»

Han kom som ein dømt ein og sette seg på senggavlen. Ho såg ikkje på han.

«Va det umuli å bli berga bå to da?» spurte ho, da det hadde gått ei stund.

«Umuli ja.»

«Osså –?»

[237] «Ja så – –»

«– – så slept 'n sæ da, kanskji?»

«Ja. Han gjord det. Osså vart æ berga ja. Det kom 'n storbåt.»

«Osså vart du berga ja.»

Ei stund etter sa ho:

«Du ska ikkj vera lei for det. Om du vart for veik imot *han*.»

«Å nei.» Han såg opp, pusta tungt eit par gonger, og seig i hop att. «Å nei san. Æ ha aldri – – venta anna. Han ga mæ live. Og æ tok imot det. Va ikkj mann for

meir, æ.»

Da tok ho handa hans. Feberen susa så for øra på henne, ho visste lite til seg for det første. Så tok det til å surkle i bringa ⁿ⁸på henne att og stemte for ånddråtten. Lauris måtte opp og gi henne tå flaska. Ho ørska og smått snakka med seg sjøl, men litt var det, så tok ho til og vart kvikkare att. Da sa ho, med eit høgt stønn, løfta eine armen og slepte han ned:

«Det va ei tung bør han la på oss te slut.»

Men det hørtes ikkje motlaust no heller. Det lysna til med nytt liv i auga hennar og levna ungt og ukuvelig i andletsdraga.

«Det bli ansles alt i hop heretter ja,» sa Lauris, han sat og beit i hop tennene.

«Men han Anders, såg du han?»

«Har sett 'n all tia æ,» sukka Lauris.

«Berre han fekk sovn' ifrå det i natt, enda!»

«Berre vi fann 'n i morrå! Han Odin, mein ^[238]æ. Han flaut på åran, sist æ såg 'n. Flaut på åran – det va liv ti 'n enda.»

«Jaså. Det gjekk slik?» – det var vel ikkje til Lauris ho sa det. «Kan vel ingen komma lenger da.»

II.

Anders prøvde å gå stødig heimover, men vinden var så tung i støytane, at han tok ein med seg så ein måtte springe stykkomtil. Ingri sat i senga og hørte han kom. Ho ropte på han at han måtte komma ut i kammerse. Han såg ut som ho berre plaga han.

«Du såg ikkj likt te båt, veit æ?»

«I det-her vêre? E du gælin du!»

«Æ trur 'n kjem lell æ. Æ hørd 'n så tydeli her i sta, har aldri hørd 'n så tydeli før.»

«Overtru!» sa Anders; han prøvde enda å le.

Ingri drog seg attende til seg sjøl, let seg att og fall i tankar, slik ho gjernast gjorde. Ho rista på hovude eit par gonger; leppene rørte seg liksom ho snakka. No var ho der ho pla vera, tenkte Anders. Han pla snu seg ifrå henne da, og gå, litt tvert ofte. No vart han ståande. Best han stod, tok han eit steg fram, og munnen opna seg og vilde snakke. Nedetter kinna vart han stiv og bleik. Han tok berre bortpå aksla hennar:

«Godnatt da, mor!»

Så gjekk han.

[239] «Osså a Astri som ikkj fekk dokteren i kveld,» sa ho etter han.

«Å, ho – –»

Dagen etter var det same stormen. Han vart meir søbær da det leid på, og himmelen trutna til med regne all veg utover. Om kvelden var han laus med regne, og da spakna han ein mon, så dei kunde høre kor sjøborden dundra.

Anders var på berre live at det ikkje skulde bli spakvêre med det var lyst. Mora spurte gong for gong om det ikkje var fjordfarande vêr snart. – Nei, det var smått med det. – Hadde han ikkje telefonert til Ommundstranda? – Dei borti garen hadde ringt dit. – *Var* dei der da? – Ja da! – Men at dei ikkje tok dampen heim? undrast ho.

Anders fekk blanke sveittperlene i panna. – Dampen? Gjekk vel ikkje damp i det her vêre? – Nei, det var sant. – No skal du ikkje uroe deg da, formana han; hugs på kva 'n far bad deg om.

Ho smilte og let att auga; ho skulde vera snild.

Tidlig morgonen etter kom han ned til henne. Ho hadde sove heile natta å kalle og vakna ikkje no da han kom heller; ho vakna først da han hadde sitte der ei god stund. – Eg visste da du var her, sa ho. Og smått om senn vart ho gråbleik i andlete.

«No ska du sei mæ det som det e, Anders! Høyri du ikkj, Anders – – du e så rar?»

«Ja, han kjem ikkj heim meir. Dem har kollsegelt.»

[240] «Æ visst da det va slik. Visst det i all går. Berre at æ vild' ikkj vetta det.»

Anders stod med hendene i lomma. Han såg meir og meir forundra på henne.

«Han Lauris ò da?» spurte ho, da det hadde vore ei stund.

«Nei, han vart berga han. Han e heim' no han.»

Ho sat still i senga. – Enten må ho ha glømt alt i hop, tenkte Anders, eller så veit ikkje eg. Lenge etter sa ho med seg sjøl:

«Vi levd da lenger samene – – enn æ ha venta.»

Anders gjekk ut, og Ingri stod opp og klædde på seg. Før det var lyst, var ho borti andre garen og kom inn til Astri. Det heldt på og vilde svimre for henne da ho stod der innom kammersdøra.

«Æ har venta dæ,» sa Astri. «Gudskjelov at du kom!»

Dei vart to-eina, men dei sa ikkje mange orda. – Lat meg berre få sitt her ei stund, bad Ingri. Da ho stod og skulde gå att, sa Astri:

«Han Odin, han bli aldri bort for dæ. Kanskji ikkj for di ander heller, så snart.»

Ingri smilte berre.

«Du ha knapt villa bytta med mæ, Ingri. At *han* kom att, og – –»

«Nei nei nei!» Ingri varde for seg med hendene og famla etter døra.

«Ja, *ein* tå dem mått det bli, Ingri. Da ^[241] veit du det vart 'n Odin som vann – – han slept sæ.»

Eit par tårar rann nedetter kinna på Ingri, men ho stod rolig og merka det ikkje.

«Det va vel slik da,» heldt Astri fram, «va vel slik tenkt, at det skulde vera *ein* seierherre i slekta vår igjen. Det va visst mange før, men dem – – rekna æ ikkj med. *Ein* mann framfor di ander.»

No var Ingri langt unna, såg Astri. Og da, når ein var *der*, da kunde ein sagt vera sterk, ho visste ørande lite grand om det. Ei stund etter sa ho med seg sjøl:

«Kanskji live såg ut slik for 'n, siste stunda, at det va ikkj så kostbart å gi det ifrå sæ. Det ser både smått og svart ut, synes æ somtid – slik mått det vera han

såg det. At vi va berre småfolk omkring 'n? At han ha gjort sitt, vil æ heller sei. For du veit: Dæ reist 'n ikkj ifrå, kor som e.»

Ho såg lenge på Ingri, som stod der og halvt smilte til henne, og sia imot vindauga.

«Ja ja ja, san. Det bli ansles, mangt, no herette. Fåfengt fekk æ ikkj att 'n Lauris, – fåfengt slept ikkj 'n Odin sæ. Det trur æ han visst om.»

Ho såg i eit blink at Ingri var på veg fram imot henne, kunde komma svanglande til senga og bli liggande der og gråte. Men i staden sa ho berre:

«Æ må heim no. Æ mått berre sjå hit. Farvel da!»

«Vårherre hjelp oss så sant!» sa Astri med ^[242] seg sjøl. «Men va det ingen annan veg utu det? Veks det aldri fram noko nytt i ei slekt?»

– – – Lauris og gutane var ute og leita. Båten fann dei i Juvik-fjæra, han var oppdregen der og tålig uskadd. To mann frå Juvika sette ut båt og vart med dem. Dei for heile lande frammed, men der var ikkje meir å finne. Så rodde dei soknbolk utpå fjorden. Det var hilderstilla, så blankt som sjø kan bli, og ei tid på dagen spegla berga så livaktig svart og grått i vatne. – Dei gav på all dagen. Lauris sa knapt eit ord, utan dei som til måtte. Mot kvelden, da fjorden blakna og spegla berre himmelen, som var lysande bleik, fann dei han. Han låg på bergbotnen utfor Svarthammaren. Han hadde mista årane på eine sida. – Ein skulde ikkje tru det her var eit lik, sa Lauris, og det same sa dei andre.

Det var mørkt da dei kom til Vågen med like. Anders møtte dem da dei kom til gars med det. Han var inn etter løkta og viste dem inn på låven. Der hadde han rydda opp, kunde dei sjå. Han lyste rolig på andlete til faren; så snudde han seg til Lauris:

Ein måtte vel både til prest og lensmann no da? og heile øvrigheita? – Det skal eg stå for, sa Lauris. Han var den siste som gjekk frå like.

Sia om kvelden var Anders med Ingri bort på låven. Han hadde vore nokonstads og gråte, kunde ho sjå, men no stod dei attmed einannan og tagde, og det rørte seg ikkje eit drag i andlete på nokon ^[243] av dem. Så sa Ingri at dei fekk gå inn att. – Ja, dei fekk gå no, sa han, men han kom ikkje. Ei god stund enda

stod han; så snudde han seg til mora, ein vaksen og fortenkt ein.

«Æ skjønna ikkj det her æ. At det skuld bli 'n Lauris som vart berga. Ha 'n *fortjent* det da?»

Ingri var lite i stand til å seie noko, ho måtte stø seg til veggen.

«Ha 'n fortjent det da, sei æ?»

«Han meint vel det han far din.»

«Jaså. Jaså det e slik. Det har kommi for mæ, for resten. Ja da så – – e det ikkj meir å snakk om.»

Han snudde seg og gjekk. – Måtte vera – – tungt! hørte ho han mumla. Han var på og skulde gå ifrå henne gong for gong, heldt seg visst ikkje bein stort lenger no, men han stana og venta henne og gjekk inn i lag med henne. Var så med henne i fjøse og stelte der.

Utfør fjøsdøra møtte dei Lauris. Dei vart ståande alle tre. – Eg tykte eg måtte sjå hit, sa han. Eg visste ikkje om eg skulde heller, men. Du ser på meg du, Anders. – Ja, eg gjer det. – Å ja, eg undres ikkje på *det*. De veit alt i hop, skjønna eg. Så slepp eg seie meir om det. Kanskje sia eingong – –

Dei tok til å gå, og han kom og vart med inn i kjøkene, sette seg på vedkassa der. – Kan vel ikkje vera noko trøyheit for dykk å sjå meg, sa han. Men eg lovte 'n Odin å helse dykk. Så det [244] måtte eg gjera. Og deg Ingri skulde eg ha snakka meir med. Kan hende det blir ho Astri som får gjera det. Eg er ingen kar til å snakke for meg når det *skal* snakkast. Vi har tenkt å hjelpe dykk det vi kan no føre gravøle, men det var ikkje det eg skulde ha sagt. – Nei, han såg på klokka –, eg kan like snart ta og gå heim att. Ein ting skjønna du kanskje, – at det er ikkje så lett å vera meg heller. *Om* eg så kunde gjera ugjort det som skulde ha vore ugjort, og usagt det som skulde vore usagt. Ja nei, de får ha godnatt! – han tok huva si og gjekk til døra.

Anders gjekk inn i stua. Da retta Ingri seg opp frå arbeide sitt og kom borttil han. Ho var bevrande bleik og retta fram handa til han, fingrane hennar brennte over neven hans.

«Takk for du kom hit!» sa ho.

Idet same kom det nokon i gangen. Det var far hennar som kom dit, han hadde hørt om ulukka.

III.

Tidna gjekk sin gang frå hus til hus. Det levna til i kvar ei krå, vakna og rørtes og var med, til bygda hadde fått eit nytt andlet. Drag for drag synte seg og skifta, frå fysnaen ved den uhuglige hendinga, gjennom lettna og uvissa og sorg og mangt anna, til den undrande høgtida som alle er med i, all i ein tanke.

[245] Etter kvart tok tanken ny og fast skikk og løyste seg ut i ord. Det var likferda. Den måtte bli stor. Det var all bygda si sak. Bonde eller arbeidar, det vart det same no, og hadde det ikkje i grunnen vore det heile tida med Odin levde?

Da dei kom til Ingri og snakka om det, arbeidde ho seg fort utor draumen og fram imot dem. Ho fór kvikt over dem med auga, vart så ståande og bite seg i leppa. – Eg veit ikkje eg, sa ho. Får høre kva 'n Anders seier om det. Ho gjekk ifrå dem og leita han opp.

«Ja?» sa han. «E det noko for mykji da?»

«Nei, men. Det kom så rart for mæ. At dem verkeli *vil* det da? Ette alt i hop?»

«Let dem klem i veig med dem løsta – – ka anna e dem te? Dem mein det da vel nok.»

Ho måtte smile, for han var så lukkelig hatsk der han stod. Han hadde set dem for lenge sia: dei kunde ikkje vera ansles. Kanskje han heldt av dem, inst inne, slik Odin gjorde det?

Astri var frisk og på føtene vonoms fortare. Bleik var ho og lite *til*, men det merka ho ikkje, og før dei vardest, la ho i veg ut og bort til Ingri. Dei var på låven og såg like, og sia sat dei inne til langt på dagen. Det dei skulde snakke om, let dei vera; dei snakka heller om gravøle. Astri baud til at det skulde stå hoss dem, for der var det rom nok, for all bygda, og den var ikkje til å undgå den her gongen. – Visst det ikkje gjer deg vondt? [246] la ho til. – Å nei, sa Ingri. Det skal meir til enn det, no. – Det er ikkje for det at eg vil samle folke til oss, sa Astri. Herre gud, det

ligg langt attanfor oss no det. Ein gammal draum berre. Men du, Ingri, du forstår meg: at no først kjem *hans tid*. Vi har gitt oss, det skal vera som eit lite tegn på det. Ja ja, eg kan ikkje seie det ansles, men du skjønner meg, gjer du ikkje det? – Å jau. Berre eg får 'n Anders til å skjønna det?

Ingri sat som ho ikkje hørte etter. Berre kinna fekk ein liten dâm av blod somtid. Ho reiste seg, gjekk ein sving gjennom stua, kom bort til Astri att, og best det var la ho handa på hovude hennar. Ho skjein over alt andlete. Målet klang skjelvande lyst og langt bortifrå:

«No e 'n Lauris ein annan mann, Astri?»

Astri kvitna. Det var så vidt ho sat. Som snarast for harmen opp i henne, men ho bar han ikkje, ho seig i hop i stolen og såg opp på Ingri.

«Han e det,» sa ho stilt. «Ein annan mann ja. Så sant som æ e eit anna menniskj.»

Og slik var Lauris å sjå til, syntes folk. Han gjekk still i kring som han hadde gjort, men han var ansles når han såg på ein og ansles når han snakka; han *var* ein annan mann. Og bra var det, meinte dei, for dei kunde ikkje nekte han hadde vore ein eitel og ein mørkvoren kar. Astri kunde vera glad at det var så lite Lauris i gutane deira. Det måtte vera som han Odin sa, at der var noko godt i 'n Lauris òg. – Ja, folk tek da tukt, sa ^[247] gamle Iver Vennestad da han hørte dei nemnte det. Resten mumla han berre, han gjekk og mumla og murra all dagen mest etter han hørte om ulukka. – Så lenge det varar, kunde dei høre han sa somtid. Tukt og temming! murra han, han hadde vore hestetemmar i ungdommen.

Astri var ein sving hoss Ingri kvar dag før gravøle. Ein kvelden ho står og skal gå heim, seier ho: Du nemnte 'n Lauris du. No kjem likferda snart. Da vil han stå fram og fortele, – eg trur han vil fortele alt frå først til sist. Til det at 'n Odin gav 'n live ja.

«Nei nei nei, Astri!» ropte Ingri. «Nei, høyr du, det må ikkj skje!»

«Ja sei du ò det? Har tenkt på det samma æ. Men han synes han må det?»

«Han Odin ha aldri gått med på det – – han Anders gjer oppstyr, æ kjenni det på mæ!»

«Ser det no ja,» sa Astri for seg sjøl. – Vi har for resten ein tyngre gang å gå i kveld, vi.

Da ho kom heim, skikka ho bud etter Lauris og bad han å kammerser. Ho såg straks at han visste kva ho vilde. – Det var vel så dei skulde ut eit erend i kveld da? sa ho. – Ja skulde ho vera med da? – Ho tykte ho skulde det ja. Dei var to om det. Han hadde vel fått i pengane? – Jau, han hadde dem ferdig; med renter og alt ja. Rota til og betalte låna hans Engelbert med det same; så var *det* gjort.

Dei klædde på seg og fór. Dei tok kjerra, og [248] sat i breidd som to gamle folk. Dei kjørte gangande mest all vegen austover til Engdalen, gjennom heile bygda. – Eg trur dei veit erende vårt, alle vi møter, sa Astri. Slik ser dei ut. – Åja da. Og veit dei det ikkje, så får dei vita det. – Hadde det enda ikkje vore *dit* vi skulde. – Hadde ikkje *vore* noko da, ser du. Men det går, det går! som 'n Odin seier, – som han sa, meiner eg.

Ola Engdalen var formann i styre for gamleheimen, så det var han som skulde ta imot pengane. Han hadde all tida set så rart frå Lauris til Astri, ho hadde mange gonger meint han rista på hovude til henne, og det hadde plaga henne til å sjå *over* han. Da smilte han inni det mørke skjegge sitt. Men i grunnen kom det ifrå kona hans, for ho var dokterdotter og heldt seg stor imot alle i bygda; og Astri hadde ho stødt vore litt for blid imot, på skrås ovanfrå, med smale auga. Så var ho ikkje større like vel, enn at det som kom til henne, det kom ut over heile bygda.

Og bygda laga seg til høgtid. Det var eit stort tegn at dei fekk snø. Ein kvelden kom han dettande, så bevrande fint og så tett, fullt av kvite herligheita all lufta bortgjennom, og dagen etter var det gildaste føre og uventa fint vêr.

Men det vart ikkje frå Håberg dei song Odin ut. Det var bygda som heldt gravøle, og dei måtte halde det i ungdomshuse. Det hadde vore hans hus å kalle, og sjøl hadde han vore berre ungdommen, hadde aldri rekna seg for anna, så der hørte [249] han til. Men det skulde vera dei eldre som bar han til grava.

Dei kom og bad Lauris. Han sa nei. Astri tok han for seg på tomanns-hand, – han var da sterkare kar enn som så? Og i grunnen var det da ein ven og ikkje ein fiende? Han klipte tørt og trøytt med auga. – Eg er ikkje *til* det, Astri. Eg er ikkje

den du har trudd nei. – Eg undres ikkje på deg, sa ho. Men ho snudde seg i døra og såg på han; så gjekk ho utan å seie eit ord meir. Lauris gjekk etter, og sa ifrå at han fekk gjera det like vel.

Dagen før gravøle vart folk ståande og undra seg, så godt vêr var det. Det var så stilt det rørte seg ikkje ei fjør, det var blikkande sjøen og blåblide himmelen, og urørte nysnøen på alle fjella og skogen og jordene rundt; så djupt hadde aldri himmelen blåna over det før. Og slik spegla det seg i auga på folk, så djupt og så lyst i same stunda, dei visste ikkje sjøl av det. Anders var den einaste som såg det. Han fór over dem, alle han møtte, stilt og småøyd. – Dei bur seg til helg, sa han med seg sjøl.

Men da folk vakna likferdsdagen, stod det i eitt folk millom himmel og jord. Kvitaste uvêrsblinda tok imot dem. Da smilte Anders, frå mora til Astri og dei andre som var der. – Kva seier du til det, Anders? Det var Astri som spurte. – Lat det blåse, seier eg. Dei stussa ved det først, slik dei gjorde imot våre ute; men sia lettna dei i andleta ^[250] og fekk lysnaen av ein smil dei med, for dei kjente det som han kjente det, at slik skulde det vera i dag: Dei fekk komma og følge Odin dei som lysta.

Dei kom og kom, kjørande og gåande, både austant og vestant, dei kava seg fram og kom, så huse vart for lite. – Eg visste dei kom, sa Astri med Ingri, dei gjekk arm i arm fram og sette seg.

Presten tala, og lensmannen la på dei første kransane, sia var dei fram mann for mann, og kvar ein skulde seie nokre ord. Kista vart gjømt under kransar, og enda var det mange att. – Bra at dei ikkje skryter verre, tenkte Anders. Dei ser meg sannelig ut som dei *meiner* det.

Kirkeklokka arbeidde imot vinden og snøvêre i ein vonlaus strid. Somtid var ho kvævd og kom bort, men gong for gong kom ho att og song ut over det lange kvitgråe folketoge, det hørtes som det opna seg nye portar for henne, det skulde fram det ho vitna om.

Anders stod still og atlaten og stirde ned i grava. Mora tyngde i armen hans gong og annan. Astri brast i gråt og måtte stø seg til Ingri, som var henne nærmast, men ho retta seg snart opp att. Lauris stod eit stykke bakom. Han flytta

føtene alt i eitt, men fram til grava kom han ikkje. Ein av dei siste var Iver Vennestad. Han arbeidde seg framtil bustut og vêrsliten, tok av seg huva og vart ståande og glømme seg bort, med snøen bråna og draup nedetter andlet og skjegg på han. [251] Så rørtes leppene på han; det var einkvart han sa, men berre Anders var så nær han hørte det. Han sa med gammalt, tynnt mål:

«Hvil i fred!»

Han var den siste som gjekk frå grava. Han kara bortpå med skotåa ein moldklomp som hadde vorte liggande att.

Dei andre var alt langt på vegen derifrå. Vêre tok dem med seg, syntes Anders. Herredsstyre og fabrikkfolka og alle dei lag som i bygda var, hadde slege seg saman og heldt gravøle i ungdomshuse; der stod alt middagen og venta. Astri sa med Ingri: Er du godtil å bli med dit da, meiner du? – Eg får da vera det, sa ho. Hørte aldri anna enn at *han* var godtil. Og så har eg – – visst om allting før. Frå første tida. At eg skulde miste han, meiner eg.

Huse var fullt av lange matbord og mathuga folk.

Og folk snakka og folk åt, og vêre dura kring veggene. Anders gjekk frå romme sitt oppmed mora og klemte seg ned ved nedre bordenden breiddmed Per, bror sin, og Lauris-gutane. Han merka folk såg etter han, og at det gjorde mora vondt, men han var ikkje ansles godtil. – Eg vilde ikkje sitte der som ein brurgom, sa han; det er da ikkje brøllopp, veit eg? Eller kanskje det er det lel, dei ser meg slik ut. Det vantar berre dei skulde halde tale att.

Det var ikkje lenge etter, så reiste ein mann [252] seg og tok til ords. Det var ordføraren i grannebygda, ein stor og staut gammal kar. Han hadde ikkje komme til å seie mange ord ved båra, han vilde få seie det no det som låg han på hjarte. Han fekk det vakkert til etter kvart; det var få som sat tør-øygde.

Anders vart bleik ein augneblink, han sette knivskafte hardt i bordplata, heldt på å reise seg og vilde komma seg ut. Da ser Per opp i andlete på han og undres: Likar du ikkje den her maten da, Anders? – Anders ser stort og ransakande kring alle borda, tek så auga inn att og seier: Det ser da ut til at dei likar maten, folk, – han er skjeiv i munnvikene og har bevrande rukker oppgjennom panna. Han sit still og hører etter eit tak, og litt om senn får han att det same drage; han mumlar

over tallerken sin: Ei ny tid, seier han? Skal det bli ny tid no igjen? Eit nytt syn, seier han, ei ny verd – – det var ikkje lite heller. *Nye ætter?* kva er det for slag? Nye ætter vart det vel før òg. Og så *livsverke* hans far ja, eg sat og venta på det. Kva er det dei våsar om – kva veit *dei* om det? Han såg opp att, borda rundt. Folk var tekne all igjenom, ærlige andlet alle stads. Slik er dei i dag, tenkte han. Men han måtte heilt opp til øvre bordenden før auga fann haldande feste. Mora prøvde visst å smile til han, men ho var ikkje i stand til det. Astri løfta brunene imot han, opna andlete imot han, syntes han, ho forstod han og heldt med han. Lauris ^[253] såg berre på han, men det var lite om å gjera at han ikkje gjekk bort og tok han i handa; han kunde be han eta litegrand like vel.

Da såg han mora klara ikkje sitte der stort lenger. Han skyndte seg til henne, hjalp henne ut og tok henne med heim. – Nei, du må halde i meg, hell så tek vinden deg, sa han.

Noter:

[n1.](#) i aftes ɔ: i gårkveld.

[n2.](#) fråkt ɔ: frægt.

[n3.](#) seier:] *rettet fra:* seier (*trykkfeil*)

[n4.](#) moldvond: jordrotte (vond).

[n5.](#) søbær: sørlig.

[n6.](#) solskine] *rettet fra:* sloskine (*trykkfeil*)

[n7.](#) Nordlandsfembøring] *rettet fra:* Nordlandsfembørig (*trykkfeil*)

[n8.](#) bringa] *rettet fra:* brigna (*trykkfeil*)

Olav Duuns *I stormen* er lastet ned gratis fra bokselskap.no

